Kollektivtrafikken, vil på samme vis som øvrig trafikk, få bedre fremkommelighet ved realisering av denne planen.

## 8.6 Barn og unges interesser

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen ble fastsatt av Miljøverndepartementet 20. september 1995 som en del av den norske tilretteleggingen for å oppfylle forpliktelsene i FNs barnekonvensjon, ratifisert av Stortinget 8. januar 1991. Formålet med retningslinjene er å synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven, og dermed sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger.

Ved realisering av denne planen vil forholdene for barn og unge som ferdes i Skarabakken forbedres vesentlig. Skarabakken binder sammen Fosnavåg sentrum med området ved Myklebustvatnet. Området ved Myklebustvatnet har kirke, videregående skole, badeland, butikker og et stort boligområde. Eneste vegen inn til Fosnavåg er via Skarabakken. Det er i dag kun et smalt fortau på den ene siden av vegen. Ved realisering av denne planen vil det bli dobbeltsidig fortau, noe som øker trafikksikkerheten betydelig for de mjuke trafikantene, blant annet barn og unge som må ferdes her daglig til og fra skole og fritidsaktiviteter.

## 8.7 Landskap

Skarabakken vil følge dagens trasé med noen justeringer, men breddeutvidelse og noe endret kurvatur gir likevel de konsekvensene at to hus, Vågsgata 50 og 11, må fjernes. Utvidelsen er gjort på en slik måte at vegen skal følge terrengets kurver, murene skal ikke dominere og færrest mulig hus må bort som følge av tiltaket. Linjeføringen er myk og følger de store landskapsformene, og siktlinjene gjennom landskapet framstår som uendret. Dagens særpreg med vegen som svinger seg ned dalsida mellom husene og den karakteristiske portalfunksjonen som Skarabakken har ved ankomst Fosnavåg ivaretas.

Vegen vil også etter tiltaket ligge svært nær husveggene i Vågsgata 2, 6, 10 og 12, men for beboerne vil situasjonen likevel bli noe bedret da det blir etablert et 3 m bredt fortau utenfor kjørebane. Ved Vågsgata 60, 62 og 64 blir avstanden til kjøreveg noe større, med bredere fortau og adkomstparti til boligene. Skille mellom fortau og privatareal kan tydeliggjøres med kanter og rekkverk.

På østsida av vegen anlegges støttemurer i kombinasjon med skråninger, slik at vegen ikke oppleves for dominerende i landskapet. Ved boligene vil murene kunne tilpasses den enkelte eiendom og kun være synlig fra privathagene. På vestsida vil støttemurer og bergvegger dominere landskapsbildet i noe større grad enn i dag, som følge av inngrep i terrenget mot vest. Ved Vågsgata 52–64 vil adkomstene til boligene utbedres. Dette krever beslag på noe mer areal enn i dag, men gir mer lesbar situasjon for gående og kjørende. Det skal benyttes nøkterne og solide materialer, med asfaltdekke og natursteinsmurer. Dette vil gli godt inn i landskapet og reflekterer uttrykket fra sidearealene med støttemurer i de terrasserte hagene og bergvegger.

Tiltaket er samlet sett relativt beskjedent, til tross for en generell breddeutvidelse på gateløpet. Vegen vil oppleves som mer oversiktlig og ryddig, samtidig som den bevarer sin karakter og snor seg mellom husene ned bakken på samme måte som i dag.

## 8.8 Naturmangfold

Drøfting av Naturmangfoldlovens alminnelige bestemmelser §§8–12.

Samlet sett anses kunnskapen om naturtyper og vegetasjon i og rundt planområdet som god. Det er vurdert at det ikke er behov for ytterligere kartlegging av planområdet.

Utbedring av fylkesvegen vil ikke påvirke spesielt viktige naturverdier. Kravet i naturmangfoldloven § 8 om at saken skal baseres på eksisterende og tilgjengelig kunnskap anses å være oppfylt.

§ 9 (føre-var-prinsippet) er lite relevant da kravet til kunnskapsgrunnlaget i § 8 anses oppfylt.

Når det gjelder § 10 (økosystemtilnærming og samlet belastning) er det ikke kjent at det planlegges flere tiltak i dette området som kan belaste økosystemet i planområdet.

Eventuelle kostnader som skal gjøre at tiltaket gir minst mulig skade på natur er en del av vegprosjektet, og skal dekkes av tiltakshaveren, jf. § 11.

Reguleringsplanen kommer som nevnt før ikke i berøring med viktige naturverdier og vil ikke medføre skade på naturmiljøet, det er derfor vurdert at det ikke er behov for å vurdere nml. § 12 ytterligere. Generelt skal alle nødvendige inngrep innenfor planområdet utføres med varsomhet.

Spredning av fremmede skadelige arter utgjør en fare for naturlig forekommende arter, og er en utfordring i forbindelse med bygging og drift av veganlegg. I følge Artskart er det registrert platanlønn i planområdet, og parkslirekne er observert på nedsiden av vegen av vegvesenet. I forbindelse med utbygging skal dette kartlegges nærmere og det skal gjennomføres tiltak som hindrer spredning.

Ut fra en samlet vurdering knyttet til Naturmangfold §§ 8–12 er det vurdert at tiltaket ikke vil utgjøre negative konsekvenser for naturmangfoldet, og en ytterligere vurdering etter naturmangfoldloven ansees ikke å være nødvendig.

## 8.9 Kulturmiljø

Tiltaket vil ikke virke direkte inn på noen kjente automatisk fredete kulturminner eller SEFRAK-registrerte bygninger. Dersom det blir stilt krav om arkeologisk registrering for den resterende delen av planområdet som ikke tidligere er arkeologisk undersøkt og dette resulterer i funn av automatisk fredet kulturminne, må dette hensyntas i videre planlegging. Dersom konflikt ikke kan unngås og det er tilrådelig fra kulturminneforvaltningen sin side må det søkes om dispensasjon fra kulturminneloven for det/de aktuelle kulturminnene. Det er Riksantikvaren som avgjør om en slik dispensasjonsøknad innvilges eller ikke og hvorvidt det blir stilt krav om arkeologisk utgraving av aktuelle kulturminner eller ikke.

Skarabakken er en viktig del av steds- og reiseopplevelsen inn til Fosnavåg og dens kystkulturmiljø. Det bør gjøres tiltak for at breddeutvidelsen i størst mulig grad blir en naturlig del av det miljøet som er der i dag. Se øvrige kommentarer under kapittel 8.7 Landskap.



## 8.10 Støy

Gjeldende retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging er T-1442/2016. Denne skal legges til grunn ved arealplanlegging og behandling av enkeltsaker etter plan- og bygningsloven i kommunene og i berørte statlige etater. Den gjelder både ved planlegging av ny støvende virksomhet, og for arealbruk i støysoner rundt eksisterende virksomhet. I henhold til T-1442/2016 skal støy beregnes, og det skal kartfestes en inndeling i to støysoner.

Beregnet støysonekart for planlagt situasjonen er vist i tegning i vedlegg. Det er forutsatt en årsdøgntrafikk (ÅDT) på 8500 kjøretøy, hvor tungtrafikkandel utgjør 7 % og fartsgrense som i dag (40 km/t).

Dette prosjektet har som hovedhensikt å bedre forholdene for gående og syklende og da kan anbefalingene i T1442/2016 knyttet til miljø- og sikkerhetstiltak legges til grunn for vurdering av støytiltak i prosjektet. For miljø- og sikkerhetstiltak anbefaler T-1442 at det utføres støytiltak der det ligger boliger i rød støysone.

I rød sone er det 12 boliger innenfor planstrekningen, to av disse rives som følge av planen. Det er i planen ikke anbefalt støyskjermer langs fylkesvegen, da topografi, boliger veldig nær veg og eksisterende avkjørsler gjør det svært vanskelig å få til effektiv støyskjermering der. Det betyr at boligene i rød støysoner i stedet må vurderes nærmere for lokale støytiltak. For de boligene som i 2003 fikk bekostet fasadetiltak vil det ut fra kost-/nyttevurderinger ikke være aktuelt å gjøre ytterligere tiltak for å redusere støynivå innendørs.

Av tabellen under framgår det hvilke boliger som ligger i rød støysone og hvilke som i byggeplan vil bli nærmere vurdert for lokal skjerming av uteplass og fasadetiltak. Tiltaksomfang vil være avhengig av støynivå på uteplass, boligens støynivå utenfor fasade og oppbygging/tilstand på eksisterende fasadekonstruksjoner. Typiske tiltak vil være lokal skjerm ved uteplass, utskiftning av vindu og lufteventiler og eventuelt tilleggsisolering av vegg.

Tabell 1: oversikt over hvilke boliger som ligger i rød støysone og hvilke som i byggeplan vil bli nærmere vurdert for lokal skjerming av uteplass og fasadetiltak.

Adresse	Gnr/Bnr	Tiltaksvurdering i byggeplan	Kommentar
Vågsgata 64	34/213	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak år 2003
Vågsgata 62	34/111	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak år 2003
Vågsgata 60	34/126	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak år 2003
Vågsgata 52	34/90	Fasadetiltak og lokal skjerming av uteplass	
Vågsgata 50	34/98		Rives som følge av prosjektet. Fasadetiltak 2003.
Jordmor Helgas veg 17	34/183	Fasadetiltak og lokal skjerming av uteplass	
Vågsgata 59	34/521	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak 2003. Helårsbolig, benyttes som fritidsbolig
Pettervågen 2	34/64	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak 2003
Pettervågen 6	34/162	Fasadetiltak og lokal skjerming av uteplass	
Pettervågen 10	34/160	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak 2003
Pettervågen 12	34/202	Lokal skjerming av uteplass	Fasadetiltak 2003
Pettervågen 11	34/363		Rives som følge av prosjektet


## 8.11 Risiko, sårbarhet og sikkerhet – ROS analyse

Tabell 2: ROS-analyse i henhold til Fylkesmannens sjekklister

Emne		Er det knyttet uakseptabel risiko til følgende forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? <i>SVV kommentar: se avsnitt 8.11</i>		X
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge av moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus? <i>SVV kommentar: planen endrer ikkje på dette forholdet</i>		X
	F	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følge av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversvømming i lavereliggende område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkeleg sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy? <i>Kommentar: Det vil være mulig å passere området gjennom hele perioden med anleggsvirksomhet</i>	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportåre inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Kommentar: Forholdene for transport av farlig gods på strekningen vil være uendret. Når anleggsarbeidet er ferdig og den utbedret vegen er ferdig, vil forholdene være markant forbedret</i>		X
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn? <i>Kommentar: dette håndteres på normal måte i utbyggingsfase</i>		X X X X
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlige bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

## 8.12 Skredfarevurdering

Aktsomhetskartet for snøskred dekker så vidt noen områder i Skarabakken og følgelig må skredfaren vurderes.



Figur 9: Aktsomhetskart for skred

Trafikkmengden tilsier at kan tillate skred på veg hvert 100 år eller sjeldnere (Risikoakseptkriterier for skred på veg NA-rundskriv 14/08). Klimaet i Herøy tilsier at det skal vært mye til for at det skal gå snøskred som vil dekke hele sonen i aktsomhetskartet. Ovenfor vegen er det en rekke hus som har stått der i minst flere tiår. Dette tilsier at snøskredfaren nedenfor husene ikke er stor nok til at vi ikke kan bygge veien.

En skredhendelse er registrert på strekningen. Dette er et nedfall av stein fra en bergskjæring, altså en menneskeskapt hendelse og dermed et vedlikeholdsproblem. Med godt vedlikehold og bygging av bergskjæringene vil ikke nye skred fra bergskjæringene komme ut i vegen.

## 9. Gjennomføring av forslag til plan

### 9.1 Framdrift og finansiering

I høve Fylkestinget si handsaming av økonomiplan 2017–2020 13.12.2016, er det gjort følgjande vedtak om framdrift for Fv. 654 Skarabakken:

«Mindre utbetringar – andre investeringar. FV 654 Skarabakken i Fosnavåg (forskotteringsprosjekt), vert gjennomført så snart det planmessig er klarert.»

I vedtatt investeringsprogram for 2017–2023 er det rekna med ein totalkostnad for prosjektet på 27,5 mill. kr. Nytt anslag vil bli rekna når det er utarbeidd ny reguleringsplan.

### 9.2 Utbyggingsrekkefølge

Hele planen må realiseres i sammenheng. Infrastruktur i vegen omlegges først, og det lages et alternativt gangsystem for myke trafikanter.

### 9.3 Massehåndtering

Massehåndtering blir detaljplanlagt i utbyggingsfase. Dårlige masser må kjøres vekk, og det må kjøres til en del masse i forbindelse med vegfyllingene på nedsiden av Skarabakken.

### 9.4 Trafikkavvikling i anleggsperioden

På grunn av nær bebyggelse og dype byggegroper må det lysreguleres hele døgnet i forbindelse med utbygging. Det planlegges å føre myke trafikanter rundt anleggsområdet via Pettervågen. Gangfelt i toppen av bakken fjernes midlertidig. Myke trafikanter innenfor anleggsområdet må det lages en midlertidig adkomst for.

## 10 Sammendrag av innspill i forbindelse med varsel om oppstart av planarbeidet

### Fra Jan–Lennart Berge, datert 06.02.2017

Berge påpeker at vegen må være så gjennomtenkt som mulig. Berge foreslår i tillegg at det planlegges bro fra Teige til Remøy istedenfor ny bro fra Voldsund til Remøy.

*Statens vegvesen kommenterer innspill: Vegen blir planlagt etter statens vegvesen sine krav og normaler for å få bedre trafiksikkerhet for alle trafikantgrupper. Bro til Remøy er utenfor prosjektets sine rammer og mandat.*

### Fra Inge Kvalsvik, datert 06.02.2017

Kvalsvik ønsker at Skarabakken stenges og at det lages en kort tunnel gjennom Tverrfjellet.

Statens vegvesen kommenterer innspill:

*Formålet med denne planen er å få det formelle grunnlaget for gjennomføring av utbedringstiltak i for å få bedre trafiksikkerhet for alle trafikanter, både biler og gående/syklende. Herøy kommune har regulert ny innfartsveg til Fosnavåg med tunnel gjennom Tverrfjellet, men dette er et prosjekt som ikke er prioritert i fylkeskommunens investeringsprogram og gjennomføring ligger trolig langt frem i tid. Skarabakken må utbedres uavhengig av eventuelle andre vegprosjekter, og vil uansett ha en funksjon som krever utbedring i forhold til dagens tilstand.*

#### Fra Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), datert 08.02.2017

DMF kan ikke se at planen berører registrerte forekomster av mineralske ressurser av regional, nasjonal eller internasjonal verdi, bergrettigheter eller masseuttak i drift, og har dermed ingen merknader til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for fv. 654 Skarabakken i Herøy kommune.

*Statens vegvesen kommenterer innspill: Tatt til etterretning.*

#### Fra Herøy Vasslag SA, datert 16.02.2017

Herøy Vasslag gjør oppmerksom på at de tidligere i prosessen har sendt inn opplysninger om vannforsyningen til sentrum, og ber om bekreftelse på at disse opplysningene følger saken.

*Statens vegvesen kommenterer innspill: SVV har svart Herøy vasslag i email at flere av de samme fagpersonen i Vegvesenet fremdeles er med i prosjektgruppa, og at informasjon knyttet til vannforsyningen er ivaretatt. Det er videre avtalt å ta et møte i perioden med offentlig ettersyn.*

#### Fra Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 22.02.2017

NVE har ingen innspill.

*Statens vegvesen kommenterer innspill: Tatt til etterretning.*

#### Fra Harald Thorseth, datert 08.03.17

Thorseth viser til tidligere samtaler og synfaring vedr. vannproblemer på bolighuset (34/162). Thorseth skriver at han regner med at disse problemene blir løst i forbindelse med anleggsarbeidet som skal utføres i Skarabakken.

*Statens vegvesen kommenterer innspill: Vi er kjent med vannproblematikken ved det nevnte og flere andre bolighus, og dette vil bli forsøkt løst via denne planen. Arne Leikanger som du har vært i kontakt med tidligere er fremdeles med i prosjektgruppa og ivaretar informasjon fra tidligere planfase.*

#### Fra Fylkeskommunen i Møre og Romsdal, datert 06.03.17

Utsnitt fra innspillet fra Fylkeskommunen:

- Vi ønsker å gjennomføre ei arkeologisk synfaring, eventuelt påfølgjande registrering, jamfør kulturminnelova § 9.
- Vi rår nyare kulturminnes interesser til at ein utarbeider ei arkitektur/ landskapsanalyse av reise/stadsopplevinga, og nyttar denne som formgivande faktorar i det vidare planarbeidet.

*Statens vegvesen kommenterer innspill:*

*Vi avventer tilbakemelding etter den arkeologiske befaringen på om det blir stilt krav om arkeologisk registrering eller ikke.*

*Til grunn for bearbeidelsen av vegen i landskapet ligger en forståelse av vegens identitetsgivende funksjon for stedet Fosnavåg. Tiltaket er relativt beskjedent og traseen vil i stort følge dagens linjer. Selv om breddeutvidelsen og justering av horisontal- og vertikalkurvatur medfører fjerning av to hus vil fremdeles særpreget til Skarabakken opprettholdes: vegen kurver seg ned bakken, tett innpå husene til både høyre og venstre, sideterrenget ligger tett på ovenfra med dalen på nedsiden litt friere, før man kommer ned til selve vågen og sentrum med sin egen karakter.*

*Tiltaket har ikke gitt rom for store endringer i forhold til dagens situasjon, og vi har således ikke utarbeidet en egen analyse i dette planprosjektet. Forståelsen av landskapet ligger imidlertid til grunn for vår etterstrebeelse av å gjøre tiltaket mest mulig tilpasset stedet.*

*Dersom det er behov stiller vi gjerne til dialogmøte for å diskutere detaljene med rådgiver hos Kulturavdelingen.*

#### Fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 08.03.17

Fylkesmannen påpeker at det må gjennomføres en ROS-analysen (jf. PBL 4-3) og at områder med fare må merkes av i plankartet (jf. PBL 12-6).

*Statens vegvesen kommenterer innspill: ROS-analyse er gjennomført og fareområde (høyspentanlegg) er avmerket i plankartet.*

## 11 Sammendrag av innspill i forbindelse med offentlig ettersyn av planforslag

Formannskapet i Herøy kommune stilte i forbindelse med utleggingen til offentlig ettersyn spørsmål til om det var mulig å erstatte fortau med gang- og sykkelveg på den ene siden av vegen, samt om man kunne senke vegen ved forsamlingshuset. Statens vegvesen har svart formannskapet at senkning av vegen ikke har vært en del av prosjektet, da dette vil bli ganske omfattende og være utenfor prosjektets rammer. Senkning av vegen vil skape utfordringer med hensyn til tilkomst til bebyggelsen på begge sider av vegen samt i forhold til den omfattende infrastrukturen av ledninger og rør som er i bakken i dette området. Det er generelt trangt om plassen i Skarabakken. Bolighus står tett inn til på begge sider. Vegen er planlagt som gateprofil med fortau. Går vi vekk fra gateprofilet er det blant annet andre krav til stigning.

### Fra NVE, datert 05.05.17

Ingen merknader

### Fra fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 09.05.17

Ingen merknader

### Fra Idar Frøystad, datert 22.04.17

Grunneieren (34/126) ønsker at de tre husene på eiendom 34/213, 34/111, 34/126 innløses, og gjør videre oppmerksom på at garasjen til 34/126 er i daglig bruk og at det er ønskelig at den fortsatt skal være det.

*Kommentar fra Staten vegvesen: vi har hatt kontakt med grunneieren og forklart at fylkesvegen kommer lengere vekk fra de tre nevnte husene enn slik den ligger i dag. De tre husene vil ikke bli innløst. Planen endrer ingenting i forhold til den nevnte garasjen.*

### Fra Harald Thorseth, datert 10.05.17

Grunneieren (34/162) har spesifikke innspill i forhold til utforming og utførelsen.

*Kommentar fra Staten vegvesen: Dette er detaljer som ikke bestemmes på reguleringsplannivå, men Statens vegvesen vil fortsette den gode dialogen som vi har hatt med grunneieren så snart vi går i gang med byggeplan, og gjennom den bli enige om detaljene. Vi har god tro på at alle vil bli fornøyd.*

### Fra Oddrun Leikanger og Sverre Sande, datert 10.05.17

Grunneierne (34/304) ønsker to stk 160 mm utstikk for overvann, et i hvert hjørne av tomta, samt rystelsemåler med GPS og mobilvarsling i anleggsperioden på huset. Videre ønsker grunneierne å være med å diskutere høyde på muren mot eiendommen.

*Kommentar fra Staten vegvesen: Dette er detaljer som ikke blir bestemt i forbindelse med reguleringsplan, men vi vil fortsette den gode kontakten på byggeplannivå. Vi har god tro på at alle vil bli fornøyd med den nye planen.*

### Fra Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 10.05.17

Samferdselsutvalget godkjenner fravikssøknaden med 8 % stigning på fortau. Det oppfordres likevel til at man prøver å gjøre fortauet så universelt utformet som mulig. Kulturavdelingen har synfart området og det er ikke stilt krav om arkeologisk registrering. Med hensyn til kulturminner fra nyere tid er fylkeskommunen opptatt av at detaljeringen videre i prosjektet blir gjort slik at vegen ikke blir for dominerende i dette tette miljøet. Fylkeskommunen ber om at barn og unge blir ivaretatt i planarbeidet og det oppfordres til at Vegvesenet tar kontakt med barnerepresentanten i kommunen.

*Kommentar fra Statens vegvesen: Barn og unge er nå omtalt i et eget avsnitt (avsnitt 8.6) i planomtalen, og barnerepresentanten i kommunen er kontaktet.*

### Fra Barnerepresentanten i Herøy kommune, datert 14.05.17

Barnerepresentanten er glad for denne planen. Det er svært viktig at mjuke trafikantar no får ein langt tryggare veg gjennom Skarabakken, og særleg er det bra at skuleborna no kan gå til skulen langt tryggare enn før.

Det er bra at det blir fortau på begge sider av vegen slik vi unngår unødig med kryssingar. Ber om at fortauet blir høgare oppe enn køyrebanen, samt at de tenkjer nøye over kvar de etablerer fotgjengarovergangar. Særleg kryssinga på toppen av bakken i dag er farleg.

Det er viktig at sikkerheit vert ivaretatt på alle punkt.


*Kommentar fra Statens vegvesen: Fortauet er planlagt med 13 cm høy kantstein. Fotgjengerovergang reguleres ikke inn i reguleringsplanen.*

### Fra Erling Hestholm, datert 12.05.17

Hestholm er eier av Pettersvågen 2, og gjør oppmerksom på at de kan være villige til å selge huset sitt hvis det kan gjøre det lettere å få til en god plan i Skarabakken.

*Kommentar fra Statens vegvesen: det er i utgangspunktet ikke planer om å innløse dette huset.*

## Herøy kommune



Forslag til

# Planføresegner

## Detaljregulering for fv. 654 Skarabakken

Planidentifikasjon: 201704  
Planutkast datert: 16.03.2017  
Revidert etter offentlig ettersyn:  
Vedtatt i kommunestyret:

### §1 AVGRENSING OG FØRMÅL

#### 1.1 Planavgrensning

Det regulerte området er vist med plangrense på plankart datert 16.03.2017. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innanfor plangrensene.

#### 1.2 Føremål med planen

Reguleringsplanen er både eit miljø- og trafikksikkerheitstiltak og eit framkomelighetstiltak som legg til rette for betre framkomelighet og sikkerheit for alle trafikantgrupper. Kjøyrebanen utvides, horisontal og vertikalkurvatur forbedres og det etableres tosidig fortau.

#### 1.3 Planområdet - arealformål og omsynssoner

Planområdet er regulert til følgjande formål og omsynssoner:

*Bygningar og anlegg (pbl §12-5 nr. 1)*

- Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS

*Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)*

- Køyreveg, SKV
- Fortau, SF
- Parkering, SPA
- Anna veggrunn – tekniske anlegg, SVT

*Omsynssoner (pbl § 12-6)*

- Faresone - høgspenningsanlegg (H370\_)

### § 2 FELLESFØRESEGNER

#### 2.1 Landskapsbehandling og terrengbehandling

Området skal kartleggast for svartelista planteartar før anleggsstart. Eventuelle svartelista artar skal fjernast i samsvar med Statens vegvesen sin strategi/handlingsplan for framande artar. Jordmassar frå stader med slike artar skal ikkje bli brukt om att eller til eventuell revegetering.

Det nye veganlegget skal vere best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terreng, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. Alle areal knytt til veganlegget skal bli stelt til og tilsådd.

Murar skal vere oppført i naturstein og ha eit heilskapleg uttrykk på strekninga.

Alle sideareal skal vere sett i stand seinast i løpet av sommaren etter at veganlegget er ferdistilt. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet.

#### 2.2 Kulturminne

Dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og ein skal omgåande gi beskjed til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

#### 2.3 Støy

Føringane for «miljø- og sikkerhetstiltak» i «retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)» skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Det framgår av tabell i planomtalen hvilke bustader som vil få tilbod om nærare vurdering av lokale støytiltak i byggeplan. Målet er å tilfredsstille 55 dB (L<sub>den</sub>) på lokal uteplass og dersom støynivået inne i rom med støyfølsom bruk er over 35 dB (L<sub>eq24h</sub>) er målet etter tiltak 30 dB.

Støytiltaka skal praktisk kunne gjennomførast og kostnaden skal stå i rimeleg forhold til støyreduksjonen. Eventuelle avvik frå grenseverdiane gitt over skal dokumenterast og grunngivast.

#### 2.4 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.

#### 2.5 Frisiktlinje ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegplan.

#### 2.6 Byggegrense langs offentlig veg

Byggegrense langs offentlig veg følgjer av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i plankartet, eller er fastsett i tilgrensande reguleringsplanar.

### § 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

#### 3.1 Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS

Område for frittliggande småhus med maksimal utnyttingsgrad pr tomt BYA 40%.

### §4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### 4.1 Generelt

Innanfor trafikkområda skal det anleggast køyreveggar, parkeringsplass og fortau. Regulerte avkøyrslar og tilkomstveggar gjeld berre for eksisterande bebyggelse.

#### 4.2 Køyreveg, o\_SKV

Kjøreveg merka o\_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder og kryssområder. Det er ikkje tillate med andre avkøyrslar til veggen enn dei som er vist på plankartet.

#### 4.3 Fortau, o\_SF

Områda skal nyttast til offentleg fortau.

#### 4.4 Parkering, SPA

Plassen skal nyttast til offentleg parkering.

#### 4.5 Annan veggrunn – tekniske anlegg, o\_SVT

Område merka o\_SVT kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk og mur langs køyrevegen. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet. Områda o\_SVT er offentleg areal.

### § 5 OMSYNSZONE

#### 5.1 Faresone - høgspant (H370\_)

Innanfor omsynssone høgspantanlegg kan det ikkje iverksetjast bygge- eller anleggstiltak av noko slag utan godkjenning frå eigar av høgspantanlegget.

### § 6 OMRÅDEFØRESEGN

#### 6.1 Mellombelse anleggs- og riggområde

Område merka #1 kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, m.a. mellombelse anlegg, lagring av utstyr, massar, stadeigen vegetasjon mv. Når området blir tatt i bruk, skal det vere sikra på forsvarleg måte.

I områda kan det ikkje settast i verk tiltak som er til hinder for gjennomføring av reguleringsplanen.

Når veganlegget er ferdigstilt fell områdeføresegna bort.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/606
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
81/17	Formannskapet	24.05.2017
	Kommunestyret	22.06.2017

### GNR 34 BNR 363 - KJØP AV EIGEDOM

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre kjøper gnr 34 bnr 363 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 27.04.2017.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 4 200 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 4 200 000,-

Særutskrift:  
Økonomi

**Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 Berge-Vedlegg1
- 2 Berge-Vedlegg2
- 3 Berge-Takst
- 4 Matrikkelbrev

**Samandrag av saka:**

Herøy kommune kjøpar eigedomen gnr 34 bnr 363 med bygningar. Bygningane på eigedomen skal rivast då ny vegline i Skarabakken kjem i konflikt med eigedomen. Eigedomen skal vidare overdragast til Statens vegvesen til takst.

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen samarbeidar for å få til ei ny vegløyning for Skarabakken. Det vert/er utarbeidd ny reguleringsplan som sikrar ny vegline og i denne forbindelse er det naudsynt å rive to hus.

Etter avtale med Statens vegvesen skal Herøy kommune erverve gnr 34 bnr 363 for så å selje vidare eigedomen til Statens vegvesen. Videresalet skjer til takstpris som vist i takstrapport datert 6.4.2016

**Vurdering og konklusjon:**

Det er ført forhandlingar med grunneigar og ein har kome fram til omforent avtale som ligg som vedlegg til saka. Formannskapet er informert løpande om grunnervvervsprosessen og har tilslutta seg denne.

Overdraginga av eigedomen er planlagt 5/1-2018.

Rådmannen rår Herøy kommunestyre til å godkjenne den framlagde grunnskjøpsavtalen slik den ligg føre.

Fosnavåg, 10.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



# STANDARDKONTRAKT

## KJØP AV EIGEDOM

**Kjartan Bjørn Berge (seljar)**  
PB233  
6099 Fosnavåg

Fødselsnr. 

**Herøy kommune (kjøpar)**  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

og

Org.nr.: 964 978 840

er det inngått slik kontrakt om sal av bebygd eigedom:

### 1. EIGEDOMEN

Seljar overdreg hermed eigedomen gnr. 34 bnr. 363 med adresse Pettervågen 11 i Herøy kommune med hus, mur.

Seljar overdreg hermed eigedomen til kjøpar.

Eigedomen som seljast er vist på matrikkelbrev av 04.04.2017 i vedlegg 1. Kartet er av orienterende art og kan ikkje nyttast som bevis ved ein eventuell grensetvist.

*Eigedomen har eit samla areal på 1136 m2 etter matrikkelbrev av 04.04.2017.*

*Eigedomen er i samsvar med arealplan regulert til bustadføremål.*

### 2. KJØPESUMMEN

Som kjøpesum betalar kjøpar kr 4 200 000.-

Kjøpesummen er endeleg og skal ikkje regulerast for eventuelt arealavvik.

### 3. OMKOSTNINGAR

I tillegg til kjøpesummen, betalar kjøper alle kostnader knytt til overdraginga av egedomen, herunder dokumentavgift til staten, tinglysingsgebyr, kostnader til oppmåling og frådelling samt eventuelle andre kostnader.

Desse kostnadane er berekna til:

Dokumentavgift til staten (2,5 % av kjøpesum)	kr.	105 000,-
<u>Tinglysingsgebyr skøyte</u>	<u>kr.</u>	<u>525,-</u>
Sum	kr.	105 525,-

Omkostningane vert fakturert kjøper direkte frå Statens kartverk og er seljar uvedkomande.

### 4. PÅKRAV OG OPPGJER

Kjøpesummen, jf. pkt. 2 ovanfor, skal innbetalast til seljar sin konto: 6566.09.50081 innan overtakingsdato.

Dersom kjøpesummen ikkje er innbetalt i sin heilskap innan overtakingsdato, betalast forsinkelsesrente frå overtakingsdato til betaling skjer. Forsinkelsesrente fylgjer forsinkelsesrentelova §3.

### 5. OVERTAKING – RISIKOOVERGANG – PRO & CONTRA

Egedomen skal overtakast 05.01.2018.

### 6. KART- OG DELINGSFORRETNING

Egedomen er oppmålt og frådelt som eige gards- og bruksnummer.

### 7. HEIMELSOVERFØRING

Seljar pliktar å signere skjøte for egedomen til kjøper innan overtakingsdato.

**8. EIGEDOMENS TILSTAND – SELJARS OPPLYSNINGAR – KJØPARS  
UNDERSØKINGAR**

Eigedomen seljast slik "den er", jf. avhendingslova § 3-9 (lov 1992-07-03-93).

**9. HEFTE**

Eigedomen seljast fri for pengehefte. Kjøpar er kjent med og overtek eventuelle andre hefte som kviler på eigedomen utan frådrag i kjøpesummen.

**10. PARTANE SI UNDERSKRIFT**

Denne avtalen er utstedt i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane:

27/4-2017  
Dato

\_\_\_\_\_  
Dato

Kjartan Berge  
For seljar

\_\_\_\_\_  
For kjøpar

Kjartan B Berge

Herøy kommune



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/1219
		Arkiv:	V60

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/17	Formannskapet	24.05.2017
	Kommunestyret	22.06.2017

### MYKLEBUSTÅSEN - SPØRSMÅL OM OREIGNING AV GRUNN

#### Tilråding:

1. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utgreie sak om oreigning av naudsynt veg og trafikkareal slik som det går fram av saka.
2. Det skal inngåast eigen avtale om at Myklebuståsen Utbygging dekkjer alle kostnader Herøy kommune får i samband med denne saka.

Særutskrift:  
Adv. Knardal

## **Vedlegg:**

- 1 Kart
- 2 Førehandsinntreden
- 3 Verdivurdering av grunnareal
- 4 Myklebuståsen II - Utbygging - Status for grunnverv til veg med tekniske anlegg - oreigning
- 5 Vedtak i klagesak - reguleringsplan for Myklebuståsen II

## **Samandrag av saka:**

Myklebuståsen Utbygging AS vil starte utbygging av byggjeområdet i Myklebuståsen som vil medføre eit stort løft og ei stor bustadutbygging i Herøy i samsvar med vedtekne reguleringsplanar. Det er inngått avtale om grunnkjøp med fleire av grunneigarane, men det gjenstår nokre eigedomar der dette ikkje har lukkast. Ein ber difor om at kommunen oreignar den gjenståande veggrunnen.

Ei oreigningssak står på eigen «kjøl» med eiga administrativ og politisk handsaming av spørsmål om oreigning. Rådmannen rår til oreigningss spørsmålet vert utgreidd.

Ein legg til grunn at det vert inngått eigen avtale mellom Herøy kommune og Myklebuståsen Utbygging AS der sistnemnte dekkjer kommunen sine kostadar med grunnvervet.

Saka vert lagt fram for kommunestyret for prinsipiell drøfting og avgjerd.

## **Saksopplysningar:**

Det vert vist til vedteken reguleringsplan 200102 Myklebuståsen og reguleringsplan 201277 Myklebuståsen II i kraft 23.02.2012 og at Myklebuståsen Utbygging AS vil starte utbygging av byggjeområdet i Myklebuståsen. Utbyggjar legg vekt på at utbygginga vil medføre eit stort løft og vil vere ei stor bustadutbygging i Herøy i samsvar med vedtekne reguleringsplanar.

For å kunne byggje ut, må ein ha veg med tekniske anlegg til utbyggingsområdet. Vegen med tekniske anlegg er godkjent i gjennom stadfesta reguleringsplan.

Når vegen og tekniske anlegg er ferdigstilt, er det planlagt at denne skal overtakast av kommunen. Denne vegen med anlegg vil elles ikkje berre vere til fordel for Myklebuståsen, men for heile området viser utbygger til. Ein viser då til kunngjering frå Herøy kommune 05.12.2016 med varsel om oppstart av forhandling av utbyggingsavtale for Myklebuståsen.

Myklebuståsen Utbygging AS har inngått avtale om grunnkjøp med fleire av grunneigarane, men det gjenstår nokre eigedomar der dette ikkje har lukkast. Ein ber difor om at kommunen oreignar den gjenståande veggrunnen.

Grunneigarane har vore innkalla til individuelle forhandlingsmøte der Myklebuståsen Utbygging AS har sett fram konkrete pristilbod som går fram av protokollane frå møta. I forkant av tilboda og forhandlingsmøta innhenta utbyggjar uavhengig

verdivurdering av takstmann Trond Ose av 24.11.2016 som har vurdert verdien på permanent grunnerv, midlertidig beslaglagt areal og permanent klausulert areal for dei aktuelle eigedomane.

Adv. Knardal som representerer Myklebuståsen Utbygging AS har dokumentert med protokollar både innhald i drøftingar og konklusjon for grunnervet.

**Desse har samtykka til frivillig grunnavståing:**

Gnr 36 Bnr 4 - Knut Petter Vike  
Gnr 36 Bnr 7,36 og 100 – Reidar Moltu m.fl  
Gnr 36 Bnr 2 – Kjartan Paulsen  
Gnr 37 Bnr 450 – Berge Eigedom AS  
Gnr 37 Bnr 10 – Joakim Myklebust  
Gnr 37 Bnr 378,461 og 463 Franzten Maskinstasjon AS

**Desse har ikkje samtykka til frivillig grunnavståing:**

Gnr 37 Bnr 11 – Leif Myklebust m.fl  
Gnr 36 Bnr 4 og bnr 58 – Rune Paulsen m.fl  
Gnr 36 bnr 44 og bnr 66 – Jorunn Britt Paulsen m.fl

**Desse er det ikkje naudsynt å inngå avtale med/oreigne:**

Gnr 36 bnr 31 og 11 – Johnny H Ingebriksen  
Gnr 36 Bnr 18 – Mona O Hammer  
Gnr 37 Bnr 413 – Runar Smådal

AG Plan og Arkitektur AS har utarbeidd eit grunneigarkart der det tydeleg går fram dei areal der det ikkje har lukkast å inngå frivillig avtale, jf. vedlegg. Av kartet går det fram kva areal som ein ber om vert oreigna for permanent og midlertidig erverv for kvart gnr. og bnr., og kva restareal som vert att på kvar eigedom. Areal som skal ervervast som "midlertidig erverv" gjeld areal som er regulert til bustadføremål, men som er føresett nytta til skjering og fylling til vegbygginga. Til det midlertidige ervervet må det difor knytast nødvendige vilkår i høve dette.

Myklebust Utbygging AS ber om at kommunen medverkar til at grunnen kan takast i bruk før endeleg oreigning, jf. oreigningslova § 25. Ei førehandstiltreding meiner ein vil vere rimeleg m.a. ut frå ekspropriasjonen sitt art og omfang, den samfunnsmessige betydninga av tiltaket og dei ulemper ei førehandstiltreding vil kunne medføre.

Det vert her vist til at kommunen har føreteke ei grundig vurdering av alle sider av utbygginga ved ein nyleg vedteken reguleringsplan som også er stadfesta av Fylkesmannen.

Vidare dreier det seg om ei begrensa oreigning som berre er knytt til veg og tekniske anlegg og dei fleste grunneigarane har alt inngått frivillige avtalar. For den største grunneigaren (gnr. 37 bnr. 11) som vert utsett for oreigning er også dei fleste av dei ideelle eigarane positive til ein frivillig avtale, men sidan eigedomen ligg i eit sameige og dødsbu har det vore uråd å få til ein avtale som alle kan slutte seg til.

Advokat Knardal peikar på at vegutbyggjinga kjem dessutan dei fleste eigedomar i området til gode ved at det m.a. utløyser høve til å byggje ut eigen grunn også for dei som vert utsette for oreigning. Vidare har utbyggjinga ei samfunnmessig betydning. Det dreier seg her om ei nødvendig offentleg vegutbygging som kjem eit stort område til gode og der kommunen sine planar om betre veg er overmodne ifølgje advokaten. Endeleg er også Myklebuståsen Utbygging AS avhengig av denne vegen for å starte utbyggjing av dette store utbyggjingsprosjektet som vil vere eit stort løft for Herøy kommune.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommunestyre har den 23.02.12, under sak nr. 21/12, eigengodkjent detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føremålet med planen er å regulere ny tilkomstveg til tidlegare regulert område «Myklebuståsen» og samstundes leggje til rette for bustader på tilstøytande areal. Reguleringsplanen er stadfesta med fylkesmannen sitt vedtak datert 25.10.2013

I fylkesmannen si klagehandsaming går det fram at ein ikkje har vesentlege merknader til kommunen si saksbehandling eller den skjønsmessige arealbruksvurderinga. Ein la vekt på at ein må sjå hen til at det i stor grad er samanfall mellom dei momenta klagene er grunnlagt med og dei merknader som har kome fram undervegs i planprosessen. Kommunen har såleis ved si behandling og godkjenning av planen vore kjent med desse synspunkta. Etter dette fann fylkesmannen ikkje grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak, og klagene i saka førte ikkje fram.

Representant for utbyggjar har dokumentert at ein har prøvd å kome fram til minnelege ordningar, men ein har ikkje komne i mål med tre grunneigarar. I vedlegg til saka går det fram beskrivelse av prosessen og kart som viser kvar areal det er snakk om.

Rådmannen rår til at spørsmål om oreigning vert utgreidd og fremja for kommunestyret i eiga sak. Herøy kommunestyre har gjennom planvedtak opna opp for utbygging ved godkjent reguleringsplan og lagt føringar for framtidig utnytting i området. Spørsmål om oreigning er avgrensa til knytt til veg og tekniske anlegg.

Rådmannen legg til grunn at det vert inngått eigen avtale mellom Herøy kommune og Myklebuståsen Utbygging AS der sistnemte dekkjer kommunen sine kostnader med grunnervet. I dette ligg det at kommunen skal ha dekt alle kostnader som vedkjem erstatningar fastsett av skjønnsretten, dei lovbestemte utgiftene med skjønnet, saksøkte sine sakskostnader som er godkjende av skjønnsretten og kommunen sine advokatutgifter som ein har i samband med oreigningssaka.

Ei oreigningssak står på eigen «kjøl» med eiga administrativ og politisk handsaming av spørsmål om oreigning.


Fosnavåg, 09.05.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller





### MYKLEBUSTÅSEN 2 - GRUNNEIGAROVERSIKT

FARGE	GNR/BNR	PERMANENT ERVERVA AREAL (m²)	MIDLERTIDIG ERVERV AV AREAL (m²)	SUM AREAL TIL ERVERV (m²)	AREAL EIGEDOM FØR ERVERV (m²) Info frå matrikkel/grunnbok	RESTAREAL ETTER ERVERV (m²)	NAMN GRUNNEIGAR, ADRESSE
Yellow	37/11	6 375	2 419	8 788	45 913	37 125	MAGNUS MYKLEBUST, MFL. Toltestavegen 18, 6092 Fosnavåg
Pink	36/58	97	177	274	1 498	1 224	RUNE PAULSEN Vikevegen 12, 6092 Fosnavåg
Green	36/44	1 030	448	1 478	3 714	2 236	JORUNN BRITT PAULSEN Vikevegen 14, 6092 Fosnavåg
Light Pink	36/66	39	63	51	1 375	1 324	PER ODD PAULSEN Vikevegen 14, 6092 Fosnavåg
SUM		7 541	3 101	10 642			

### MYKLEBUSTÅSEN 2 - GRUNNERVERV

→ Gjeldande eigdomsgrensar  
 37/461 Bårdsnummer/buksnummer



REVISJONAR		DATE		SIGN	
SAKSHANDSAMING:		DATE		DATE	SIGN
Kommunestyret					
HERØY kommunereguleringssplan (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR "MYKLEBUSTÅSEN II" BUSTADOMRÅDE I HERØY KOMMUNE					

Kartblad: Kartgrunnlag: Grunnkart Herøy kommune  
 Tegnr: KG Dato: 29.03.2017 Målestokk: 1:1000 (A2)


Utarbeidd av:

**AG Plan og Arkitektur AS**

Webb: www.agplan.no  
 1010 Herøy kommune, 6092 Fosnavåg, Norge

Tekningsnummer: Revisjon:

2044-W101




### MYKLEBUSTÅSEN 2 - GRUNNERVERV

- Permanent erverv av areal
- Midlertidig bestlagt areal
- Ervervsområde ikke oppridd frivillig avtale
- Gjeldende eigdomsgrens
- 37/461 Gårdsnummer/bruksnummer
- Føreløslinjer i gjeldende reguleringsplan "Myklebuståsen 2"
- Skjering-/fyllingsareal



METER  
0 10 20 50

REVISJONAR		DATE	SIGN
SAKSHANDSAMING	DATE	DATE	DATE
Kommunestyret			

 **HERØY kommune** REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR "MYKLEBUSTÅSEN II" BUSTADOMRÅDE I HERØY KOMMUNE

Kartblad:	Tegn: KG	Dato:	Målestokk:
Kartgrunnlag: Grunnkart Herøy kommune	Ktr: KG	29.03.2017	1:1000 (A2)

Utarbeidd av:	Tekningsnummer:	Revisjon:
<b>AG Plan og Arkitektur AS</b>	2044-W100	

Herøy kommune  
Rådhusgata 5  
6090 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
REG. NR. 2016/1219	Saksbeih.
- 5 APR. 2017	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
Titel	Dist.
Saksbeih.	

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset  
Advokat Jørund Knardal  
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap  
Medlemmar av  
Den Norske Advokatforening

Volda 03.04.2017

## MYKLEBUSTÅSEN II – UTBYGGJING – GRUNNERVERV TIL VEG MED TEKNISKE ANLEGG – OREIGNING - FØREHANDSINNTREDEN

Eg representerer Myklebuståsen Utbygging AS.

Det vert synt til mitt brev av 02.02.2017 med oppmoding om at Herøy kommune oreignar grunn til veg og tekniske anlegg for å få utvida eksisterande veg og bygd ny veg i samsvar med vedteken reguleringsplan 201277 Myklebuståsen II i kraft 23.02.2012. Veganlegget er planlagt overteke av Herøy kommune, jf. kunngjering 05.12.2016 med varsel om oppstart av forhandling av utbyggingsavtale for Myklebuståsen.

Dei fleste grunneigarane har inngått frivillig avtale om grunnavståing, men det gjenstår nokre grunneigarar som ikkje har gått med på dette i dei forhandlingar som er haldne, jf. oversikt og dokumentasjon vedlagt mitt brev av 02.02.2017.

1.

For å lette kommunen sitt arbeid i førebuing av oreigning så har AG Plan og Arkitektur AS utarbeidd eit grunneigarkart der det tydeleg går fram dei areal der det ikkje har lukkast å inngå frivillig avtale, jf. vedlegg. Av kartet går det fram kva areal som ein ber om vert oreigna for permanent og midlertidig erverv for kvart gnr. og bnr., og kva restareal som vert att på kvar eigedom. Areal som skal ervervast som "midlertidig erverv" gjeld areal som er regulert til bustadføremål, men som er føresetta nytta til skjering og fylling til vegbygginga. Til det midlertidige ervervet må det difor knytast nødvendige vilkår i høve dette.

2.

I mitt skriv av 02.02.2017 går det fram at det for nokre eigedomar ikkje lenger trengst grunnerverv fordi inngrep kan erstattast av mur eller anna løysing. Eg ber om at kommunen kontrollerer dette slik at det ikkje kjem i strid med føresetnadene for kommunal overtaking av veg og veggrunn.


3.

På vegne av Myklebust Utbygging AS ber eg om at kommunen medverkar til at grunnen kan takast i bruk før endeleg oreigning, jf. oreigningslova § 25. Ei førehandstiltredeing vil vere

rimeleg m.a. ut frå ekspropriasjonen sitt art og omfang, den samfunnsmessige betydninga av tiltaket og dei ulemper ei førehandstiltreding vil kunne medføre.

Det vert her vist til at kommunen har føreteke ei grundig vurdering av alle sider av utbyggjinga ved ein nyleg vedteken reguleringsplan som også er stadfesta av Fylkesmannen. Vidare dreier det seg om ei begrensa oreigning som berre er knytt til veg og tekniske anlegg, og dei fleste grunneigarane har alt inngått frivillige avtalar. For den største grunneigaren (gnr. 37 bnr. 11) som vert utsett for oreigning er også dei fleste av dei ideelle eigarane positive til ein frivillig avtale, men sidan eigedomen ligg i eit sameige og dødsbu har det vore uråd å få til ein avtale som alle kan slutte seg til. Vegutbyggjinga kjem dessutan dei fleste eigedomar i området til gode ved at det m.a. utløyser høve til å byggje ut eigen grunn også for dei som vert utsette for oreigning. Vidare har utbyggjinga ei samfunnsmessig betydning. Det dreier seg her om ei nødvendig offentleg vegutbygging som kjem eit stort område til gode og der kommunen sine planar om betre veg er overmogne. Endeleg er også Myklebuståsen Utbygging AS avhengig av denne vegen for å starte utbygging av dette store utbyggingsprosjektet som vil vere eit stort løft for Herøy kommune.

Volda, 03.04.2017

  
Jørund Knardal  
advokat



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Bente Thornes Kosberg, 71 25 84 78 *or*

Vår dato

25.10.2013

Dykkar dato

10.07.2012

Vår ref.

2012/2435/BETH/421.4

Dykkar ref.

2012/35

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. <i>2012/35</i>	Saksbeh. <i>AKT</i>
<b>29 OKT. 2013</b>	
Ark.kode P <i>L12</i>	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. <i>22</i>
Kassasjon	

## Herøy kommune - vedtak i klagesak - reguleringsplan for Myklebuståsen II

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Fylkesmannen viser til kommunens ekspedisjon av 10.07.12.

Herøy kommunestyre har den 23.02.12, under sak nr. 21/12, eigengodkjent detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Føremålet med planen er å regulere ny tilkomstveg til tidlegare regulert område «Myklebuståsen» og samstundes leggje til rette for bustader på tilstøytande areal.

Vedtaket er påklaga av Selberg Arkitekter, på vegne av sameiet Magnus Myklebust m.fl., ved brev datert 29.03.12. Klagen rettar seg i hovudsak mot manglande medverknad i planprosessen i høve til grunneigarane innafor planområdet, samt mangelfull utgreiing av ny samleveg 3. Klagar meiner at det skulle ha vore stilt krav om konsekvensutgreiing på bakgrunn av manglande avklaring i overordna plan, og stiller seg kritisk med omsyn til dei endringane som er gjort etter offentleg ettersyn. Klagar meiner at manglane i planarbeidet har ført til ei dårleg arealutnytting og planløyising for Myklebust sine eigedomar, og at planen i stor grad har lagt til rette for at tiltakshavar sine interesser har blitt fremja på bekostning av andre grunneigarar.

Vedtaket er også påklaga av advokat Vegard Svarva, på vegne av nemnde sameige, ved brev av 30.03.12. Klagen rettar seg i det vesentlege mot manglande medverknad i planprosessen, mangelfulle vurderingar av alternative tilkomst/traseval, støy i anleggsperioden og etter utbygging, manglande tilkomst til Myklebust sin eigedom samt til turområde, og reguleringsføresegner knytt til rekkefølgekrav og støy.

Vidare er vedtaket påklaga av Per Odd Paulsen m.fl. ved brev av 19.03.12. Klagen rettar seg hovudsakleg mot vegløyisinga, og at grunneigarane ikkje ønskjer å frivillig avstå grunn til etablering av tilkomstveg. Vidare meiner klagarane at det må stillast krav til omfattande konsekvensanalyser med omsyn til fleire tilhøve.

Fleire grunneigarar, naboar og berørte på Myklebust Syd har også påklaga vedtaket ved brev av 19.03.12. Klagarane peikar på dei store inngrepa denne utbygginga vil medføre. Det blir vidare stilt spørsmål ved geologirapporten, og om grunnforholda er tilstrekkeleg sikre. Klagarane stiller også spørsmål ved kva verknader denne utbygginga vil få for Myklebustvatnet naturreservat.

Postadresse:  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 43

Telefax:  
71 25 85 10

E-post:  
postmottak@fmmr.no

Web:  
www.fylkesmannen.no

Grunneigarane er sterkt ueinige i at mange tomter innafor planen blir øydelagde som utbyggingstomter som følgje av tilkomstvegen. Klagarane etterlyser vurderingar av alternativ tilkomstveg. Det blir vidare vist til belastning for naboane som følgje av ein lang anleggsperiode. Det blir også stilt spørsmål ved den økonomiske gjennomføringsevna. Klagarane krev også at det blir utarbeidd konsekvensutgreiing.

Kommunestyret behandla klagen i møte den 28.06.12, og under sak nr. 114/12 har dei halde fast på vedtaket i sak nr. 21/12. I medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageinstans.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles blir det vist til saksdokumenta.

### **Fylkesmannens merknader:**

Klagen er levert innafor lovbestemt klagefrist, og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34. Resultatet av klagebehandlninga kan bli at kommunen sitt vedtak blir stadfesta eller oppheva. Fylkesmannen kan derimot ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen, jf. pbl. § 12-12.

### **Saksbehandling og medverknad**

Reguleringsplanar kan få verknader for naturmangfaldet og fylkesmannen har i den samanheng gjort ein sjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabanken sitt artskart. Det går ikkje fram av desse registra at det er artar eller naturtypar i planområdet som ein må legge til grunn vil bli påverka av denne planen. Det er heller ikkje kome fram opplysingar i saka som tyder på at det kan vere andre artar eller naturtypar innan planområdet som ikkje er fanga opp av ovanfor nemnde registreringar. Kravet i naturmangfoldloven (nml.) § 8 om at saka skal basere seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. I og med at naturmangfaldet i liten grad vil bli påverka av planforslaget og det ikkje kan påvisast at tiltaket vil ha effekt på verdifull natur, legg fylkesmannen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i nml. §§ 9-12.

### *Konsekvensutgreiing*

Det følgjer av pbl. § 4-2 at for reguleringsplanar som kan få «vesentlige virkninger for miljø og samfunn» skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. I forskrift om konsekvensutredningar er det i § 2 fastsett kva planar som alltid skal handsamast etter denne forskrifta. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne planen fell inn under verkeområdet for § 2. I forskrifta § 3 er det vidare opplista kva planar som skal handsamast etter forskrifta dersom dei fell inn under eitt eller fleira av kriteriata i § 4. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing etter vilkåra i § 3, jf. § 4. Dette er det også gjort greie for i samband med planoppstart.

### *Medverknad*

Det går fram av pbl. § 12-3 at «private, tiltakshavere, organisasjoner og andre myndigheter har rett til å fremme forslag til detaljregulering». Lova oppstiller såleis ikkje noko krav om at den som fremmer forslaget også må vere eigar av dei eigedomane som planen omfattar. I pbl. § 5-1 er det fastsett at alle som fremmer planforslag, skal legge til rette for medverknad. Kommunen skal sjå til at dette er oppfylt i planprosessar som blir utført av andre offentlege organ eller private. Det er såleis den som fremmer forslaget som har ansvar for å legge til rette for medverknad, men kommunen har likevel eit overordna ansvar for å sjå til at dette blir gjort.

Plan- og bygningslova fastset vidare saksbehandlingsreglar for dei enkelte plantypene. Dette er minstekrav som alltid skal følgjast. I kva grad og korleis det skal leggjast til rette for medverknad ut over desse minstekrava, må vurderast i den enkelte saka ut frå dei omsyn og interesser som gjer seg gjeldande.

Reglane i pbl. § 12-8 flg. stiller krav til særskilt underretning av grunneigarar mv. Ut over dette stiller ikkje lova særlege krav til prosessen i høve til denne gruppa, og det er såleis kommunen og forslagsstillar som må vurdere om det er grunnlag for å leggje til rette for medverknad ut over lova sine minstekrav, jf. § 5-1. I denne saka er det andre enn forslagsstillar som er grunneigarar av store delar av arealet innafor planområdet, og det vil truleg kunne bidra til å redusere konflikter rundt arealbruken om forslagsstillar i større grad involverer slike grunneigarar i prosessen. Lova har likevel ikkje noko krav om dette, og ein må også sjå hen til at det er kommunen som har den endelege avgjerda med omsyn til arealbruken, og at ingen har krav på ei bestemt utnytting av sin eigedom.

Dei lovfesta krava til medverknad er etter det fylkesmannen kan sjå oppfylte i denne saka. I tillegg til dette har forslagsstillar halde møte med orientering og drøfting i formannskapet 01.02.11, og samrådsmøte med særskilde grupper den 03.03.11. Det vart også halde møte med grunneigarar og naboar 15.12.10, og det vart gitt høve til å kome med innspel etter dette møtet. Grunneigarane har vidare hatt høve til å kome med merknader undervegs i planprosessen, noko som også har blitt gjort, og forslagsstillar og kommunen har gjort ei vurdering av dei innkomne merknadene undervegs.

### *Generelt*

Ut over plan- og bygningslova sine spesielle krav til utgreiing og medverknad, er det eit generelt krav om at forvaltningsorganet skal sjå til at ei sak er "så godt opplyst som mulig" før vedtak blir treft, jf. forvaltningslova § 17. Forvaltninga har såleis eit sjølvstendig ansvar for at ei sak er tilstrekkeleg opplyst før ein treff avgjerd i saka. Kor omfattande undersøkingar som skal krevjast vil mellom anna avhenge av saka sin karakter, slik at det må stillast strengare krav til klarlegging av dei faktiske tilhøva og vurderinga av relevante interesser og omsyn i saker som gjeld vesentlege inngrep overfor den enkelte borgar.

Vurderinga av om denne saka har vore tilstrekkeleg opplyst, vil bli vurdert i samband med gjennomgangen av merknadene knytt til arealbruksvurderinga nedanfor.

## Arealbruksvurderinga

Dei rettslege rammene for lovleg arealbruk i reguleringsplanar er fastsett i pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen sitt vedtak går utanfor dei rammene som går fram av desse reglane. Kva som er hensiktsmessig arealbruk innafor desse rammene er ei vurdering som er underlagt det frie skjønnet, og fylkesmannen skal i klagebehandlinga leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyre, jf. forvaltningslova § 34, 2. ledd, 3. pkt.

Under føresetnad av at dei omsyna kommunestyret har lagt vekt på er saklege ut frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å avgjere korleis dei ulike omsyn skal avvegast. Ingen har såleis krav på at ein eigedom skal nyttast på ein bestemt måte i plansamanheng.

Ein vesentleg del av klagane rettar seg mot vegløyisinga i området, og da særleg dei inngrepa som følgjer med utbygginga av V3.

Grunnlaget for planarbeidet er tidlegare godkjend reguleringsplan for Myklebuståsen, der ein i ettertid har funne at den regulerte vegløyisinga til dette bustadområdet ikkje er tilfredsstillande. Ein har difor sett det som naudsynt med ei ny løysing for tilkomstveg.

I samband med planoppstart er det skissert ei løysing for tilkomstveg frå eksisterande veg Vikevegen, i planen vist som V2. Det er vidare halde eit møte med formannskapet, og i den forbindelse har forslagsstillar utarbeidd eit notat som grunnlag for ein presentasjon av prosjektet, for å avklare om dei prinsippa som er lagt til grunn i forslaget er innafor det som kommunen kan akseptere. I høve til tilkomstvegen er det her gjort greie for alternative løysingar for vegtilkomst: den eine tok utgangspunkt i krysset Vikevegen/Toftestøvegen, noko som ville medføre ei svært bratt stigning, ei anna løysing med å gå over gnr. 36 bnr. 7 og 66 vart heller ikkje vurdert som noko god løysing. Forslagsstillar har difor tatt som utgangspunkt at veggen burde leggjast nord om gnr. 36 bnr. 60. For denne vegløyisinga er det vidare vurdert to alternativ, der veggen i det eine alternativet er lagt ned til eigedomsgrensa til eksisterande bustader i veggen Storetua, medan den i det andre alternativet er lagt lenger opp, der forslagsstillar har funne å ville gå vidare med sistnemnde alternativ.

Det har under planprosessen vore stilt spørsmål ved utgreiing av alternativ vegføring. Det har ikkje vorte framlagt konkrete forslag utover det som går fram ovanfor. I kommentar til innspel etter planoppstart viser forslagsstillar til at ein *«har heller ikkje kunne finne slike konkrete alternativ. Etter vår vurdering vil ei løysing frå nord måtte medføre inngrep i eksisterande utbygde eigedomar langt over det som den framlagde løysinga inneber. Det er å merke at den framlagde løysinga først og fremst medfører inngrep i landskap – ikkje i utbygd eigedom. Som vegløyising gjev framlagde tilkomstvegar ei god arealutnytting.»* Kommunen har også i samband med si behandling vist til at *«dersom ein skulle valt alternative løysingar (t.d. med ein samleveg gjennom den etablerte bebyggelse bak Spar på Myklebust) ville dette vore ei uheldig løysing med auka trafikk gjennom eit etablert bustadområde. Dette ville skapt utfordringar knytt til eit differensiert trafikksystem (køyreveg og fortau) og ville ikkje vore i tråd med prinsippa for god trafikktrygging.»*

Det utpeikar seg såleis ikkje nokon klare alternativ til denne vegløyisinga dersom dette området skal byggjast ut. Det er under planprosessen påpeika frå høyringsinstansar at den valde løysinga vil medføre store terreng- og landskapsmessige inngrep, og også rådd i frå at kommunen går vidare med denne løysinga.



Kommunen peikar i denne samanheng på behovet for bustadtomter, at det er begrensa med utbyggingsområde på Bergsøya, og at planforslaget legg til rette for ei vidareføring av eit allereie etablert utbyggingsmønster på Myklebust. Vidare er det sett krav i reguleringsføresegnene for å søke å redusere dei visuelle ulempene. Ulempene ved den planlagde vegløysinga har såleis vore godt belyst gjennom planprosessen, men kommunen har lagt avgjerande vekt på dei samfunnsmessige fordelane som utbygginga fører med seg. Denne avveginga ligg i utgangspunktet til kommunen sitt frie skjøn som arealbruksmyndigheit, og fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til dette.

Det er også klaga på valet av trasé for V3. Klagarane meiner at vegen bør leggjast lenger mot vest oppover mot fjellet, da vedteken løysing medfører at Myklebust mister ca. 5 bustadtomter. Kommunen viser i denne samanheng til at ei *«slik flytting av veglinja vil medføre at ein innbyr til fartsauke og vil generere vesentleg større terrenginngrep i bakanforliggjande terreng. Dette vil, etter ei totalvurdering, vere ei dårlegare løysing for planforslaget samla sett.»* Fylkesmannen kan ikkje sjå at klagar sin eigedom vil få ei dårleg utnytting totalt sett. Sjølv om grunneigar vurderer ei anna utnytting som meir tenleg for sin eigedom, er det likevel opp til kommunen å avgjere arealbruken. Det at kommunen i denne samanheng ikkje ønskjer ytterlegare terrenginngrep enn det som utbygginga allereie vil medføre, vil vere eit relevant omsyn å leggje vekt på.

Når det gjeld tilkomst til V3 har forslagsstillar, i samband med revidert planforslag av 31.05.11, kommentert tilkomstforholda og konkludert med at tilkomsten til tomtene på nedsida av vegen kan løysast på tilfredsstillande måte. Det er også tatt inn ei skisse av dette i saksdokumenta i samband med offentleg ettersyn. Fylkesmannen legg til grunn at tilkomsttilhøva kan få ei tilfredsstillande løysing.

Når det gjeld samleveg V2 og V3 viser klagarane til at Myklebustflata kan byggjast ut utan desse vegane, og at planforslaget framstår som ein konstruksjon for å gjere utbygging av Myklebustflata avhengig av desse vegane, noko som både vil forseinke og fordyre utbygginga her. Klagarane har under planprosessen lagt fram ei skisse med eit alternativt forslag for korleis dette område kan byggast ut med andre vegløysingar.

Innspela frå klagarane er delvis teke til følgje og innarbeidd i planen. Kommunen har i si behandling vist til at *«samleveg V2 og V3 er nødvendig for å få til ein offentleg samleveg med tilfredsstillande standard som kan ta omsyn til den auka trafikkbelastninga i området som følgje av nye bustader. Rekkjefølgjekravet som er sett i reguleringsplan skal sikre at naudsynt infrastruktur blir opparbeidd på ein naturleg måte i samband med utbygging.»* Det går vidare fram av saksdokumenta at kommunen har sett behov for veg mellom Kvithaugsmyra og Toftestøvegen, og at dimensjoneringa av V2 er gjort etter krav frå kommunen på bakgrunn av behov for oppgradering og utviklingspotensiale for andre bustadområde.

Som nemnt tidlegare er det ingen som har krav på ei bestemt utnytting av sin eigedom i plansamanheng, sjølv om klagarane si framlagte løysing kan gi ei betre utnytting for dei isolert sett. Klagarane sitt forslag har vore ein del av saksdokumenta og noko kommunen har tatt stilling til i si behandling. Kommunen har likevel vurdert den vedtekne vegløysinga som meir hensiktsmessig. Samlevegane V2 og V3 vil tene eit større område og samstundes legge til rette for ei eventuell framtidig utvikling av andre bustadområde, og fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til kommunen si arealbruksvurdering i denne samanheng.

Det er vidare stilt rekkjefølgjekrav knytt til utbygging av V2 og V3, slik at desse skal vere ferdigstilt før bustadbygging kan ferdigstillast på område som har regulert vegtilkomst til dei respektive vegane, jf. reguleringsføresegnene § 13 a. Store delar av Myklebust sin eigedom kan byggjast ut utan at V3 er opparbeida, men slik at det for fleire område vil vere krav om opparbeiding av V2. Det vil vere viktig å sikre tilfredsstillande infrastruktur før bustadområda vert tekne i bruk, og fylkesmannen har ingen vesentlege merknader knytt til dette kravet.

I høve til tilkomst til terrenget ovanfor V3 vil det ikkje vere tilkomst langs den nye samleveggen. Det er likevel lagt til rette for at det kan etablerast ei kopling mellom bustadområdet og turområda utanfor planområdet i tilknytning til V5, der det også er lagt til rette med parkeringsplassar.

I vurderinga av skjønnsutøvinga må ein sjå hen til plana sin rettsverknad som oreigningsgrunnlag. Prinsippet om interesseovervekt i oreigningslova § 2, 2. ledd vil difor få praktisk betydning ved godkjenning av ein reguleringsplan. Denne regelen tilseier at vedtak om oreigning ikkje kan gjerast «utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er meir til gagn enn til skade». Det er særleg utbygging av samlevegane V2/V3 som aktualiserer dette spørsmålet. Grunngevinga for vald vegløyning og vegstandard går fram ovanfor, og kommunen har som nemnt lagt vekt på å leggje til rette for ei hensiktsmessig utbygging av eit større område, behov for oppgradering av vegstandard og mogleg framtidig utbygging. Etablering av denne vegløyninga vil samstundes føre til ulemper for dei som får sin grunn regulert til veggrunn, og dermed ikkje får utnytta den delen av eigedomen på anna måte. Denne interesseavveginga har likevel kommunen gjort i si behandling, og der lagt avgjerande vekt på samfunnsnyten av utbygginga sett i ein større samanheng. Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til kommunen si interesseavveging.

Det går fram av planomtalen at utbygging av området slik planen legg opp til vil gi trafikkmengder som kan medføre støy i konflikt med grenseverdiane som er sette i retningslinje for støy i arealplanlegging, T-1442. I samband med planarbeidet er det gjennomført punktberakingar langs vegane for å avklare behov for støyskjerming. Berekningspunktta tek omsyn til både trafikkmengde og terrengforhold. Det går vidare fram av planomtalen at «utbygginga som denne planen fører med seg og utbygging av tidlegare regulert areal vil gje til saman ca. 135 bueiningar». Fylkesmannen legg difor til grunn at berekningane er dekkande også i høve til utbygging av tilgrensande planområde som skal nytte denne tilkomstvegen. Berekningane viser at ein ved full utbygging vil kunne overskride grenseverdiane. Det er i planen vist støyskjermer, med krav om at desse skal byggjast ved tidspunkt for full utbygging innan planområdet. Det er vidare fastsett i reguleringsføresegnene § 13 c. at maksimalt støynivå for fasade, leikeplass osv. skal vere innafør grenseverdiane i T-1442. Desse grenseverdiane er såleis gjort rettsleg bindande gjennom planen.

Når det gjeld støy i anleggsperioden er det i reguleringsføresegnene § 13 c. vidare fastsett at sprenging og transport skal skje på dagtid i perioden 07-19, og at støymengda bør kun i kortare periodar overskride støymengdene i ta. 4 i T-1442. Det er såleis fastsett at ein som hovudregel skal halde seg innafør støykrava sett i denne retningslinja. Det kan likevel tillatast at desse grenseverdiane kan overskridast i kortare periodar, noko også denne retningslinja opnar for. I høve til kva som ligg i «kortare periodar» vil det vere naturleg å sjå hen til i kva grad retningslinja opnar for overskriding av støygrensene.

Vidare er det fastsett i føresegnene § 8 l. at det før utsprenning av byggegrøp for BB1, BB2 og BB3 og KS1 skal utarbeidast inngreps-/riggplan for områda, der mellom anna forhold kring støy skal omtalast. Denne planen skal godkjennast av kommunen, slik at kommunen i denne samanheng vil ha høve til å stille nærare krav til desse forholda.

Kommunen viser til at ein ser på dei vurderingane som er gjort kring støy som tilfredsstillande i høve til rettleiar T-1442, og fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til dette.

Nokon av klagarane har stilt spørsmål ved grunntilhøva og om desse er tilstrekkeleg sikre for utbygging. I samband med planarbeidet har Sweco Norge AS utarbeidd ein rapport som vurderer dei geologiske tilhøva i dette området. Rapporten inneheld anbefalingar om ulike sikringstiltak, at det i detaljplanfasen må utførast ei detaljert ingeniørgeologisk feltkartlegging og at ingeniørgeolog bør involverast i byggefasen. I reguleringsføresegnene § 14 er det sett krav om slike nærare undersøkingar i samband med detaljprosjektering og utbygging. Det ligg også føre uttale frå fylkesgeolog om skredfare, der farenivået vert vurdert å tilfredsstillast sikkerheitsklassane S3 og S2 i TEK10, og at den planlagde tilkomstvegen vil kunne redusere faren for steinsprang.

På bakgrunn av dette finn fylkesmannen ikkje grunn til å tru at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst med omsyn til grunntilhøva. Ved utbygging må det takast omsyn til krava i § 28-1 om at grunn skal vere tilstrekkeleg sikker, jf. krava i reguleringsføresegnene § 14.

Klagarane har også peika på problemstillingar med omsyn til overflatevatn som følge av utbygging av Myklebuståsen. I planomtalen er det gjort ei vurdering av overflatevatn, med utrekning av vassmengder, der ein vurderer det slik at dette vil kunne handsamast greitt i samband med utbygginga. Som kommunen også påpeikar er overflatevatn noko som gjeld utbygging og teknisk infrastruktur. Det er i reguleringsføresegnene § 13 d. fastsett at før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg, og at detaljane kring dette blir fastsett gjennom utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen. Fylkesmannen kan elles ikkje sjå at utbygging av området vil vere problematisk for Myklebustvatnet naturreservat med omsyn til overflatevatn.

#### *Økonomisk gjennomføringsevne*

Plan- og bygningslova opnar for at private kan fremje planforslag, men stiller ikkje krav til økonomisk gjennomføringsevne eller liknande. Det er kommunen som er reguleringsmyndigheit og som vedtek reguleringsplanar, og kommunen kan avslå å fremje eit privat planforslag.

Det går fram av pbl. § 3-1, 3. ledd at planlegging «skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig». Denne regelen inneber at omfanget av planlegginga må tilpassast dei lokale tilhøva og behova. Det ligg i utgangspunktet til kommunen å vurdere behov og omfang av planlegginga. Det aktuelle området ligg i tilknytning til allereie etablerte og regulerte bustadområde, det ligg sentralt i høve Myklebust som bygdesenter, som ligg sentralt i regionen og nær Fosnavåg sentrum.

Kommunen viser til at planforslaget vil vere med på å løyse utfordringar knytt til infrastruktur i området, det vil bidra til å styrke bustadtilbodet i kommunen vesentleg, og at eit godt bustadtilbod vil vere viktig for ei framtidig utvikling av kommunen. Kommunen har såleis gjort ei vurdering av behov og omfang, og fylkesmannen har ingen merknader til denne vurderinga.

### *Oppsummering*

Fylkesmannen har etter dette ikkje vesentlege merknader til kommunen si saksbehandling eller den skjønsmessige arealbruksvurderinga. Ein må sjå hen til at det i stor grad er samanfall mellom dei momenta klagene er grunnlagt med og dei merknader som har kome fram undervegs i planprosessen. Kommunen har såleis ved si behandling og godkjenning av planen vore kjent med desse synspunkta.

Etter dette finn fylkesmannen ikkje grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak, og klagene har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannen seier seg lei for at det har tatt lang tid å behandle denne saka.

### **Fylkesmannens vedtak:**

I medhald av plan- og bygningsloven § 1-9, jf. forvaltningsloven § 34 og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen Herøy kommune sitt vedtak i sak nr. 21/12.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagarane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)  
direktør

Bente Thornes Kosberg

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Magnus Myklebust m.fl.	Vestre Rosten 32	7072	HEIMDAL
Advokat Vegard Svarva	Fjordgata 82	7010	TRONDHEIM
Per Odd Paulsen m.fl.	Vikevegen 14	6092	FOSNAVÅG
Selberg Arkitekter AS	Posboks 6094 Sluppen	7434	TRONDHEIM
Frantzen Maskinstasjon AS	Gamle Myklebustveg 9	6092	FOSNAVÅG
AG Plan & Arkitektur AS	Webjørn Svendsensgata 12	6150	ØRSTA



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
83/17	Formannskapet	24.05.2017

### BUDSJETTKONTROLL AV 31.03.2017

#### Tilråding:

Budsjettkontrollen per 31.03.2017 vert tatt til vitande.

#### Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest Kontroll IKS, her

## Vedlegg:

### Budsjettkontroll per 31.03.2017 - Avdelingane sine kommentarar

#### Samandrag av saka:

Lite har endra seg i avdelingane sine vurderingar sidan kontrollen per 28.02.2017. Det sakshandsamar er mest bekymra for akkurat no er er nivået på skatteinntektene. Etter ein bra januar ser vi no ein sviktande trend gjennom februar og mars. Slik ein ser det per i dag får ein heller ikkje kompensert heile denne svikten gjennom høgare rammetilskott frå staten – noko som kan gi mindreinntekter på mellom 5,0 og 7,5 mill kr. Avdelingane/sectorane melder om stabil drift og i prognosene melder dei om eit samla meirforbruk på om lag 2,0 mill kr for 2017 (opp 1,0 mill i høve til rapporten per 28.02). Dette talet vil nok endre seg månad for månad, men ved å halde fokus på økonomien voner ein på eit godt år trass i at kommunen sitt utgiftsutjamnande tilskott har blitt monaleg redusert frå 2016 til 2017. Totalt er det per i dag snakk om ei negativ prognose på mellom 7,0 og 9,5 mill kr

#### Saksopplysningar:

Som normalt har Herøy kommune også i 2017 eit stramt budsjett. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt.

Per 31.03.2017 legg ein opp til ei enkel form for budsjettkontroll. Vi kjem tilbake med den ordinære budsjettkontrollen per 30.04.2017 som også skal handsamast i kommunestyret.

Alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 31.03.2017. Den vedtekte omorganiseringa har byrja og setje seg, men budsjettkontrollen er ikkje heilt i samsvar med den nye organiseringa bl.a. fordi budsjettet for 2017 er vedteke etter gamal organisering.

#### Oversikt per avdeling og seksjon per 31.03.2017. Alle tal i heile 1.000

Avdeling/sector	Rekneskap 2017	Rev. budsjett	Avvik i kr	Prognose år	Rekneskap 2016
Politisk leiing	762	1073	-311		717
Adm leiing	760	898	-138	-1000	666
Servicetorget	788	795	-7		672
Dokumentsenter	579	579	0		714
Økonomiavdeling	1551	1501	50		1571
Personal og org avd.	3847	4329	-482		3358
IKT	1357	1782	-425		1130
Overføringar	-8602	3730	-12332		-29771
Eigedomsavdelinga	6554	5258	1296	500	5896
<b>Sum sektor STAB</b>	<b>6074</b>	<b>17974</b>	<b>-11900</b>	<b>500</b>	<b>-16430</b>
Barnehageavdelinga	15921	16967	-1046		26008
Grunnskuleavdelinga	27310	30092	-2782		29393
<b>Sum sektor OPPVEKST</b>	<b>43231</b>	<b>47059</b>	<b>-3828</b>		<b>55401</b>
Barn, familie og helse	10615	10246	369	1300	9938
Pleie og omsorg	29866	29256	610	1000	28384

Bu og habilitering	10382	10929	-547		9873
Nav og flyktning	4141	2646	1495		2387
<b>Sum sektor HELSE OG OMSORG</b>	<b>55004</b>	<b>53077</b>	<b>1927</b>	<b>2300</b>	<b>50582</b>
Kulturavdelinga	2263	2410	-147		2095
Utviklingsavdelinga	1724	1512	212		1550
Anleggs- og driftsavdelinga	-2318	5035	-7353		-1444
Brannvern og feiing	2231	2279	-48	200	2117
<b>Sum sektor Samfunnsutvikling</b>	<b>3900</b>	<b>11236</b>	<b>-7336</b>	<b>200</b>	<b>4318</b>
Øhjelp / mottak	-534	-63	-471		44
Skatt / ramme/ finans etc	-134800	-144433	9633	6125	-131693
<b>SUM TOTALT</b>	<b>-25603</b>	<b>-13179</b>	<b>-12424</b>	<b>8125</b>	<b>-36395</b>

Berre ei avdeling meiner den får mindreforbruk dette året, medan 4 andre meiner det går mot meirforbruk. Eigedomsavdelinga og Brannvern og feiing har ikkje noko tal på dette, så det som er sett opp er etter skjønn. Samla sett ser det per 31.03.2017 ut til at vi får eit meirforbruk i avdelingane 2017 på om lag 2,0 mill kr. I tillegg kjem berekna reduksjon i skatt/rammetilskott på 6,125 mill kr.

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 31.03.2017 i 1.000 kr

	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Reg. budsjett 2017</b>	<b>Avvik</b>	<b>Rekneskap 2016</b>
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukarbetalingar	-6.135	-6.443	309	-5.254
Andre sals og leieinntekter	-14.045	-9.080	-4.965	-14.803
Overføringar	-10.368	-7.895	-2.473	-8.344
Rammetilskott	-57.413	-60.960	3.547	-58.492
Andre statlege overføringar	-28.545	-7.946	-20.599	-39.882
Andre overføringar	-219	-13	-206	-850
Inntekts- og formueskatt	-80.315	-84.700	4.385	-76.674
<b>Sum driftsinnt:</b>	<b>-197.040</b>	<b>-177.037</b>	<b>-20.003</b>	<b>-204.299</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønsutgifter	85.257	82.290	-2.967	80.478
Sosiale utgifter	26.780	23.900	-2.880	25.315
Kjøp av varer og tenester	20.771	21.943	1.172	19.682
Kjøp av varer og tenester erstatter komm tenesteprod	20.490	22.839	2.349	30.450
Overføringar	15.213	7.380	-7.833	8.803
Avskrivningar	0	8.450	8.450	0
Fordelte utgifter	-262	-1.583	-1.321	-83
<b>Sum driftutg:</b>	<b>168.248</b>	<b>165.217</b>	<b>-3.031</b>	<b>164.646</b>
<b>Brutto Driftsresultat</b>	<b>-28.792</b>	<b>-11.819</b>	<b>-16.973</b>	<b>-39.654</b>

<b>Eksterne finansinntekter</b>				
Renter og utbytte	-232	-1.693	1.461	-254
Gevinst finansielle instrument	-398	-1.006	608	-471
Mottekne avdrag på lån	0	-51	51	0
<b>Sum finansinnt</b>	<b>-630</b>	<b>-2.749</b>	<b>2.119</b>	<b>-725</b>
<b>Eksterne finansutg</b>				
Renteutgifter	3.856	4.165	-309	3.873
Tap fin. instrument	50	50	0	11
Avdrag på lån	362	8.710	-5.348	449
Utlån	0	62	-62	0
<b>Sum finansutg</b>	<b>4.268</b>	<b>9.987</b>	<b>-5.719</b>	<b>4.334</b>
<b>Netto finansutg.</b>	<b>3.638</b>	<b>7.238</b>	<b>-3.600</b>	<b>3.609</b>
Motpost avskrivinger	0	-8.597	-8.957	0
<b>Netto Driftsresultat</b>	<b>-25.154</b>	<b>-13.178</b>	<b>-11.976</b>	<b>-36.045</b>
Bruk av bundne fond	-450			-350
<b>Mindreforbruk</b>	<b>-25.603</b>	<b>-13.178</b>	<b>-12.425</b>	<b>-36.395</b>

Av tabellen ser ein at dei reine lønskostnadane har auka med om lag 5,93% frå 1 kvartal 2016 og til same periode i 2017. Det er vesentleg høgare enn lønsveksten og kan bety at kommunen har fleire sysselsett no enn for eit år sidan. Ein ser at veksten er redusert med om lag 1,0% sidan 28.02.17 slik at det er grunn til å tru at dette vil normalisere seg framover. Sjukepengerefusjonane er om lag 0,5 mill kr høgare i 1 kvartal 2017 enn i tilsvarende periode 2016.

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjonsjukeløn) er forbruket i 1 kvartal om lag 1,0 mill høgare enn budsjettet.

Ein ser også at skatteinntektene er mykje høgare enn budsjettet, men her kan grunnen vere upresis periodisering.

### **Avdelingane sine tilbakemeldingar**

Adm leiing rapporterer om eit mindreforbruk pga vakanse i ass rådmann stillinga. Denne innsparinga vil utgjere om lag 1,0 mill i 2017.

Innan sektor for stab er dei fleste i rute. Eigedomsavdelinga melder imidlertid om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift.

Innan sektor for oppvekst melder barnehageavdelinga dei usikre punkta er knytt til betaling til andre kommune for barn busett i Herøy med barnehageplass i anna kommune. Grunnskuleavdelinga melder om styrka bemanning i nokre saker der det er utfordringar knytt til ekstra ressursar på barn i barneskulen. I tillegg vert elevtalet innan EMA redusert (og dermed dei statlege overføringane) medan kostnadane til drift av tilbodet er om lag uendra. Men begge avdelingane voner at ein skal unngå meirforbruk i 2017.



Sektor for helse og omsorg melder om eit negativt avvik (reduerte inntekter) på om lag 1,3 mill kr knytt til ny legeavtale (budsjettet for 2017 vart ikkje endra som følge av at ny avtale vart inngått). I tillegg. Barnevernsavdelinga slit med sjukefråvær og problem med å få kvalifiserte vikarar. Pleie og omsorg har sine utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar og at ein per dato har auka drift tilsvarande 10 årsverk. Ein del av meirkostnadane knytt til dette vil kunne takast inn ved hjelp av øyremerka statstilskott ressurskrevjande brukarar. Førebels er prognosene eit meirforbruk på minst 1,0 mill kr. Innan sosialsektoren fryktar ein stor auke i sosialhjelpskostnadane som følge av auka og langvarig arbeidsløyse.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2017, med unntak av avdeling for brann der det har kome til meirkostnadar på om lag kr 200.000,- knytt til ei arbeidsmiljøundersøking.

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir rår det stor usikkerheit med tanke på framtida. Januar og februar har gitt oss auka inntekter innan skatt og rammetilskott sett i høve til tilsvarande periode i 2016. I mars derimot snudde trenden og inntektene denne månaden vart vesentleg lavare enn budsjettet. Det ser ut til at denne trenden vil fortsette ei stund framover og 2017 vil nok ikkje gi oss på langt nær dei skatteinntektene vi har budsjettet med.

No tippa vi også at 2015 og 2016 ville bli utfordrande, men begge dei åra viste kommunerekneskapen overskott. Det har blitt hevda at dette er dei to beste åra for kommuneøkonomien i dette årtuset og det stemmer nok. I 2015 vart det vedteke nye skattereglar som førte til store skattemessige disposisjonar som fekk ein positiv verknad på skatteinntektene på landsbasis.

*For dei andre postane på dette kapitlet er det ikkje råd å sjå nokon trend enno*

### **Vurdering og konklusjon:**

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap om lag som budsjettet i 2017. Alle tal og statestikkar syner at vi har ei god og rimeleg drift. Sjukefråveret har vore litt høgare enn ynskjeleg så langt i 2017. Dei tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Ein viser elles til vedlagte budsjettkontrollrapportar frå avdelingane for meir informasjon.

Fosnavåg, 25.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre	Enhetsleder vurdering	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	248	3 846	0,00	Godkjent
12 Administrativ leiling	Akseptabelt	0	192	3 431	0,00	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	190	3 448	0,00	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-195	2 110	0,00	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	-105	5 567	0,00	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 493	7 460	0,00	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	380	6 039	0,00	Godkjent
18 Overføringer	Akseptabelt	0	32 818	12 189	0,00	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	-9 463	66 102	0,00	Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	-1 902	110 112	0,00	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	385	39 594	0,00	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 364	107 507	0,00	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	-105	39 057	0,00	Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00	Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-80	9 230	0,00	Godkjent
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	313	8 894	0,00	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	-103	5 790	0,00	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 359	11 382	0,00	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	0	-472	19 234	0,00	Godkjent
70 Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	-44	0	0,00	Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Alvorlig	-13 000	13 871	-468 513	-2,77	Godkjent
<b>Sum</b>		<b>-13 000</b>	<b>31 711</b>	<b>-7 523</b>	<b>172,79</b>	

Beskrivelse	Rekneskap i fjord pr.dat0	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
Sum totalt	0	-36 589	-4 879	31 711	-13 000	-7 523	5 477	486,34
Utgifter	0	168 249	157 950	-10 299	-5 000	631 503	636 503	26,64
Løn inkl. sosiale utgifter	0	105 793	98 493	-7 300	0	393 973	393 973	26,85
Kjøp av varer og tenester	0	49 093	37 869	-11 224	0	151 180	151 180	32,47
Overføringer og andre utgifter	0	13 362	21 588	8 225	-5 000	86 351	91 351	15,47
Inntekter	0	-204 838	-162 829	42 009	-8 000	-639 027	-631 027	32,05
Salsinntekter	0	-20 119	-22 811	-2 692	0	-78 954	-78 954	25,48
Refusjon sjukeløn	0	-4 819	-700	4 119	0	-2 800	-2 800	172,11
Andre refusjonar og tilskot	0	-179 900	-139 318	40 582	-8 000	-557 273	-549 273	32,28
<b>I alt</b>	<b>0</b>	<b>-36 589</b>	<b>-4 879</b>	<b>31 711</b>	<b>-13 000</b>	<b>-7 523</b>	<b>5 477</b>	<b>486,34</b>

Kommentar fra Rådmann *Avdelingane ser så langt ut til å ha kontroll med drifta. Skuleavdeli...*

Avdelingane ser så langt ut til å ha kontroll med drifta. Skuleavdelinga melder om ein del utfordringar knytt til mindreårige asymlantar og tilbodet dei skal ha med omsyn til undervisning og ein veit på det noverande tidspunkt ikkje kva dette vil resultere i økonomisk.

Også dette året er det utfordringar knytt til skatt, ramme, finans etc Det kan de lese meir om i oversikta eller i saksutgreiinga.

#### Folkevalde

Det er ingen grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.

#### Administrativ leing

Det er stipulert eit mindreforbruk på dette ansvaret på ca 1,0 mill kr. dersom stillinga som assisterande rådmann vert ståande vakant heile året.

#### Servicetorget

Servicetorget har positivt avvik pr. d.d. På inntektsida mangler ein del interne overføringar og fordeling av telefonutgiftene som er dekt av ST for heile organisasjonen. prognose ut året er at ein går i balanse om ikkje uforutsette ting skjer.

#### Fellessekretariatet

Her er ei feilføring som vert retta opp. Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2016.

#### Økonomiavdeling

Meirforbruket i høve til budsjettet skuldast to faktorar: 1. Budsjettet er ikkje rett periodisert når det gjeld lønn (er retta til neste rapportering) 2. Har belaste ein stor faktura på ansvarsområdet som skal fordelast ut på andre. Tilsaman utgjer dette meir enn kr 150.000,-.  
Kan ikkje sjå nokon grunn enno til at avdelinga skal styre mot eit meirforbruk i 2016.

#### Personal- og organisasjonsavdelinga

Det er eit avvik på kring 20% i meirforbruk.  
Personal- og organisasjonsleiar har har vore i dialog med økonomileiar om dette.  
Differansen skuldast; 1) I høve tillitsvalde 1262 har ein ikkje fått inn refusjon frå avdelingane og staten (periodisert)  
2) I høve felleskostandar 1265 er ikkje forsikring KLP og OU periodisert.  
Elles er det ingen avvik som treng kommenterast ytterlegare.

#### Informasjonsteknologi

Det er igjen grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.

#### Overføringar

Vi har motteke omlag 34,0 mill kr i RDA midlar. Omlag 1,4 mill er utbetalt, så resterande del, 32,6 mill kr, skulle vore avsett til bunde fond. Når det er gjort er det samsvar mellom rekneskap og budsjett per 31.03.2016

#### Barnehagar

Avviket skuldast at utbetaling av kommunalt tilskot til private barnehagar er utbetalt for heile 2. kvartal (til og med juni månad). Periodiseringa blir difor feil. Rekneskap løn er noko høgare enn budsjettet, men dette går i balanse ved sum refusjon sjukepengar. Utfrå slik det ser ut no, vil prognosa ved årets slutt vere balanse mellom budsjett/rekneskap

#### Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Skuleavdelinga har dette semesteret stor aktivitet med påfølgjande lønnsutgifter, men der vi får kostnader refundert seinare. Det kan nemnast: Opplæring av 50-60 einslege mindreårige i asylmottak Fleire lærarar på vidareutdanning, der dei kvar har 37,5% redusert undervisning, med statleg dekning av store deler av vikarutgiftene Fylkeskommunalt kjøp av tenester frå PPT, tilsvarande 75% stilling Ekstra utgifter til flyktningar, både alfabetisering og grunnskuleopplæring, som vi skal ha dekt gjennom tilskot til flyktningar Auka stilling på skulekontoret for å kunne handtere tilrettelegging og koordinering av opplæring for asylsøkjarar Mykje av dette er ein ny situasjon som vi berre må handtere. Erfaring frå andre kommunar og budsjett vi har utarbeidd for eigen del, tilseier at vi skal kunne få refundert kostnadene gjennom tilskot direkte til opplæringa, samt ein andel av vertskommunetilskotet til eingongskostnader vi har i oppstarten. Vi har også ein del vikarutgifter som kjem fram av rapporten, men ser ein dette opp mot refusjon sjukelønn og foreldrepengar, gir det meining. Vi ligg langt under budsjett på kjøp av varer og tenester. Dette er normalt for årstida. Dei store innkjøpa i skuleavdelinga skjer ved inngangen til eit nytt skuleår.

Med all usikkerheit relatert til den nye situasjonen i avdelinga, vil eg ikkje gå inn på prognose i denne omgang.

#### Barn, familie og helse

Forbruket er akseptabelt for dei tre første månadene i 2016. Det er likevel ein situasjon fortsatt innan helsetenesta kor vi vil følgje nøye med på forbruket også på helsesida i år.

#### Pleie og omsorgsavdelinga

Avdelinga ligg generelt litt høgare enn fjoråret på dei fleste avdelingane. Dette er likevel innanfor normalvariasjonar med unntatt av for heimetenestene. Der har det kome til store nye pasientbehov som der ikkje er budsjettmidlar til. Det er snakk om døgnomsorg i heimen. I løpet av våren bør det lagast eiga politisk sak på dette. Det er greit å få behovet noko meir avklart før ein gjer dette.

#### Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga er samla sett godt i "rute" i høve budsjett.

#### Sosial og flyktning

Forbruket for dei tre første månadane i 2016 ser akseptabelt ut. Området er samansett og fleire er nye på området. Dette gjer at vi vil følgje dette området særleg nøye frametter. Spesielt gjeld dette utbetalingar av sosiale ytingar som har auka ein god del sett i høve til 1. kvartal 2015. Det skal også foretakast ein del tilpassingar i samband med at området har vorte ein del av avdelinga barn- familie- og helse. Dette kan føre til ekstra utgifter dette første året.

#### Kulturavdelinga

Rekneskapen pr. mars 2016 viser eit netto forbruk på dei ulike tenesteområda på vel 30 % av samla nettoramme. På fleire tenesteområde står det att overføringar, tilskot, refusjonskrav. Prognosane for kulturavdelinga tyder på budsjettbalanse ved årsslutt.

#### Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen pr. 31.03.2016:

område 50 eit meirforbruk på om lag 102 725.- område 51 eit meirforbruk på om lag 1 023 445 ,-

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Oppsummering:

Totalsituasjonen er god og under kontroll.

Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då :

\*interne føringar ikkje er gjennomført \*ansvarsområde som ikkje skal ligge på utviklingsavdelinga ligg inne i rekneskapen \*tildelte budsjettmidlar ikkje ligg korrekt i agresso.

Ein har kontroll på ressursbruken i avdelinga og ein vil søkje å rette feila til neste rapportering.

#### Anleggs- og driftsavdelinga

Gjeld berre brannvern. Resten er kommentert under Utviklingsavdelinga.

Per 31.03.2016 er det ikkje faktorar som er unormale og ein ser at tala er omlag som for same periode i 2015 då det til slutt vart nær samsvar mellom rekneskap og budsjett ved årsslutt.

#### Eigedomsavdelinga

Pr. rapporteringsdato har avdelinga ei likviditetsbelastning innan for ansvar 6031 knytt til lønn prosjektleiarar. Avdelinga har ikkje fått i gang rutinene for avrekning mot investeringsbudsjettet. Men frå mai måned vert dette gjennomført månadleg, slik at likviditetsbelastninga på driftsbudsjettet vert redusert til eit minimum.

Eigedomsavdelinga har iverksett ein prosess for å redusere driftskostnadane ved Fosnavåg konserthus AS Vi veit ikkje utfallet av dette arbeidet pt. men vi arbeidar ut i frå at kostnadane både bør og kan reduserast. Dette er eitt av dei viktige tiltak a i avdelinga dette året for å optimalisere driftsbudsjettet. For reinhaldsavdelinga aleine kan dette utgjere opp mot kr 300.000,- i 2016 - noko avdelinga ikkje har budsjett for. Likevel er det grunn til å tru at den vil gå i balanse dette året.

#### Samhandlingsreforma

Meirforbruket vert dekt av bunde fond. Vil med andre ord ikkje bli verken meir- eller mindreforbruk her.

#### Skatt, ramme, finans, tilskot

Mot nord grensar planområdet som nemnt til PlanID 199102 «Tarberg-Moltumyr». Utover dette er områda rundt plangrensa uregulert. Om lag 120m aust for planområde har kommunen sjølv regulert Myrabakken bustadfelt – planID 201312.



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplan 1992102 Tarberg-Moltumyr og Myrabakken i aust.

#### 4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

#### 4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar


Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss. RPR for barn og unge er lagt til grunn for planarbeidet.

### 5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

#### 5.1 Lokalisering

##### Lokalisering

Planområdet ligg på Moltustranda, Gurskøya i Herøy kommune - nærare bestemt på gnr.60 bnr.32 - Indre Moltumyr.




Figur 8 Oversiktskart med avmerkt planområde.

##### Avgrensing og storleik på planområdet

Planområdet utgjør om lag 14,3 daa, og er avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor.

- Mot nord: I NV mot regulert vegformål i planID 1992102, vidare langs plangrense mot denne planen. Deretter langs grensa mot 60/450, 129, 130 og 399.
- Mot sør: Om lag i teiggrensa mot bustadane 60/276,272,273,271,253 og 241. Vidare sørover langs Monsplassen opp til og langs nordlege grense av gbnr.60/50 og 60/123
- Mot aust: Om lag i teiggrensa mellom 60/32 og 60/450, 129, 33 og 276
- Mot vest: Følgjer i hovudsak grensa mot 60/8, 206 og 220.



Figur 9 Planavgrønsing

## 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er dels bebyggt, dels dyrkemark og dels utmark. Vest for planområdet ligg ei stor open, dyrka mark, elles grensar planområdet til bustadtomter. Lengst nord ligg Fv10 og i sør den kommunale bustadgata Monsplassen. Vest for Monsplassen ligg ei kommunal tomt som grendalaget etter avtale med kommunen har opparbeidd og nyttar som leikeplass. Innanfor planområdet er det fire eksisterande bustadar. Dette gjeld gbnr.60/458, 149, 32 og 398. Nokre av desse også med garasjer/uthus. Trasè for hovudvassleidninga og spillvassleidning går gjennom feltet – det same gjer ei steinsett veite og kablar.



Figur 10 Ortofoto av planområde og omgjevnader

### 5.3 Stadens karakter


#### Struktur/estetikk/byform/eksisterende bebyggelse

Eksisterende bebyggelse består hovedsakleg av frittliggende småhus/einebustader med frittstående garasjer - eldre bebyggelse nord for planområdet, noko nyare på sørsida. Den eldre bebyggelsen har gjerne innreidd loft i tillegg til hovudetasje og kjellar medan den nyare etter det vi kan sjå er utan innreidd loft og med relativt slak takvinkel. Etter det vi kan sjå har alle husa i området saltak med eitt unnatak med valm-tak. Fleire av husa har arker.

### 5.4 Landskap

#### Topografi og landskap

Planområdet ligg ved utløpet av U-dalen mellom fjella Vetten (556moh) i vest og Storehanen (491moh) i aust. Terrenget fell naturleg mot Herøyfjorden i nord. Naturleg utsiktsretning er nordover ut fjorden mot Nerlandsøya, Bergsøya og Leinøya. Elles er dette eit typisk kystlandskap – ope og med flott utsikt i alle retningar.





### Solforhold/lokalklima

Vedlagt følger sol/skuggeanalyse for området som syner soltilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Det er utarbeidd to analysar der nr.1 er overordna for heile Moltustranda. Nr.2 viser sol/skuggeverknad frå bebyggelse basert på ei utbygging i samsvar med illustrasjonsplanen og innanfor tillatne bygningshøgder og flate tak. *Ein poengterer igjen at illustrasjonar, herunder illustrasjonsplanen, ikkje er juridisk bindande og at val av bygningstypar o.a ikkje er gjort på dette stadiet.*

Som ein ser er Indre Moltumyr svært solrikt, og generelt har eksisterande bebyggelse veranda på nord- og vestsida gjerne også med ein opparbeidd uteplass på sørsida. Beste soltilhøva vil naturleg vere på sør- og vestsida av bygga, med beste utsikt mot nord.

### Estetisk og kulturell verdi

Området har ingen registrerte estetisk eller kulturelle objekt, men ein er oppmoda om å – så lang mogleg – ta vare på steingarden langs sørlege grense av gbnr.60/38.

### 5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar ([www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet, men som nevnt ovanfor ein steingard som det er ynskjeleg å bevare. Elles er det i samsvar med innspel frå fylkeskommunen gjennomført arkeologiske registreringar utan funn.

### 5.6 Naturverdiar

I følgje kartbasar som [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

### 5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har etter det vi kjenner til ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

### 5.8 Landbruk

I følgje [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) består hovuddelen av planområdet av overflatedyrka jord og open skrinn fastmark. Observasjonar i felt tilseier at vegetasjonen i området hovudsakleg består av torv og lyng.

### 5.9 Trafikkforhold

#### Avkøyrslø/tilkomst til planområdet

Planområdet får vegtilkomst frå to sider der vestre del av planområdet vert tilknytt Fv10 i eksisterande avkøyrslø, medan austre del får tilkomst frå vegen Monsplassen.

#### Vegsystem

I nord ligg Moltuvegen/Fv10, i sør den kommunale vegen Monsplassen som munnar ut i Nygjerdevegen i aust. Nygjerdevegen er hovudsamleveg for bustadfeltet og er opparbeidd med vegbreidde ca 4m. Vegen har blanda funksjon men er regulert med breiddeutviding og fortau heilt frå krysset med Monsplassen og ned til Fv10. Monsplassen er ei bustadgate/sekundærveg med fartshumpar og opparbeidd vegbreidde på ca 3m. Vegen har blanda funksjon.

#### Trafikkmengde

Årsdøgntrafikken for Fv10 forbi planområdet er ihht SVV sine kartbasar ca 350. Dei kommunale vegane har ein ikkje tal for, men vanleg praksis er å legge til grunn 3,5 bilpasseringar/døgn/bustad.

#### Ulykkessituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar

SVV har ingen registrert personskaade ved sjølve planområdet, men i krysset Myrabakken/Fv10 var det i 2004 ei sykkelulukke og i 1998 påkøyrslø av eit barn som leika i vegbana. SVV opplyser at det går ein del tungtrafikk langs Fv10.

#### Kollektivtilbod

Det går buss langs Fv10 forbi planområdet.

## 5.10 Barn sine interesser

I enden av Monsplassen har grendalaget avtale om å disponere den kommunale tomta til leikeplass. Denne er opparbeidd og i bruk.

## 5.11 Sosial infrastruktur

### Skulekapasitet

Moltu skule er fådelt (1-7 klasse), har god kapasitet og ligg ca 750m aust for planområdet.

### Barnehagedekning

I krysset mellom Nygjerdevegen og Monsplassen – ca 250m frå planområdet - ligg Moltu barnehage. Denne er kommunal, pr. dato med ei avdeling og har god kapasitet.

### Butikk

Ved krysset Fv10 og Nygjerdevegen ligg nærbutikken – om lag 500m frå plangrensa.

## 5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag.

## 5.13 Teknisk infrastruktur

### Vatn og avløp

Området har vassforsyning frå privat vassverk – Moltustranda vassverk, og Herøy vasslag si hovudvassleidning går også gjennom området. Ein viser her til VA-rammeplanen som er lagt ved som illustrasjon der også dimensjonar er påført iht. opplysningar frå Herøy vasslag.

I same trasè har Herøy kommune liggande ei spillvassleidning (160mm. PVC) som vert å knyte seg til. Når det gjeld avløp (spillvatn) er der mange ulike løysingar i området både private og felles herunder septik-tankar eller felles private avløpsleidningar. Ein antar likevel at eigedomar nær kommunal SPV-leidning er tilknytt denne. Kommunalt reinseanlegg er elles under planlegging nord for Fv10 og vil ta imot alt avløp frå busetnaden på Moltustranda når ferdig. I samband med arkeologisk kartlegging utarbeidde forslagsstillar ei skisse over rør, kablar og steinsatte veiter i planområdet. Denne følgjer som illustrasjon, med atterhald om feil eller manglar.

### Trafo

Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området er ivaretatt. I Myrabakken bustadfelt aust for planområdet finnast både høgspenlinje (22kV), trafokiosk og telekablar i luftspenn.

### Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknytning til fjernvarmenett.

## 5.14 Grunnforhold

### Stabilitetsforhold



Planområdet ligg i sona for marine strandavsetningar.


## Skredfare

NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ligg utanfor aktsemdsona for snøskred.

### 5.15 Støyforhold

Fv10 har ein ÅDT på 350 og eksisterande bustadhus nærmast Fv10 ligg delvis i gul sone (Ldb 55-60).

Planområdet ligg godt utanfor sona og er ikkje utsett for vegtrafikkstøy.



### 5.16 Luftforureining

Der er ingen kilder til luftforureining i området som utløyser behov for tiltak. Vegstøv frå Fv10 er vurdert til å ligge godt under grenseverdiene i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

### 5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

I følge NVE sin kartbase består planområdet av marin strandavsetning som kan bety ustabile massar i grunnen. Myrabakken bustadfelt ca 120m aust for planområdet ligg i same sona og i reguleringsaka som kommunen sjølv utførte i 2015 vart det gjort vurderingar rundt stabilitet som kan gjerast gjeldande også for denne planen. Kommunen fekk stadfest frå NVE at det ikkje er særskild fare i dette området knytt til verken grunnforhold eller skred.

I kommunen si utgreiing viste ein m.a til synfaringar i området utan teikn til risiko, herunder synfaringar på gbnr.60/441 i samband med oppføring av ein garasje og samtalar med grunneigar.

Vi legg elles til ein uttale frå Einar Anda – tidlegare fylkesgeolog – i samband med planarbeid i Hareid kommune i 2012:

«NGU sitt kvartærgeologiske kart viser **marint strandmateriale** i området. Denne jordarten er utvikla like etter siste istid med bølgevasking og sortering i strandsona. Dei finkorna partiklane er ført bort med bølger og straum, medan dei grove partiklane ligg att. Marint strandmateriale har normalt høg stabilitet. Fylkesmannen si grunngraving er at det kan ligge ustabil marin leire under strandmaterialet, noko som er vanleg i område med store marine avsetningar (typisk for låglandet i Trøndelag og på Austkysten). Langs kysten av Møre og Romsdal, og særleg på Sunnmøre, finn ein knapt nok marin leire. Årsaken til dette er den låge marine grensa. Havet har ikkje sått særleg høgt etter den siste istida, kanskje 20 meter over denne lokaliteten som ligg 15-16m.o.h»

Opparbeiding av Myrabakken bustadfelt er no godt i gang utan at der er registrert ustabile massar. I sum vurderer ein difor planområdet som trygt m.o.t stabilitet/grunnforhold, men tek likevel med i føresegnene at det skal utvisast varsemd og gjennomførast grundigare undersøkingar ved mistanke om ustabile massar.

## 6 SKILDING AV PLANFRAMLEGGET

### 6.1 Planlagt arealbruk

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader frittliggande småhus (BFS)	8,44
Leikeplass (BLK)	2,26
Sum areal denne kategori:	10,70
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – grøntareal (SVG)	0,56
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,92
Gangveg/gangareal (SGG)	0,09
Køyreveg (SKV)	2,07
Sum areal denne kategori:	3,63
Totalt alle kategoriar:	14,33

## 6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

### Bustader frittliggande småhus (BFS)

Det er sett av 6 delområde for frittliggande småhus – BFS1-6.

BFS1-3 kan samla byggast ut til maksimalt 13 bueiningar inkl. eksisterande busetnad grunna restriksjonar i høve avkøyrsla mot Fv10 der ein føreset ÅDT<50 i sekundærvegen f\_SKV2. Bustadtypen kan være 2-manns, og/eller einebustadar som frittstående eller kjeda evt. med sekundærhusvære.

BFS4 kan byggast ut med inntil tre einebustader som frittstående eller i kjede evt. med sekundærhusvære. BFS5 og 6 er allereie bebyggt med einebustadar.

Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar på eigen grunn, derav ein som overbyggt i carport eller garasje.

### Leikeplass (o\_BLK1, f\_BLK2-3)

Gnr.60 bnr.220 i enden av Monsplassen er kommunal og i kommunedelplanen vist som bustadområde. Grendalaget har avtale med kommunen om bruk av tomta til leikeplass, har opparbeidd den deretter og ønskjer å halde fram bruken. For å sikre juridisk vern av leikeplassen er den difor teken inn i planframlegget og regulert til offentleg leikeplass/kvartalsleikeplass o\_BLK1.

I samsvar med kommuneplanen sin arealdel pkt.2.14 er det i tillegg sett av areal til nærleikeplassar slik at kvar bueining innanfor ein gangavstand på maks. 50m har tilgang:

F\_BLK2 (700m<sup>2</sup>) er felles for BFS1-3 og gir ca 50m<sup>2</sup> pr. bueining.

F\_BLK3 (460m<sup>2</sup>) er felles for BFS4 og gir ca 150m<sup>2</sup> pr. bueining.

Kvar leikeplass skal utstyrast med minst ei sandkasse, ein benk og eitt leikeapparat.

### Annan veggrunn – tekniske anlegg (f\_SVT og o\_SVT)

Område langs køyreveggar avsett til grøft, snøopplag, autovern, terrengmur m.m.

### Gangveg/gangareal (f\_SGG)

Privat/felles gangveg/gangareal felles for BFS1-3 som alternativ gangforbindelse austover til butikk, skule og barnehage.

### Køyreveg (f\_SKV1, f\_SKV2, f\_SKV3-4 og o\_SKV5)

F\_SKV1 og 2 er regulert som fellesveggar, men med snuplassar og breidder i samsvar med kommunale krav til offentleg A1-veg for å sikre tilgjenge for liten lastebil, renovasjons- og utrykningskøyrety m.m.

f\_SKV1 er opparbeidd fram til gnr.60 bnr.458, men må hevast og breiddeutvidast gjennom svingen for å møte kommunale krav om tilgjenge for utrykningskøyrety- herunder maksimal stigning 1:8. I følge kommunen opnar dette for ei framtidig kommunal overtaking. Dei ynskjer difor framleis å eige veggrunnen. Med lenginga austover skal f\_SKV1 tene som tilkomst til tre nye bustadar innanfor BFS4 i tillegg til einebustadane på gnr.60 bnr.143, 276 og 458 – altså totalt 6 bueiningar.

For å sikre nødvendig vegareal i svingen er det inngått avtale med grunneigarane på begge sider. For gnr.60 bnr.276 inneber avtalen m.a flytting av avkøyrsløse til nordsida av tomte og for gnr.60 bnr.143 er det gjennomført makebyte med den kommunale tomte 60/220.

F\_SKV2 kan forsyne maksimalt 14 bueiningar (inkl. gnr.60 bnr.398) utfrå grensa på ÅDT50 som er ein premiss i dimensjonering av frisikt mot Fv10. Elles får vegen maksimal stigning 1:10 og vegbreidder iht. A1-krava. I enden er avkøyrsløse mot f\_SKV3 dimensjonert som snuplass som opnar for evt. kommunal overtaking.

F\_SKV3-4 regulerast som private felles avkøyrsløse med breidder i samsvar med kommunal rettleiar pkt.2.4.

O\_SKV5 (lenging av Monsplassen) er offentleg og regulert i samsvar med krav til A1-veg (pkt.2.1)

### 6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

#### Plassering og bygningshøgde

Bygningar skal plasserast innanfor byggjegranser og med høgder som framgår av føresegner og plankart. Av omsyn til utsikt frå bustadrekka bak, er det for BFS1, 4 og 5 angitt maksimalt tillatt kote for møne/gesims på plankart og i føresegner. Utgangspunktet her er innmålt mønehøgde på gnr.60 bnr.458 (c+30,0) og innmålt veranda-dekke (c+30,3) på bustaden bak (gnr.60 bnr.273). Dette gjev ein differanse på 30cm som er lagt til grunn for resten av bakre tomterekke slik at alle bustadar bak feltet er sikra ein differanse på 30cm mellom den enkelte bustad sitt verandadekke og maks. tillatt møne-/gesimshøgde på bustaden som kjem framføre. Ein viser her til vedlagte terrengsnitt som illustrerer dette og understrekar (igjen) at bustadtype ikkje er valt og at illustrasjonar kun viser prinsippet.

For BFS1,4 og 5 er maksimal møne-/gesimshøgde låst i plan og føresegner med koter.

For BFS2,3 og 6 skal bustadbygg ha ei møne-/gesimshøgde som ikkje overstig 8,5m i høve gjennomsnittleg planert terreng.

For frittstående carportar/garasjer er maks. møne-/gesimshøgde satt til 4,5m.

#### Grad av utnytting (%-BYA)

For delfelta er det etter avtale med kommunen lagt til grunn slik grad av utnytting:

BFS1-3: %-BYA=40%.

BFS3-6: %-BYA=35%.

Parkeringsplassar skal inngå i berekning av utnyttingsgrad.

#### Antal bueiningar/fordeling

Innanfor plangrensa kan det oppførast følgjande:

- BFS1: Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittstående eller i kjede evt. med sekundærhusvære.
- BFS2: Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittstående eller i kjede evt. med sekundærhusvære.
- BFS3: Maks. 5 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittstående eller i kjede evt. med sekundærhusvære.
- BFS4: Maks. 3 bueiningar som frittstående eller kjeda einebustad evt. med sekundærhusvære.
- BFS5: Maks. 1 bueining som einebustad evt. med sekundærhusvære (bebygt).
- BFS6: Maks. 1 bueining som einebustad evt. med sekundærhusvære (bebygt).

Innanfor BFS1-3 kan det maksimalt etablerast 13 bueiningar.

## 6.4 Bumiljø/bukvalitet

### Barn og unge

Innanfor planområdet er det sett av tre leikeplassar. o\_BLK1 er opparbeidd av grendalaget på kommunal tomt og blir no regulert til offentleg leikeplass. F\_BLK2 og 3 er felles nærleikeplassar for planområdet slik at alle bueningar får tilgang til nærleikeplass innan ein gangavstand på maksimalt 50m. Leikeplassar opparbeidast med minst ein benk, ei sandkasse og noko fast dekke. Vidare er det lagt til grunn minste breidde 10m, største stigning 1:3 og mist 50m<sup>2</sup> pr.bueining i samsvar med gjeldande krav. Opparbeiding og krav til utstyr er nedfelt som rekkefølgekrav i føresegnene.

### Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol/skuggeanalyser syner soltilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Det er utarbeidd to analysar der nr.1 viser soltilhøva for heile Moltustranda inkl. planområdet. Nr.2 viser korleis sol- og skuggeverknader kan bli basert på ei mogleg utbygging av feltet. Denne analysen byggjer på vedlagte illustrasjonsplan og bygningar med flate tak og maks. tillatt møne-/gesimshøgde slik nedfelt i føresegnene. M.o.t skuggeveknad er flate tak å rekne som eit «worst-case» og difor naturleg å legge til grunn sidan planframlegget opnar for slik takform.

Som ein ser er Indre Moltumyr svært solrikt, og ulemper m.o.t sol/skugge på naboeigedomar nærmast fråverande.

Generelt har eksisterande bebyggelse veranda på nord- og vestsida, og gjerne også opparbeidd uteplass på sørsida. Beste soltilhøva vil naturleg vere på sør- og vestsida av bygga, med beste utsikt mot nord.

## 6.5 Parkering

### Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

Til kvar buening skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar på eigen grunn – derav ein overdekt i carport eller garasje.

## 6.6 Tilknytning til infrastruktur

### Vatn og avløp

Gjennom f\_BLK2 og vidare nordover gjennom Fv10 går det rør for vatn og spillvatn. Det er privat vassverk i området, og både Herøy vasslag si hovudleidning, Moltustranda vassverk si fordelingsleidning og Herøy kommune si spillvassleidning går gjennom området.

Det er difor lagt til grunn at bustader innanfor BFS1-3 knyter seg til vassverket og kommunen sine leidningar i prinsippet slik vedlagte VA-rammeplan syner.

Dersom ein oppnår avtale med grunneigarar om kryssing av teig og/eller sambruk av leidningar kan tilknytningane gjerast annleis, men prinsippet om tilknytning til offentleg avløp og vassverket si 110mm PVC-leidning står fast.

Som rammeplanen viser vil det bli nødvendig med ei mindre omlegging av den kommunale SPV-leidninga slik at denne vert flytta inn i den same traseen som vassleidningane i området regulert til leikeplass.

## 6.7 Trafikkløysing

### Køyretilkomst

Det er lagt til grunn køyretilkomst til BFS1-3 via ei mindre oppgradering/utviding av eksisterande avkøyrsløse frå Fv10 vest for gnr.60 bnr.398.

BFS4-6 får tilkomst frå den kommunale bustadgata Monsplassen like sør for feltet.

### Utforming av vegar

F\_SKV1 og 2 opparbeidast som fellesvegar, men med standard som for A1-veg. f\_SKV3/f\_SKV4 opparbeidast som privat felles avkøyrsløse og o\_SKV5 som offentleg A1-veg iht. kommunal rettleiar.

### Stigningsforhold

Lengdeprofil for dei ulike vegane er vedlagt. Utfrå gjeldande forhold oppnår ein ikkje kommunale krav til

stigning for f\_SKV1. Sidan vegen skal betene berre eit fåtal eigedomar har kommunen akseptert 1:8 som maks. stigning under føresetnad av at vegen elles dimensjonert for utrykningskøyrety. Vegen er difor regulert som felles for tilknytte eigedomar, men med breidder som ein A1-veg og med snuplass i enden. Dette opnar i følgje kommunen for evt. kommunal overtaking ved eit seinare høve. Også f\_SKV2 er regulert som felles, men med breidder som ein A1-veg og snuplass i enden. Stigning 1:10.

#### **Frisikt**

SVV har vore kritisk til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse mot Fv10 og kravd opparbeiding av regulert fortau langs Fv10 før utbygging av BFS1-3. Verken SVV eller kommunen ser føre seg ei snarleg gjennomføring av dette og evt. opparbeidinga vil difor måtte forskotterast av utbyggjar. Kostnadane med dette vil stoppe prosjektet, så i møte med SVV vart ein utfordra på å vurdere alternative tilkomststar og helst sjå planen i samanheng med eigedomen på vestsida. Dette er vurdert, men i samråd med kommunen held ein fast på opprinneleg plangrense og byggjer vidare på eksisterande avkøyrsløse med noko oppgradering. Ved å avgrense talet på tilknytte bueiningar har ein dokumentert overfor SVV at gjeldande krav til frisikt i avkøyrsla mot Fv10 er innfridd. Dette er dermed bakgrunnen for grensa på 14 bueiningar innanfor BFS1-3 og gbnr.60/398 som følgje av at ÅDT i f\_SKV2 må ligge under 50.

#### **Mjuka trafikantar**

Sjølv om frisikta er ivaretatt, opprettheld SVV sitt krav om opparbeiding av fortau då ein fryktar at utvida bruk vil tilføre fleire mjuka trafikantar langs Fv10. Ein vart difor i ein samtale med SVV sin sakshandsamar utfordra på å finne gode alternativ for mjuka trafikantar, slik at dei kjem seg austover mot skule, barnehage og butikk utan å måtte gå langs Fv10. Dette meiner vi å ha funne ei god løysing på ved å regulere inn ein gangsti langs leikeplassen f\_BLK2 sørover mot kommunal veg gjennom Monsplassen. På denne måten kan dei gåande nytte det same vegnettet austover som resten av bustadområdet på Moltu.

#### **Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold**

Alle vegar – unntatt o\_SKV5 - regulerast som felles for bustadane innanfor plangrensa. O\_SKV5 er offentleg og ei lenging av vegen Monsplassen. Herøy kommune ønskjer framleis å eige grunnen der f\_SKV1 vert opparbeidd.

### **6.8 Planlagde offentlege anlegg**

Ingen.

### **6.9 Miljøoppfølging**

Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

### **6.10 Universell utforming**

#### **Krav:**

Bygningar og uteareal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar og der alle bustaden sine hovudfunksjonar ligg på inngangsplanet skal krava til tilgjengeleg bueining gjerast gjeldande – jfr. Tek10.

#### **Løysing:**

Avheng av valt bustadtype – avklarast i byggjesak.

### **6.11 Uteoppfallsareal**

#### **Privat og felles uteoppfallsareal**

I samsvar med kommuneplanen er det sett av min.50m<sup>2</sup> til nærleikeplass innanfor ein avstand på 50m frå kvar bustad.

#### **Leikeplassar/grunngeving for evt. avvik frå vedtekter/normer.**

Ingen avvik.

#### **Tilkomst og tilgjenge**

Leikeplassane er organisert slik at dei kan nåast trygt av små barn utan å krysse trafikkareal.

### Sesongbruk

Både storleik og form på leikeplassane gjev etter vårt syn rom for god og variert leik til alle årstider og for alle brukarar. F\_BLK2 har ei form som gjer den eigna til akebakke.

### Andre uteoppfallsareal

Øvrig uteareal opparbeidast på eigen tomt tilpassa aktuell bustadtype – primært mot sør og vest.

### Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav

Rekkefølgjekrav vedr. opparbeiding av leikeplassar framgår av føresegnene.

### 6.12 Landbruksfaglege vurderingar

Reguleringsformålet er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med kommuneplanarbeidet.

### 6.13 Kulturminne

Inga endring som følge av plan.

### 6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Vedlagt VA-rammeplan som prinsippavklaring. Det utarbeidast plan for VA i samband med byggjesak.

### 6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Ingen.

### 6.16 Rekkefølgjekrav

Vegar og leikeplassar skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane.

## 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

### 7.1 Overordna planar

Planframlegget er i hovudsak i samsvar med overordna plan både m.o.t formål og utstrekning. Unnataket er leikeplassen som grendalaget har opparbeidd i enden av Monsplassen (gbnr.60/220) som er lagt ut til bustadområde i kommuneplanen. Denne blir no regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk.

### 7.2 Landskap og omgjevnader

Nedbygging av ubebyggt areal vil nødvendigvis endre landskapet sin karakter. Det er imidlertid lagt til rette kun for småhusbebyggelse med begrensa bygningshøgde som både ivaretek omsynet til utsikt frå bygningar bak og hindrar oppføring av bygg som verkar dominerande i høve omgjevnadane.

### 7.3 Staden sin karakter

Området rundt er i stor grad bebyggt med einebustader og planframlegget representerer såleis ei naturleg fortetting av eit etablert bustadområde.

### 7.4 Estetikk

Omsynet til estetikk skal ivaretakast og synleggjerast i den enkelte byggjesaka.

### 7.5 Kulturminne og -miljø, ev. verneverdi

Inga endring som følge av plan. Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i området, men delar av steingarden langs f\_SKV1 vil truleg gå tapt grunna behov for utviding og heving av veggen.

### 7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artskart.no](http://www.artskart.no) viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ufrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem



i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

### 7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Regulering av opparbeidd leikeplass i enden av Monsplassen gjev denne eit juridisk vern og sikrar vidare bruk. I tillegg er det regulert inn to nærleikeplassar som ivaretek særleg dei minste barna sine behov. Elles er området utanfor plangrensa rikt på rekreasjonsmoglegheiter som t.d fjellturar og fiske.

### 7.8 Trafikkforhold

#### Vegforhold

BFS1-3 får køyretilkomst via eksisterande avkøyrsløse frå Fv10 – med noko oppgradering/ breidde-utviding. BFS4-6 får tilkomst frå den kommunale bustadgata Monsplassen like sør for feltet.

#### Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Som omtalt framanfor vert vestre del av planområdet tilknytt Fv10 i eksisterande avkøyrsløse vest for 60/398. Ein føresetnad for utvida bruk er at talet på tilknytte bueiningar ikkje overstig 14 som tilsvarar ein ÅDT på 50. Fv10 har i dag ein ÅDT på 350. Under føresetnad av maks 14 bueiningar er det dokumentert at krava til friskt er ivaretatt i avkøyrsløse og som alternativ for mjuke trafikantar er det regulert inn ein gangsti sørover mot kommunalt vegnett. Med dette er det ingen som treng å gå langs Fv10.

Innanfor BFS4 er det høve til opparbeiding av maksimalt tre einebustader evt. med utleigedel. Desse får tilkomst via den kommunale bustadgata Monsplassen. F\_SKV1 gjev i tillegg tilkomst til tre eksisterande einebustadar. I sum gjev dette ein marginal trafikkauke langs kommunale vegar.

### 7.9 Sosial infrastruktur

Busetjing av barnefamiljar vil kunne styrke driftsgrunnlaget for både barnehage, skule og nærbutikk.

### 7.10 Universell tilgjengeligheit

Ved utbygging vil relevante krav m.o.t tilgjengeleg bueining bli gjort gjeldande.

### 7.11 Energibehov – energibruk

Det leggst til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.) kombinert med vedfyring.

### 7.12 ROS

**Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?**

Nei.

### 7.13 Teknisk infrastruktur

#### Vatn og avløp

Ny busetnad knytast til stamma som går gjennom f\_BLK2 – jfr. VA-rammeplan. Ein føreset at leidningane har nødvendig kapasitet. Dimensjonering og plassering av leidningar og kummar – herunder evt. brannkum – avklarast i samråd med Herøy kommune og Moltustranda vassverk i prosjekteringsfasen.

### 7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen som følgje av utbygginga utover drift og vedlikehald av kommunal veg ved evt. kommunal overtaking.

### 7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for næringsinteresser utover at auka busetnad vil kunne styrke driftsgrunnlaget for både skule, barnehage og nærbutikk.

### 7.16 Interessemotsetnader/konflikttema

Ein registrerer med undring at planarbeidet allereie før varsling utløyste uvanleg sterk aversjon hos enkelte i nabolaget. Av merknadane ser ein at desse enkeltpersonane har fått med seg fleire i det som framstår nærmost som ein kampanje mot både konsulent, forslagsstillar og Herøy kommune. Vi noterer oss også at nokre av dokumenta inneheld konspiratoriske skuldningar av til dels injurierande karakter. Som planfagleg

konsulent må ein imidlertid kommentere alle innspel på ein sakleg måte. Det er å håpe at ein har lukkast.

Mange av argumenta går igjen i fleire innspel og ber preg av manglande kunnskap om planprosessen, kombinert med misforståelsar og feiltolkningar av dokument i saka. Vi ser m.a at eit vedlegg til referat frå oppstartsmøtet er blitt tillagt feil betydning. Vedlegget viser eit utkast til plankart utarbeidd av kommunen i 2013 som ein ikkje gjekk vidare med men som kommunen nytta som underlag/kladd/notatblokk i møtet. I referatet viser ein til desse notatane som dermed måtte følgje med ved varsel om oppstart. Det synest imidlertid som at dette vedlegget er blitt oppfatta som «vårt» plankart og sidan kartet ikkje samsvarar med politiske vedtak har påstanden om feil sakshandsaming kome opp.

Forutan det som framstår som ein generell motstand mot nyetablering, er det 3 konfliktema som utmerkar seg.

- 1) Utsikt  
Frå bustadrekka bak/sør for feltet er det bekymring for å misse utsikt. Her er det difor gjort eit grundig arbeid med å måle inn verandahøgden samt møne- og gesimshøgde på bustaden på 60/458 framfor 60/273. Ein har så lagt til grunn at ingen av bustadane i rekka skal bli påført større utsiktstap enn bustaden bak 60/458. Basert på dette er det sett krav til maksimal møne- og gesimshøgde for nye bustader i reguleringsføresegnene.
- 2) Trafikkbelastning/vegssystem Monsplassen  
Ein teori som har utvikla seg er at SVV vil nekte tilknytning mot Fv10 og at utbyggar då har til hensikt å føre all trafikk frå feltet oppover mot Monsplassen. Dette sjølv om alle dokument i saka seier noko anna. Så vert det hevda at Monsplassen i realiteten vil få tilført meirtrafikk tilsvarande ÅDT=240 som igjen tilsvarer 68 bueiningar. Sett i lys av dette kan ein forstå uroa, men når realiteten er 3 bueiningar og ein auke i ÅDT på ca 11 er det etter vårt syn liten grunn til uro verken av omsyn til trafikktryggleik eller vegoverbygninga. Ein kan også legge til at tilkomstvegen til 60/458 vil bli vesentleg oppgradert både m.o.t breidde og stigning, og blir også opparbeidd med snuplass.
- 3) Trafikkbelastning/vegssystem Fv10  
Størstedelen av feltet er planlagt med tilknytning til Fv10 via eksisterande avkøyrsla vest for 60/398. SVV er kritiske til dette då dei fryktar tilførsel av fleire mjuke trafikantar mot Fv10. Her har ein på oppfordring funne eit godt alternativ for gåande å kome seg austover mot butikk, skule og barnehage.

### 7.17 Avveging av verknader

Ein har i planframlegget teke vesentlege omsyn til innspela som er komne både når det gjeld utsikt og trafikale forhold. I høve opprinnelege planar er talet på bueiningar redusert og låst i høgd slik at utsiktstap frå bustadar bak er minimert. I tillegg er det meste av feltet tilknytt Fv10 og ikkje det kommunale vegnettet som er hevda å ha for dårleg standard til særleg meirtrafikk.

Overfor SVV er det dokumentert at med eit øvre tak på 14 tilknytte bueiningar stettar avkøyrsla krav til frisikt nedfelt i SVV sine vegnormalar. Ein har i planframlegget også lagt til rette for at gåande skal ha eit betre alternativ enn langs Fv10 austover mot skule og nærbutikk.

Etter vår vurdering finnast det difor ikkje argument som talar i mot at området kan byggast ut innanfor dei rammene som planframlegget set.

## 8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

## 9 INNKOMNE INNSPEL TIL SØKNAD OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 4 innspel til kommunen. Desse er oversendt for kommentar og i si heilheit vedlagt.

## 9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

### 9.1.1 Innspel 1: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015)

Oppsummering av merknad:

Ser føre seg at ei utbygging med 15 bueiningar vil generere ein auke i ÅDT for vegane Monsplassen, Myrabakken, Nygjerdet på ca 240 og at vegane ikkje er dimensjonert for dette eller anleggstrafikken. Spør kven som skal betale reparasjon av vegane etter anleggsperioden. Påpeikar at vegane manglar gangfelt, og ikkje er godt nok opplyst og at trafikken vil kome i konflikt med barnehage/leikeplass. Viser til at vegen vert brukt som skuleveg også for barn som kjem frå ytre/øvre del av bygda pga trafikken langs Fv10. Stiller krav om gangfelt langs Monsplassen/Nygjerdevegen og tettare belysning. Varslar krav om erstatning for verditap langs vegane. Viser til at steingarden må vernast. Stiller seg uforståande til val av tilkomst når det finnast kortare og flatare tilkomst frå Fv10. Krev at kommune kjem på synfaring og at tilkomst må etablerast frå Fv10. Avsluttar med å påpeike at feltet vil kome i konkurranse med det kommunale bustadfeltet like ved, at overskot på tomter vil gje verditap på eksisterande eigedomar.

*Kommentar:*

- Planframlegget har delt tilkomst med inntil 14 bueiningar frå Fv10 og 6 (inkl. 3 eksisterande) frå Monsplassen. Dette genererer hhv. ÅDT=50 og ÅDT=12.
- Vegar med breidde som Monsplassen er iht. Herøy kommune sin rettleiar dimensjonert for inntil 50 bueiningar. Etter det vi kan sjå av [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no) er det pr. dato tilknytt ca 30 bueiningar + barnehagen. Med tre ekstra einebustadar evnt. med sokkelhusvære vil ein framleis ligge innanfor.
- Steingarden nord for gbnr.60/276 er ikkje registrert som kulturminne, men vil likevel bli bevart så langt praktisk mogleg.
- Val av tilkomst er gjort utfrå moglege alternativ og vi deler ikkje synet på at tilkomst frå Fv10 er flat.
- Når det gjeld konkurranseaspektet i høve kommunale felt og potensielt verditap på eksisterande eigedomar viser vi utan yttarlegare kommentar til kommuneplanen som opnar for bustadbygging både på gbnr.60/32 og i eit langt vidare omfang. Det er dermed eit politisk ønske om bustadbygging i relativt stort omfang på Indre Moltu. .

### 9.1.2 Innspel 2: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015)

Same ordlyd som i 9.1.1, men med fleire underskrifter. Sjå difor kommentar ovanfor.

### 9.1.3 Innspel 3: Herøy Vasslag (datert 24.04.2015)

Gjer merksam på at hovudvassleidninga til Herøy vasslag går gjennom det omsøkte området og at der er krav om avstand frå den til faste konstruksjonar.

*Kommentar:*

*Iht. Herøy Vasslag sitt reglement pkt. 3.4 er avstandskravet mellom vassleidning og bebyggelse minst 4m. Avstandskravet er sikra ved bruk av byggjegrense og evt. behov for omlegging vil skje i samråd med vasslaget.*

### 9.1.4 Innspel 4: Harald Sydhagen m.fl (datert 27.04.2015)

Protesterer mot tenkt veg til privat bustadfelt til familien Truelsen og ber om kontaktinfo til saksbehandlar.

*Kommentar:*

*Viser til øvrige merknader frå H.Sydhagen i saka.*

## 10 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med varsel om oppstart kom det inn xx innspel. Desse er i si heilheit vedlagt med kommenterte utdrag nedanfor:

### 10.1 Innspel (samandrag med kommentar)

#### 10.1.1 Innspel 5: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 29.12.2015)

Barn og unge:

Viser til krav m.o.t felles opphald og leik og at det må opparbeidast rekkefølgjekrav i føresegnene der opparbeiding er knytt til ferdigattest for første buening.

Viser til utformingskrav i rundskriv T-2/08 og varslar motsegn om ikkje planframlegget tek tilstrekkeleg omsyn til barn og unge sine interesser.

Automatisk freda kulturminne

Området har potensiale for funn og må kartleggjast.

*Kommentar:*

Barn og unge: *Det er sett av tre område til leikeplass, herunder ein offentleg og to felles nærleikeplassar.*

*Utformingskrava er innfridde og det er teke inn rekkefølgjekrav i samsvar med merknad.*

Automatisk freda kulturminne: *Det er gjennomført arkeologiske undersøkingar utan funn. Jfr. vedlegg.*

### 10.1.2 Innspel 6: Harald Sydhagen (datert 23.11.2015)

Etterlyser varslingsbrev også til dei som grensar til vegen Monsplassen sidan dette er ei stor utbygging. Etter karta (vedlagt) å dømme er tilknytninga til Fv10 sløyfa utan at planområdet er minskt tilsvarande som då betyr at utbyggar har tenkt å nytte Monsplassen som tilkomstveg til heile det planlagde byggefeltet. Viser til vedtak i FS95/15. meiner at utbyggar prøver å omgå vedtaket i FS95/15 ved å kome med tilsynelatande mindre planar men som det no viser seg aldri har hatt planar om tilknytning frå Fv10 eller har tenkt å redusere utbygginga. Forstår ikkje korleis utbyggar kan ta seg til rett, omgå kommunalt vedtak og sende ut varsel til naboar som heilt tydeleg ikkje samsvarar med vedtaket i FS196/15 eller FS95/15 utan at kommunen reagerer og stoppar all planlegging. Har ikkje tillit til planavdelinga og sakshandsamar. Det er heller ikkje sendt kopi av brevet til utbyggar.

*Kommentar:*

- *Utvida varsling datert 01.12.2015 vart utsendt (vedlegg). Sydhagen fekk utvida frist – 31.12.2015.*
- *Påstanden om at utbyggar forsøker å omgå politiske vedtak får stå som ein feilaktig og injurierande påstand som kunne vore unngått dersom ein sette seg betre inn i saka.*
- *I 2013 utarbeidde Herøy kommune eit forslag til plankart som dei av ulike grunnar ikkje gjekk vidare med. Dette plankartet vart nytta som skisse/kladd i oppstartsmøtet og påført ein del kommentarar som det også vert vist til i referatet. Av den grunn var det nødvendig at kladden følgde som vedlegg til referatet ved varsel om oppstart.*
- *At klagar ignorerer situasjonsplanen og det som står beskrive i tekst, og vel å legge til grunn denne kladden frå oppstartsmøtet som «fasit» på utbygginga stiller vi oss undrande til.*

### 10.1.3 Innspel 7: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

- a) Plankartet vedlagt varsel om oppstart er ikkje i samsvar med plankartet vedlagt revidert søknad om planoppstart datert 15.10.2015 og som ligg til grunn for vedtaket i F-sak 196/15. Der var det innteikna veg frå Fv10 til nordvestre del av feltet, noko som ikkje er innteikna på plankartet som følgjer nabovarselet. Dette plankartet vil resultere i auka trafikk gjennom Monsplassen.
- b) Understrekar at det må vere samsvar mellom reguleringsplan og politiske vedtak.
- c) Begge plankarta – både det som kommunen tilsendte 15.10.2015 og det som låg ved nabovarselet viser at det vil vere enkelt å bruke vegen gjennom Monsplassen for heile feltet. Ei slik løysing vart avvist i F-sak 95/15.
- d) Dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg må det vere i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15; «tre einbustader med utleigedel/hybel»
- e) Stiller spørsmål ved kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med og viser til avtale som grendalaget har med Herøy kommune vedr. bruk som leikeplass.

*Kommentar:*

- a) *Det aktuelle plankartet er som omtalt ovanfor altså eit utkast utarbeidd av kommunen sjølv i 2013 (før dette prosjektet starta opp) men som vart brukt som underlag i oppstartsmøtet og påført diverse notatar. I kommunen sitt referat – som alltid skal følgje varsel om oppstart av planarbeid – vart dette kartet med som eit vedlegg og har på merkeleg vis blitt oppfatta som «fasit» med all trafikk frå feltet ført gjennom Monsplassen. Dette er sjølv sagt ikkje intensjonen, og som ein vil sjå er det ferdige plankartet nærmast identisk med illustrasjonsplanen som følgde varslinga der vestre del*

- av planområdet får tilkomst frå Fv10 og berre tre nye eine-bustader får tilkomst frå Monsplassen.
- Viser til punktet ovanfor og legg til at det ikkje er vanleg å utarbeide plankart før ein varslar oppstart av planarbeid. Heile bakgrunnen for slik varsling er å sanke inn synspunkt som ein så forsøker ta omsyn til i det føreståande planarbeidet - herunder utarbeiding av plankart.
  - Som vist både i situasjonsplanen som følgde varslinga, og det endelege plankartet her er det ingen vegforbindelse mellom vestre del av feltet og Monsplassen. Avkøyrle plassering til kvar enkelt tomt er dessutan vist med pilsymbol på plankartet. Desse pilene er juridisk bindande og låser kvar ifrå eigedomen skal ha tilkomst. Som ein ser av plankartet er det kun dei tre tomtene lengst aust som – i tillegg til tre eksisterande einbustadar langs vegen - kan opparbeidast med tilkomst frå Monsplassen. Dei øvrige må tilknytast Fv10.
  - Jfr. punktet ovanfor. Kun tre einbustader med utleigedel/hybel vert tilknytt Monsplassen. - i samsvar med vedtak i F-sak 196/15.
  - Leikeplassen er teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern som leikeplass då den i gjeldande kommuneplan er utlagt til bustadområde. Leikeplassen skal bestå og er difor no regulert i samsvar med faktisk bruk som offentleg leikeplass.

#### 10.1.4 Innspel 8: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

- Viser til e-post av 26.11.2015 med lovnad frå konsulenten om å sende ut varsling om planoppstart i eit utvida område. Har ikkje mottat slikt varsel og krev utvida høringsfrist.

#### Kommentar:

- Utvida varsling datert 01.12.2015 vart utsendt. Sydhagen fekk utvida frist – 31.12.2015.

#### 10.1.5 Innspel 9: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

- Viser til at plankartet på siste side i nabovarselet ikkje er i samsvar med plankartet som låg ved revidert søknad om oppstart av planarbeidet og som ligg til grunn for vedtaket i F-sak 196/15. Der er det teikna inn tilkomstveg for nordvestre del av feltet via Fv10. Dette er ikkje innteikna på plankartet som ligg ved nabovarselet (vedlagt)
- Plankartet vi har fått tilsendt vil gje auka trafikk gjennom Monsplassen byggefelt.
- Det må vere samsvar mellom reguleringsplan og politisk vedtak.
- Begge plankarta, det kommunen fekk tilsendt 15.10.2015 og det som låg ved nabovarselet viser at det vil vere enkelt å bruke vegen gjennom Monsplassen byggefelt til heile det private feltet. Ei løysing som F-skapet samrøystes gjekk i mot i F-sak 95/15.
- Vegen gjennom Monsplassen er ikkje dimensjonert for stor trafikkauke og det er ikkje forsvarleg med mykje tungtrafikk gjennom eit etablert bustadfelt i byggeperioden. Viser til at Monsplassen sin leikeplass ligg tett inntil vegen.
- Ved Moltu barnehage er ein trafikkfarleg bakketopp. Ved avlevering/henting av borna vil det ikkje vere forsvarleg med passering av tungtrafikk.
- Dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg, må det være i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15; «tre einbustader med utleigedel/hybel»
- Stiller spørsmål ved kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med. Kva er planen med dette? Opplyser om at Herøy kommune har gitt grendalaget bruksrett som ikkje kan overdragast til andre utan eit nytt vedtak i kommunestyret.

#### Kommentar:

- Igjen vert det vist til skissa det vart kladda på i oppstartsmøtet. Jfr. tidlegare kommentarar. Legg også til at det til søknad om planoppstart følgde med ein situasjonsplan for å illustrere prinsippa vi ønskte å arbeide vidare med – altså ikkje noko plankart. Denne situasjonsplanen viste tilkomst frå Fv10.
- Viser til ovanstående.
- Ja, og det er det.
- Jfr. kommentar ovanfor herunder skilnaden på plankart og situasjonsplan. Det er ingen vegforbindelse mellom vestre del av planområdet og Monsplassen – og dermed heller ikkje mogleg å gje tilkomst til heile feltet frå Monsplassen.
- Det blir ingen stor trafikkauke gjennom Monsplassen. I byggeperioden vil det bli litt tungtrafikk, men

ikkje utover det som må forventast og som vegen er dimensjonert for å tole.

- f) Jfr. punktet ovanfor. Det er snakk om ei begrensa utbygging av tre einebustader og ein vegstubbe.
- g) Planframlegget er på alle punkt i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15 – tre einebustader med utleigedel/hybel.
- h) Som omtalt i førre innspel er leikeplassen teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern som leikeplass då den i gjeldande kommuneplan er utlagt til bustadområde. Leikeplassen skal bestå og er difor no regulert i samsvar med faktisk bruk som offentleg leikeplass.

#### 10.1.6 Innspel 10: Berit Ann Lillestøl og Fred Hansen (datert 20.12.2015)

Om lag likelydande med pkt.a-d ovanfor – sjå difor samandrag og kommentar der.

Har følgjande tilleggskommentar:

- a) Husa må byggast i trappetrinnsmonster då terrenget fell ned mot fjorden. Krev difor at grunnplanet for husa i øvste rekke ikkje må ligge høgare enn på kote +23 moh. Husa nedanfor må ligge tilsvarende lågare i terrenget.
- b) Krev også at det kun vert bygt ein-etasjes hus med takvinkel 18 grader og mønetak. Ved takvinkel over 18 grader må grunnplanet for husa senkast.
- c) Mønetoppen på dei andre husa i øvste rekke må vere lågare enn det som er bygt på gbnr.60/458.
- d) Kritiserer også plankonsulenten for ikkje å spele på lag med innbyggjarane i Monsplassen som blir berørte, gjennom informasjon om utbygginga i forkant. Vi opplever at dette blir «tredd nedover oss» og er med på å øydeleggje eit heilt bustadfelt.
- e) Det blir også sagt at ein vil tilby rimelege bustadar for unge og eldre, men slik vi ser det er utbyggjar kun ute etter å få flest moglege bueiningar på minst moglege areal på bekostning av eksisterande bustadar.
- f) Ber om konsekvensanalyse for eksisterande bustadar – med det alternativet som ligg i plankartet.

Kommentar:

- a) Bygningar må tilpassast terrenget, så vestre del (BFS1-3) er planlagt med avtrapping slik skissert og med høgdebegrensingar som i stor grad kjem merknaden i møte. Som omtalt framanfor er det foretatt innmåling av topp veranda for alle bustadane sør for f\_SKV1 samt møne- og gesimshøgda på 60/458. Ein fann då at møne på 60/458 ligg 30cm lavare enn verandadekke på bustaden bak (60/273). Tilsvarende er det sett maks. kotehøgda for møne på resten av bygningane i bakre rekke i forhold til nivå på verandadekke til bustaden bak. Sidan både terreng- og verandanivå stig mot aust kan det tillatast høgare mønehøgda dess lenger aust ein kjem. Tilsvarende vil nivået gå ned mot vest. Dette inneber at tillatt mønehøgda innanfor BFS1 vil ligge ca 1m lavare enn mønehøgda på 60/458. Ein viser til vedlagte snitt som illustrerer dette. .
- b) Ved innføring av maksimal mønehøgda, er omsynet til utsikt frå bygningar bak etter vår vurdering sikra på beste måte. Vi ser difor ikkje behov for ytterlegare regulering av etasjetal, takvinkel, takform etc. Det må t.d vere høve til oppføring av bygningar med flat takform så lenge kravet til maksimal møne-/gesimshøgda er innfridd.
- c) Jfr. punkt a)
- d) Planarbeidet er varsla på vanleg måte og i samsvar med regelverket ved varslingsbrev til naboar og offentleg mynde samt annonse i lokalavisa og på kommunen si heimeside. Vi vonar elles at det i planframlegget kjem fram at omsynet til nabolaget er tillagt stor vekt.
- e) Regulering og utbygging av bustadfelt er kostnadskrevjande. Det krevst difor eit visst tal bueiningar å fordele desse kostnadane på. Alternativet er få men svært dyre tomter. Ved å legge til rette for «mange» bueiningar går stykkprisen ned, og gjer det moglege både for eldre med ønske om noko mindre og lettstelt og yngre førstegangsetablerarar å kome i posisjon.
- f) Sidan plankartet ein viser til ikkje har relevans ifht. endeleg planframlegg antar vi at dette punktet går ut. Konsekvensar m.o.t utsikt synest elles belyst gjennom dei vedlagte snitta.

#### 10.1.7 Innspel 11\_Bjørnar Stokseth (datert 22.12.2015)

Om lag likelydande med merknadane som er kommentert ovanfor – sjå difor samandrag og kommentar der.

- a) Viser til plankartet på siste side som ikkje er i samsvar med kartet vedlagt revidert søknad om planoppstart. Fryktar at ein har til hensikt å føre all trafikk frå heile feltet inn på vegen gjennom

Monsplassen. Viser elles til at eksisterande vegnett ikkje har standard/kapasitet til slik trafikkauke eller anleggstrafikk og krev at dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg må det skje i samsvar med vedtak i F-sak 196/15 «tre einebustader med utleigedel/hybel». Resten av feltet må ha annan tilkomst.

- b) Viser elles til pkt.3.5 ang arkeologiske undersøkingar for området og at dette er viktig.
- c) Viser til referat frå oppstartsmøtet pkt.3.6 og spør om ikkje resultatet frå ROS-analysen bør ligge ved nabovarselet. Krev denne offentleggjort.
- d) Påpeker skredfare, at Moltustranda er ein U-dal m.m. Krev geologisk registrering.
- e) Ønskjer svar på kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med i planen.

**Kommentar:**

- a) *Plankartet det visast til er altså ei skisse til plankart utarbeidd av Herøy kommune i 2013 – altså lenge før dette planarbeidet vart sett i gang. I referat frå oppstartsmøtet har kommunen lagt ved dette med kommentarar som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet. Situasjonen no er i alle fall den at planframlegget er utforma slik at berre tre einebustader skal ha tilkomst via Monsplassen. Resten skal ha tilkomst frå Fv10. Dette i samsvar med vedtak i F-sak 196/15.*
- b) *Arkeologiske registreringar er gjennomført utan funn.*
- c) *ROS-analyse er del av planarbeidet og vert innlevert til kommunen saman med det ferdige planframlegget. ROS-analysen er ikkje utført når ein varslar planoppstart.*
- d) *Området ligg utanfor aktsemdsona for snøskred.*
- e) *For å sikre juridisk vern. Jfr.elles kommentar til Harald Sydhagen ovanfor.*

**10.1.8 Innspel 12\_Bodil Anett Torvholm (datert 28.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.9 Innspel 13\_Camilla Sydhagen (datert 28.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.10 Innspel 14\_Frode G.Vilnes, Eli Engebø, Frank Erik Vilnes (18.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.11 Innspel 15\_Tove Moltumyr (Jan-Kato Rooney) (27.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.12 Innspel 16\_Joakim Lien m.fl (27.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.13 Innspel 17\_Randi A. og Geir J. Rønning (21.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.14 Innspel 18\_Randi og Roar Arnesen (22.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.15 Innspel 19\_Rollaug Anja Lillestøl (21.12.2015)**

*Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.*

**10.1.16 Innspel 20\_Hjalmar Olav Jacobsen (29.12.2015)**

- a) Viser til forslag til planområdet og at forslaget er missvisande då bustaden deira på gbnr.60/399 ikkje er innteikna.
- b) Har fått utarbeidd ei analyse som viser tap av sollys i 3-4 mnd.
- c) Har investert mykje i uteområde og fryktar verdiforringelse og varslar søksmål mot Herøy kommune og utbyggjar for dekning av verditap.
- d) Ber difor utbyggjar legge inn desse begrensingane i planen:
  - a. Einebustad med utleigedel BYA 30% istadenfor KS 1,3daa med BYA 40%
  - b. Bustaden trekkast så langt tilbake som mogleg for å redusere mønehøgde/solvinkel.

- c. Krav til maksimal gesims- og mønehøgde
- d. Krav til type takkonstruksjon som reduserer mønehøgde og solvinkel.

Kommentar:

- a) *Det blir truleg igjen vist til plankartet/skissa/kladden som låg ved referatet – og som altså ikkje viser planane for vårt prosjekt – jfr. kommentarar rundt dette ovanfor.*
- b) *Merknaden er imøtekomt ved at området nærmast teiggrensa er regulert til nærleikeplass. I tillegg er det lagt inn byggjegrense i avstand 15m frå teiggrensa som sikrar yttarlegare avstand til bygning. Utfrå tomteinndeling, terreng- og vegnivå er det naturleg at bygningar innanfor BFS4 vert plassert i øvre og ikkje nedre del av tomtene. Slik plassering vil ikkje påverke soltilhøva på 60/399.*
- c) *Viser til punktet ovanfor.*
- d) *Ein opprettheld BYA35% som for øvrige delområde og fridom i val av takkonstruksjon. Mange hus i dag har t.d flate tak eller pulttak. Utover dette er merknaden imøtekomt – jfr. også pkt.b)*

#### 10.1.17 Innspel 21\_Monsplassen Grendalag v/Julie Sydhagen (04.01.2016)

Viser til avtalen med kommunen om bruk av gbnr.60/220 til leikeplass og spør om avtalen fortsatt vil gjelde og om grendalaget kan få kjøpe tomta.

Kommentar:

- *Viser til svarbrev frå kommune omkring dette, men legg til at tomta gjennom denne reguleringa vert gitt eit juridisk vern som leikeplass. I gjeldande kommuneplan er den lagt ut til bustad, men i planframlegget her er den foreslått regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk.*

#### 10.1.18 Innspel 22: Marita og Sverre Knotten (datert 11.12.2015)

Stiller følgjande spørsmål:

- a) *Kvifor er leikeplassen på Monsplassen med i planområdet? Kva er status på tomta og kva vil kommunen gjere med tomta.*
- b) *Stemmer det at høgda på planlagde bustadar er satt og kva blir den?*
- c) *Kva rettar har vi som naboar mot å bli innebygt?*
- d) *Området er myrlendt og her har vore utglidningar og jordras i samband med mykje nedbør mykje pga ei elv i austre enden av planområdet som går over sine breidder. Er ein obs. på dette slik at nødvendige geotekniske underøkingar vert gjort?*
- e) *Viser til at det i varsel om oppstart på siste side er med eit plankart stempla Herøy kommune 16.11.2013 og at dette forvirrar. Viser til samtale med Heidi Istad som opplyser at dette er eit gammalt kommunalt kart og at det berre forvirrar å ha det med. Kvifor er ikkje det sist godkjende kartet av 15.10.2015 som var godkjent i FSK 03.11.2015 med i «varsel om oppstart» av 16.11.2015. Kva reglar er det for slikt?*

Kommentar:

- a) *Som omtalt fleire stader blir tomta gjennom denne reguleringa gitt eit juridisk vern som leikeplass. I gjeldande kommuneplan er den lagt ut til bustad, men i planframlegget her er den foreslått regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk. Grendalaget skal framleis disponere tomta.*
- b) *Bustadhøgder framgår av reguleringsføresegnene.*
- c) *I utgangspunktet ingen, men ein søkjer så langt som råd å ta omsyn til naboar ved planlegging. Utsikt er imidlertid ikkje ein lovfesta rett.*
- d) *Omsynet til geotekniske forhold er ivareteke. Planområdet ligg i sona for marine strandavsetningar.*
- e) *Kartet på siste side var teke med fordi det vart nytta i oppstartsmøtet som underlag og kladd. Det vart påført kommentarar som referatet viser til , og difor nødvendig å nytte som vedlegg ved varslinga. Kartet vart utarbeidd av kommunen sjølv i 2013, men av ulike grunnar ikkje gått vidare med. Elles er det krav til at referat frå oppstartsmøte skal følgje med varsling om oppstart.*

#### 10.1.19 Innspel 23: Marita og Sverre Knotten (datert 05.01.2016)

Oppsummering av merknad:

- a) *Gata er ikkje eigna som anleggsveg til større og langvarige prosjekt.*
- b) *Gata er ikkje dimensjonert og eigna som tilkomstveg for vesentleg fleire einingar enn som nemnt i*



- varselet: tre einebustadar evt. med ekstra leiligheit/hybel.
- Det er flott utsikt . Ønskjer fleire velkomne, men ber om å få behalde utsikta. Ber om at bebyggelsen ikkje vbert lyfta opp frå eksisterande terreng/lagt på høge steinfyllingar.
  - Ber om at høgden på husa vert omtrent som husa i gata her: ei etasje utan loft.
  - Ber om at det vert gjennomført geotekniske vurderingar.

*Kommentar:*

- Omfanget av utbygginga er svært begrensa – tre einebustader og noko opparbeiding av veg.*
- Det er dette som er planlagt.*
- Utsikta er ivaretatt. Sjå omtale lenger framme.*
- Jfr. utgreiingar i planomtalen.*
- Grunnforholda er gjort greie for lenger framme i planomtalen..*

**10.1.20 Innspel 24: Paul Sindre og Ann Helen Tarberg (30.12.2015)**

Oppsummering av merknad:

- Ber om at reguleringa ikkje forringar solforholda på terrasse/plen mot plangrense sør for gbr.60/130.
- Kan ikkje akseptere oppbygging/utfylling av tomter og oppføring av bustadar sør for 60/13 med høgare mønehøgde i moh enn på 60/458.
- Ber også om at områdeast for 60/130 av same grunn vert regulert for bustad med maks. byggehøgde som for ein einebustad slik at total byggehøgde ikkje vert unaturleg høg og skjermende for omgivelsane. Må ikkje fråvike naturleg terreng i stor grad ved oppfylling/utbygging.
- Ved ei evt. oppbygging/utfylling av terrenget for opparbeiding av tomtene i tilknytning til 60/130 ber ein om at det vert framlagt plan for godkjenning m.o.t visuelle forureining.
- Ber også om at utbyggar planlegg drenering av grunnvatn og overvatn slik at dette ikkje vert ført inn på eigeidomen.

*Kommentar:*

- Det er gjennomført sol/skugge-analyse som syner at innanfor tillatt bygningshøgde vil ikkje soltilhøva her bli forringa.*
- Som omtalt andre stader er maksimal tillatt kote på møne/gesims satt utfrå verandanivå på bustaden bak.*
- Jfr. pkt. ovanfor.*
- Det skal ved byggesøknad framleggast situasjonsplan og snitt som viser arrondering av tomte.*
- Overvasshandtering er del av søknad og skal sjølvstilt ikkje påføre naboar ulemper.*

**10.1.21 Innspel 25: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 17.12.2015)**

Barn og unge:

Føreset at barn og unge sine interesser vert ivaretekne og viser til gjeldande krav m.o.t krav til fysisk utforming m.m:

- Ved etablering av 5 eller fleire bueiningar skal alle bueiningar innan 50m ha nærleikeplass for dei aller minste barna. Eigna areal må sikrast i plankart og førsegnene må sikre følgjande:
  - Minimum storleik på nærleikeplassen (50m<sup>2</sup> pr. bueining)
  - Areal smalare enn 10m skal ikkje reknast inn i leikearealet
  - Leikeareal skal ikkje vere brattare enn 1:3
  - Leikeareal skal ha gode sol- og vindtilhøve.
  - Areal som er satt av til køyreveg, parkering, fareområde, og med restriksjonar som hindrar barn i fri leik skal ikkje reknast med.
  - Nærleikeplassar skal oppsberidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
  - Nærleikeplassen skal vere opparbeidd før første bustadeining vert ferdigstilt i kvar sine område.
- Viser til merknad frå SVV og varslar at ei løysing som ikkje er tilfredsstillande m.o.t trafikktryggleik kan gje grunnlag for motsegn ved offentleg ettersyn.

*Kommentar:*

- a) *I tillegg til å sikre eksisterande leikeplass i enden av Monsplassen ved å regulere denne til offentlig leikeplass, er det sett av areal til to felles nærleikeplassar for planområdet. Leikeplassane stettar alle fysiske utformingskrav.*
- b) *Viser til merknad frå SVV og kommentarar til denne.*

#### 10.1.22 Innspel 26: Statens Vegvesen Region Midt (datert 03.12.2015)

Oppsummering av merknad:

- a) Slik eksisterande avkøyrsla er lokalisert og utforma er det ikkje særleg tilrådeleg i høve trafikktryggleiken i området med ei løysing der det vert lagt opp til auka trafikk i den private avkøyrsla.
- b) Utfrå trafikale tilhøve på eksisterande fylkesveg er det ikkje tilrådeleg å leggje til rette for ei regulering som vil føre til meir trafikk av gåande og syklande på den aktuelle vegstrekninga. Ein føresetnad for slik auka trafikk vil vere ei realisering av regulert gang- og sykkelveg langs Fv10.
- c) Det er viktig at heile arealet som i kommunedelplanen er utlagt til bustadføre mål og då spesielt den ubygde delen av tilstøytande areal på vestsida av planområdet vert vurdert mest mogleg heilskapleg og samordna med sikte på regulering og etablering av framtidig funksjonell og trygg vegløyning.
- d) Konklusjon: SVV finn utfrå dei trafikale tilhøva på fylkesvegen ikkje å kunne akseptere ei reguleringsløyning der det vert lagt opp til tilkomst for 10-12 bueiningar frå eksisterande private avkøyrsla frå Fv10 og med auka ferdsel av mjuke trafikantar på dagens fylkesveg. SVV føreset at reguleringa vert sett i samanheng med tilstøytande bustadareal med sikte på regulering av framtidsretta og trygg vegløyning for heile området som i kommuneplanen er avsett til bustadføre mål.

Dersom det gjennom reguleringa vert lagt opp til ei løysing som fører til særleg auka ferdsel av mjuke trafikantar på og langs fylkesvegen, bør det i reguleringsplanen innarbeidast rekkefølgekrav om opparbeiding av gang- og sykkelveg langs Fv10.

Statens Vegvesen vil vurdere å fremje motsegn ved offentlig ettersyn til eit planframlegg som ikkje tek omsyn til momenta vi har framheva i høve til vegtilkomst frå fylkesvegen og vegløyninga for mjuke trafikantar.

Kommentar:

- a) *Det vart avholdt møte mellom forslagsstillar/kommunen og SVV med formål å finne ei løysing. I etterkant av møtet utarbeidde plankonsulent dokumentasjon på at krav til frisikt i avkøyrsla er innfridd under føresetnad av at talet på tilknytte bueiningar ikkje overstig 14/ÅDT=50. SVV si skriftlege tilbakemelding var litt tvetydig, men i telefonsamtale same dag kom det fram at avkøyrsla som køyreveg ikkje er optimal, men kan akseptast dersom ein finn ei løysing der ein unngår tilførsel av fleire mjuke trafikantar til Fv10.*
- b) *På bakgrunn av denne tilbakemelding har vi regulert inn ein felles gangsti for vestre del av planområdet langs/gjennom felles leikeplass og sørover mot f\_SKV1 som igjen møter Monsplassen. Dette vil gje en trygg gangforbindelse austover som alternativ til Fv10.*
- c) *Utviding av planområdet vestover er ikkje aktuelt i denne omgang. I samråd med planavdelinga legg ein til grunn plangrensa i samsvar med politisk vedtak.*
- d) *Med inntil 14 bueiningar totalt tilknytt avkøyrsla mot Fv10 er krav til frisikt innfridd. Når ein også har funne eit godt alternativ til Fv10 for mjuke trafikantar, vonar vi at slik utvida bruk av avkøyrsla kan akseptast.*

#### 10.1.23 Innspel 27: Søre Sunnmøre Landbrukskontor (datert 04.01.2016)

Har ingen merknad til oppstart av planarbeidet.

#### 10.1.24 Innspel 28: Oppsitjarar i Monsplassen byggefelt (datert 14.11.2015)

Samandrag:

Meiner at vedtaket i FS196/15 den 03.11.2015 er teke på feil grunnlag og at det dermed er begått sakshandsamingsfeil. Ber difor om at Herøy FSK avviser vedtaket i FS 196/15 og gjer ei ny handsaming med slik grunngeving:

- 1) Viser til at FSK skulle ta stilling til revidert søknad med tilsynelatande mindre utbygging, men som

- altså er same området som tidlegare. Meiner det går klart fram av kart og søknad at et er snakk om tre byggesteg og at tre einebustader med utleigemoglegheiter betyr 2 etasjes hus og 6 nye bueiningar i b.trinn 1.Meiner det er tvilsamt at protestane ikkje er vedlagt saka for det nye formannskapet og at formannskapet då kan ha gitt løyve på feil grunnlag. Vart også lovde å verte varsla med eige brev i den vidare prosessen. Dette har ikkje skjedd, me har ikkje blitt varsla om nye søknadar, planar etc. Det er berre utbyggar som har blitt varsla og som naboar krev vi fullt innsyn og deltaking i planprosessen.
- 2) Gjeld at protestbrev fra naboar mottatt 11.mai 2015 ikkje kom FSK i hende. Vi vart merksame på dette kvelden før møtet i FSK og sende difor skriva til medlemmane om kvelden 18.mai pr. e-post. Viss ikkje hadde ikkje protestane kome FSK i hende, så kvar har dokumenta vore mellom 13-19.mai. Og kven har ansvaret for at dokumenta vart vedlagt saksdokumenta?
  - 3) Når no same saka er oppe i FSK etter små justeringar er ikkje breva våre lagt ved saka. Me har ikkje blitt varsla om dette før enn vi sjølve tek kontakt nokre dagar før møtet i FSK. Får då vite at saka skal opp i FSK den 03.11.2015 og det er for seint å sende inn nokon protest då me heller ikkje veit kva som skal handsamast. Tok det som sjølv sagt at våre brev vart vedlagt saka i den vidare proesessen. Det har ikkje skjedd.. Vi har ikkje blitt informert om noko i denne saka og føler oss overkøyr av både utbyggar og Herøy kommune i saka.
  - 4) Eit brev frå H.Sydhagen datert 27.04.2015 til planavdelinga vart heller ikkje vedlagt saka til FSK 19.mai 2015 med grunngevinga for seint innlevert. Brevet vart sendt pr.e-post 27.04.2015 i god tid før frist for innsending av saker til FSK.møtet 19.mai 2015.
  - 5) Kartet viser tre byggesteg der 2 og 3 er tenkt med tilkomst frå Fv10, men slik vi forstår det er det tvilsomt at SVV går med på dette. Kvar skal då 2 og 3 få tilkomst frå? Meiner det blir gjort forsøk på å omgå vedtaket i FSK 19.mai 2015 ved at utbyggar har til hensikt å bygge veg mellom byggetrinn 1,2 og 3 når SVV gir avslag på tilknytning mot Fv10. Meiner at «dette opplegget» som FSK vedtok er same sak som dei gjekk i mot 19.05.2015 og stiller seg uforståande til at FSK med få månaers mellom rom går einstemmig imot og legg krav til utbyggar om vegstandard gjennom byggefeltet for så 5mnd seinare gå einstemmig inn for at utbyggar kan bygge ut det prisvate byggefeltet og likevel nytte vegen gjennom byggefeltet som den er. Føler at kommunen kun passar på utbyggar sine interesser og ikkje naboane.
  - 6) Krev at FSK tek vedtaket i F-sak 196/15 opp til ny handsaming og gjer om på vedtaket om bruk av vegen gjennom byggefeltet utan krav til vegstandarden. Nye vedtak må vere i tråde med F-sak 95/15 og at utbyggar må utbetre vegen iht. vedtaket som vart gjort 19.05.2015.
  - 7) Merker oss at ny plangrense omfattar gbnr.60/147, 206 og 220. Viser til at bnr.220 vert nytta til leikeplass og at det er avtale om disposisjonsrette mellom grendalaget og kommunen. Om det no er slik at leikeplassen skal overdragast til fam. Truelsen så vert dette oversendt til advokat og fylket. Hevdar at dagens leiar av Monsplassen grendalag ikkje er varsla.
  - 8) Ber om at FSK vedtek at grendalaget fortsatt får disponere tomte til leikeplass vederlagsfritt og gir grendalaget forkjøpsrett til ein overkomeleg pris sidan det er grendalaget som har opparbeidd leikeplassen.
  - 9) Stiller også spørsmål ved bruken av vegen gjennom Monsplassen bustadfelt for store og tunge køyrety. Veit nokon kva akseltrykk vegen toler? For ikkje å snakke om vegen fram til Torgeir Hide som er gjort privat og som er smal og uoversiktleg. Også for privatbilar.
  - 10) Vegen gjennom Monsplassen vart bygd for transport av lettare bilar og ikkje t.d tunge betongbilar. Dette vil øydelegge vegen og det som ligg under som dreinsveiter, el-kablar, kloakkrør og vassrør. Når det gjeld den private vegstubben fram til T.Hide så ligg den kommunale kloakkleidninga rett under eine hjulsporet. Kva om den vert øydelagt av tungtrafikk. Her er også mange born som brukar vegen og dei skal vere trygge.
  - 11) Me oppsitjarar finn det merkeleg at kommunen ikkje kjem på synfaring slik at dei kan sjå kor smal og ueigna vegen er til anleggstrafikk i byggeperioden. Og kva trafikkauken betyr for oss som bur i området.
  - 12) Eit moment det er teke lite omsyn til av kommunen er at det er Nygjerdevegen og den bratte Myrabakken som er tenkt nytta som tilknytingsveg til byggeområdet. Kva med sikkerheita for ambulanse og brannbil vinterstida? Har erfart at slike bilar ikkje har klart å ta seg fram pga glatte og isete vegar sjølv når det vert strødd. Meiner difor at slik desse vegane er i dag er dei ueigna for tilkomst til fleire bustadar.

13) leikeplassen då den er opparbeidd og disponert av grendalaget sidan 1998. Siste punkta i

Kommentar:

- 1) a) Arkivering og intern distribusjon av kommunale dokument ligg ikkje til planleggjar å kommentere. Når det gjeld sjølv prosjektet er det som omtalt fleire stader slik at det kun er dei tre einbustadane i aust som får tilknytning mot Monsplassen – saman med eksisterande busetnad.
- b) Som plankartet viser er det ingen vegforbindelse mellom planområdet sin vestre del og Monsplassen. Dette inneber at det vil vere umogleg utfrå dette planframlegget å gje vegutløyising mot Monsplassen frå desse bustadane. Pilsymbola på plankartet er juridisk bindande og viser i frå kva veg den enkelte eigedomen skal tilknyttast. Som ein ser er det ingen slike pilsymbol frå vestre del og sørover.
- c) Når det gjeld merknaden knytt til manglande varsling synest det nødvendig med ei kort orientering om saksgangen ved planarbeid:  
 Når nokon vil starte reguleringsarbeid er det først eit såkalle oppstartsmøte mellom forslagsstillar, plankonsulent og kommune. Her presenterer ein for kommunen kva formålet med arbeidet skal vere, diskuterer løysingar på eit overordna nivå og blir av kommunen gjort kjent med dei ytre rammene for prosjektet, overordna plan, utgreiingstema etc. Kommunen utarbeider så eit referat frå møtet og sender dette til konsulenten. Så er det slik i Herøy og nokre andre kommunar at konsulenten må søkje kommunen om løyve til å starte reguleringsarbeidet, og som vedlegg til denne søknaden skal m.a referatet frå oppstartsmøtet følgje. Søknaden skal behandlast politisk og først etter eit politisk «grønt lys» kan ein starte sjølv reguleringsarbeidet som alltid startar med varsling av naboar og offentleg mynde, samt annonsering i avis og på kommunen si heimeside.  
**Det er altså først her at naboar og andre berørte normalt blir gjort kjent med/varsla om at det skal startast opp reguleringsarbeid.** Når fristen for merknader er ute, startar sjølv planarbeidet. Då prøver ein alltid så langt mogleg å ta omsyn til merknadane som er komne inn. Alle merknadane skal kommenterast av konsulent og leggst ved oversendinga av planframlegget til kommunen. Deretter vert framlegget behandla av administrasjonen (planavdelinga) som så lagar ei innstilling når framlegget skal til politisk behandling for å avgjere om framlegget skal leggst ut til offentleg ettersyn. Når det blir gjort vedtak om utlegging til offentleg ettersyn vert dei berørte på nytt tilskrivne og igjen gitt høve til å kome med synspunkt. Deretter opplever ein stundom at framlegget må omarbeidast i større eller mindre grad før det anten vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn eller godkjent direkte av kommunestyret dersom små eller ingen endringar.  
 Det er altså fleire høve for naboar til å kome med innspela sine.
- 2) Viser til kommentar ovanfor.
- 3) Viser til kommentar ovanfor.
- 4) Viser til kommentar ovanfor.
- 5) Viser til kommentar ovanfor.
- 6) Viser til kommentar ovanfor. Utover dette vil ei kommunale bustadgate av normal standard tole anleggstrafikk i eit omfang det her er snakk om. Som klagaren sjølv påpeiker legg ikkje vegstandarden opp til bruk av store anleggsmaskiner.
- 7) Leikeplassen på gbnr.60/22 er teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern slik at den også i framtida kan nyttast som leikeplass. I kommunedelplanen er tomte vist som byggjeområde, men blir no regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk. Når det gjeld spørsmål om kjøp viser vi til kommunen sitt svar til grendalaget på dette. Leikeplassen skal ikkje overdragast til familien Truelsen og det er i planframlegget lagt inn egne såkalla nærleikeplassar forbeholdt dei som høyrer til i planområdet.
- 8) Viser til kommentar ovanfor.
- 9) Viser til kommentar ovanfor. Vegen fram til Torgeir Hide (gbnr.60/458) vert oppgradert i samband med gjennomføring av planen. Vegbreidda vert som for ein kommunal A1-veg, og vegen vert heva/oppfylt i kurva slik at maksimal stigning opp mot Monsplassen vert 1:8 i samråd med kommunen.
- 10) Viser til kommentar ovanfor. Ved behov vert rør lagt om/senka slik at ein oppnår tilfredsstillande overdekning og vern mot leidningsbrot.
- 11) Viser til kommentar ovanfor, og at det er tale om ein marginal trafikkauke/begrensa anleggstrafikk.
- 12) Stiller oss undrande til at Myrabakken vert tillagt rolla som tilkomstveg til feltet. Denne vegen er svært bratt. Kommunen stadfestar at det er Nyggerdevegen som er hovudtilkomst til feltet. Dersom

*nødetatane ikkje er kjende med denne vegen og i staden nyttar Myrabakke, er det uheldig. Legg avslutningsvis til at Nygjerdevegen nyleg vart regulert med fortau frå Monsbakken til Fv10.*



# Detaljreguleringsplan for Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl.

Planidentifikasjon:  
1515-201514

Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningsdato  
dd.mm.åååå

Eigengodkjend av:  
Herøy kommunestyre

## §1. – AVGRENSING AV PLANOMRÅDET/GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa slik vist på plankartet. Innanfor denne grensa skal areala nyttast slik som reguleringsplanen (plankart og føresegner) fastset.

## §2. – ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

## §3. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med planen.

## §4. – KULTURMINNE

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stansast og regionalt kulturvernmynde varslast – jfr.lov om kultur-minne §8 andre ledd.

## §5. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

### 5.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5)

- 1111 Bustader frittliggande småhus (BFS)
- 1610 Leikeplass (BLK)

### 5.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2016 Gangveg/gangareal (SGG)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2019 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

### 5.3. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1 , §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140\_1)

## §6. – FELLESFØRESEGNER

- Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til regulerte vegar kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor byggeområda som følgje av byggesøknad.
- Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggjegrænse. %-BYA angir tillate bebygt areal i prosent av tomte sitt nettoareal. Parkeringsareal skal inngå i berekninga.
- Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomte og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

- d) Prinsippa bak universell utforming skal leggst til grunn i størst mogleg grad – jf. Plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- e) Innanfor byggeområda kan det om nødvendig oppførast trafokioskar, pumpe-stasjonar, bygg for el- og telenett eller andre tekniske innretningar. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa bebyggelsen elles i området.
- f) Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjekteringa. Slikt areal kan leggst på tilgrensande grunn.

## §7. – SITUASJONSPLAN/DETALJAR VED BYGGESØKNAD

- a) Ved byggesøknad skal det følgje situasjonsplan som viser:
  - Bygningsplassering også for garasje/carport sjølv om dette ikkje skal byggast samtidig.
  - Interne køyrevegar/avkøyrslø
  - Ev.terrengmurar
  - Kotehøgder på utvendig terreng (arrondering).
  - Minste uteopphaldsareal MUA (20m<sup>2</sup> pr. bueining.
  - Snitt som viser terreng og møne-/gesimshøgder i koter.
- b) Der bustaden sine hovudfunksjonar er samla på inngangsplanet skal krav til tilgjengeleg bueining leggst til grunn – jfr. Tek10.

## §8. – AREALBRUK

### 8.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

#### 8.1.1 Generelt:

- a) Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialvalg. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.
- b) Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasadar.
- c) Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eigen grunn iht. dei til ei kvar tid gjeldande kommunale krav. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.
- d) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygt areal - %BYA slik:
  - BFS1-3: maksimum %-BYA= 40%.
  - BFS4-6: maksimum %-BYA= 35%
- e) Dersom garasje ikkje vert bygt tilsvarande krav til tal parkeringsplassar skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20m<sup>2</sup> pr. bilplass.
- f) Som minste uteopphaldsareal ute (MUA) skal det til kvar bueining setjast av minst 20m<sup>2</sup> eigna for leik. Arealet skal framgå av situasjonsplan i byggesaka.
- g) Til alle bustadareala høyrer naudsynte anlegg for oppfylling av bygningane sin funksjon.
- h) Garasjar skal ikkje byggast større enn 45m<sup>2</sup> grunnflate og berre i ei høgde.
- i) Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3m og mønehøgde ikkje over 4,5m.
- j) Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje. Garasje vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal.
- k) Garasjer parallelt med veg kan plasserast inntil 2m frå regulert trafikkareal.

#### 8.1.2 Bustader frittliggande småhus (BFS):

- a) Innanfor BFS1-3 kan det oppførast maksimalt 13 bueiningar (inkl. eksisterande) som:
  - 2-mannsbustadar, frittliggande eller kjeda einbustadar evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgde:
    - BFS1: kote c+28,7
    - BFS2-3: 8,5m i høve gj.snittleg planert terreng.

- Garasjer, carport, buder og liknande.
  - Det kan etablerast platting og veranda som kan krage ut inn til 1m over byggegrensa. For BFS1 og 2 kan platting og veranda krage ut i retning mot køyrevegane SKV 3 og 4. For BFS3 kan platting og veranda krage ut i same retning (nord, nordaust).
- b) Innanfor BFS4 kan det oppførast:
- Frittliggande eller kjeda einebustadar – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
    - Vestre tomt: kote c+30,9
    - Midtre tomt: kote c+31,7
    - Austre tomt: kote c+31,7
  - Garasjer, carport, buder og liknande
- c) Innanfor BFS5 kan det oppførast:
- Frittliggande einebustad – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
    - Kote c+30,0
  - Garasjer, carport, buder og liknande.
- d) Innanfor BFS6 kan det oppførast:
- Frittliggande einebustad – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
    - 8,5m i høve gj.snittleg planert terreng.
  - Garasjer, carport, buder og liknande.

### 8.1.3 Leikeplass (BLK):

- a) o\_BLK1 er offentlig kvartalsleikeplass.
- b) f\_BLK2 er nærleikeplass felles for bustadar innanfor BFS1-3.
- c) f\_BLK3 er nærleikeplass felles for bustadar innanfor BFS4.
- d) Leikeplassar opparbeidast i samsvar med utformingskrav i kommunedelplanen slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med sandkasse, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassar skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.
- e) Der leikeplassane grensar til trafikkareal (gangveg, veg, parkeringsplass etc.) skal det setjast opp klatresikkert gjerde.

## §9. – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

- a) Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Skjemmande skjeringar og fyllingar er ikkje tillate. Skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomta skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte.
- b) Mur mot offentlig veg skal godkjennast av kommunen før oppføring.
- c) Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering krev støttemur mot nabo-tomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- d) Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane.
- e) Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e.l etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane.
- f) Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering av overvatn og grunnvatn og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- g) Kommunen og vassverket skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg nær inntil byggeområda.



## §10. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. §12-5, nr.2)

### 10.1.1 Køyrevegar (SKV)

- a) Avkøyrslar skal ikkje leggst til veg med mindre det er vist avkøyrslar eller avkøyrslapil på plankartet.
- b) Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrslar skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.
- c) Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7m over vegnivået. Ved avkøyrslar mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0,5m frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.
- d) I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggst på tomtegrunn/tilstøytande naboareal – jf. Pbl § kap.16. Evt. skråningsutslag i plankartet kan endrast som følgje av detaljprosjekteringa.
- e) I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-, tele-, og fiberkablur m.m.
- f) Vegar opparbeidast med breidder i samsvar med plankart og kommunal rettleiar slik:
  - f\_SKV1-2: med standard som for A1-veg.
  - f\_SKV3-4: med standard som for privat felles avkøyrslar.
- g) Eigeomstilhøve:
  - f\_SKV1-4: felles for tilknytte eigeomar.
  - o\_SKV5 er offentleg.

### 10.1.2 Gangveg-/gangareal (SGG)

- a) Felles gangveg for bustadar innanfor BFS1-3
- b) Opparbeidast med breidde 1,6m , fast dekke og belysning.

### 10.1.3 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

- a) Innanfor området er det høve til opparbeiding av grøfter, skjering, fylling, terrengmurar, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.

### 10.1.4 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

- a) Innanfor området er det høve til opparbeiding av skjering, fylling, terrengmurar.
- b) Jordskråningar skal tilsåast.

## §11. – OMSYNSSONER

### 11.1.1 Frisiktsone (H140):

- a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
- b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

## §12. – FELLESFØRESEGNER

### 12.1. REKKEFØLGJEKRAV

- a) Leikeplassar skal vere opparbeidde før bruksløyve for første buening vert gjeve.
- b) Vegar skal byggast ut samtidig med bustadane.

### 12.2. TERRENGBEHANDLING

- a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
- b) I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
- c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.
- d) Drenering utførast utan ulemper for omgjevnadane.

### 12.3. VEGETASJON

- a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
- b) Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

### 12.4. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

---

Arnulf Goksøyr  
-ordførar-

# REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang). Det er eit vilkår at forslagsstiller har sikra fagkyndig deltaking i oppstartsmøte.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. kan bringe fram nye moment eller føre til krav/behov for endringar i planarbeidet. Oppstartsmøte skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men ikkje avgjerde viktige punkt som skal gjerast greie for i vidare planprosess fram til endeleg vedtak.

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

<b>Sak:</b> 2014 / 1715	<b>Gnr.</b> 60	<b>Bnr.</b> 32
<b>Møtestad:</b> HERØY RÅDHUS	<b>Møtedato:</b> 17.12.2014	
<b>Deltakarar:</b>		
Frå forslagsstillar		Frå kommunen
Heidi Istad (Molvik)		Aleksander Zahl Tarberg
Kristin Hilde Truelsen		Jarl Martin Møller
Jan Truelsen		Fred Arnesen
Andre:		

## 1. Planføresetnader

### Plantype

- Områderegulering  
 Detaljregulering  
 Endring av reguleringsplan

**Området er omfatta av følgjande planar** (informasjon finn ein her [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Kommuneplanen sin arealdel..... Bustadformål med plankrav.....

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Bebyggelsesplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Er eigedomsgrenser i området av tilfredstillande kvalitet?

- Ja  Nei (Dersom nei, skal det gjennomførast oppmåling/kvalitetssikring før oppstart av plan)

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

**Avgrensing av planområdet** (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet. *Må tilpassast grense til planregion for vegplan, leireplass og bustadkult. Sja skiss.*

**Mål for planarbeidet:**

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

*Bustadformid 2. omgangsplan*

**Namn på planen:**

Forslagsstillar sitt forslag til namn: *Indre Moltanyn*

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad: .....

**Pågåande planarbeid**

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad: .....

**Planprogram**

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: *Nei*

**Konsekvensutgreiing**

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: *Nei*

**Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak**

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: .....

**2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:**

- Kommunale vedtekter/forskrift
  - parkeringsvedtekt
  - forskrift om gebyrregulativ

Merknad:  
*\* k-pln som gjeld  
2 plasser per beving.*

<input checked="" type="checkbox"/> Kommunale retningslinjer <ul style="list-style-type: none"> <li>- kommuneplanen sine retningslinjer</li> <li>- krav til leikeplassar</li> </ul> <input type="checkbox"/> Bestemmelsar i arealdel av k-plan	vinner RPR barn og ung k-plan arealdel.
--	---

3. Viktige vurderingar	
<p>3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)</p> <p>3.2 Strandsona til sjø og vassdrag</p> <p>3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar</p> <p>3.4 Miljøvern faglege vurderingar</p> <p>3.5 Kulturlandskap og kulturminne</p> <p>3.6 Samfunnsikkerhet og beredskap (ROS)</p> <p>3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser</p> <p>3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy</p> <p>3.9 Kommunaltekniske anlegg</p> <p>3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen</p> <p>3.11 Enkel trafikkanalyse (køyrevegar og sykkelvegar), dagens situasjon.</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: Byggegrense mot Infrastruktur</p>	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: 35 % BMA inkl p. arealdel. Stigge for Melvik Ikke relevant Ikke relevant Ikke relevant kan komme fram om registrering. Må vere med Ta med livsplass i reguleringsplan Opprett dialog med G/206 med sikte på samarbeide. Anslagsføring og hovedstamme for VA. Anslagsføring må inn på hovednett. Planarbeid. Offentlig veg. Må utføres etter reguleringsplan. • Belte for infrastruktur • Kvalitetssikring av vassleding sin lokalisering. Tilbakemelding

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Forslagsstillar skal følge kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:

Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	
<b>5. Kommunalteknisk anlegg</b>	
<p>Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget</p> <p><input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale</p>	<p>Merknad:</p> <p>Brannhennar furer i planarbeid.</p> <p>Må avklarast i plan.</p>

<b>6. Kommunen sine råd og vurderingar</b>	
Er planforslaget i samsvar med overordna plan?	JÅ.
Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	JÅ. MÅ VERE TEMA I PLAN
Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan?	JÅ.
Skal forslaget leggjast fram for formannskapet?	JÅ. MÅ SENDE OSS BREV
Vidare saksgang:	FÅR BREV FRÅ KONSULENT OG LEGG FRAM SAK FOR F-SKAP
Anna:	KOMMUNEN KYEM MED SEINARE TILBAKEMELDINGAR PA LEDNINGAR
<b>7. Stadfesting</b>	
<p>Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.</p> <p>Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn må gjerast av konsulent.</p>	

Stad, dato... FOSNAVÅG 17/12-14 .....

Representantar frå kommunen:..... Alvhaugen Takt Topp 

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... Harald Tuleen Jan Tuleen  
Heidi Støl  
 4

## Vedlegg: Oversikt over plandokument og plandata

Materiell	Filtype	Til fastsetting av planprogram/ varsel om oppstart	Til offentlig ettersyn	Til 2. gangs offentlig ettersyn	Kommentarer
Utfylt referat frå oppstartsmøte	pdf				Innsendast minst ei veke før oppstartsmøte
Planprogram	pdf	x	-	-	
Planprogram	word	x	-	-	
Planomtalem/vedlegg	pdf	x	x	x	
Planomtalem/vedlegg	word	-	x	x	
Planomtalem/vedlegg	papir	x	x	x	
ROS-analyse	pdf	x	x	x	
ROS-analyse	word	-	x	x	
ROS-analyse	papir	x	x	x	
Avis-annonser	pdf	x	x	x	
Avis-annonser	word	-	x	x	
Avis-annonser	papir	x	x	x	
Plankart	SOSI	-	-	x	Ei fil pr. vertikalnivå i planen, etter gjeldande SOSI-standard. Skal sendast inn etter offentlig ettersyn når planen er klar til slutthandsaming
Plankart	papir x3	-	x	x	I fargar
Plankart	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
Plankart	dwg	-	(x)	(x)	Dersom slike filer er tilgjengelige.
Teiknforklaring	pdf	-	x	x	Teiknforklaring til plankart
SOSI-kontroll	txt	-	x	x	Ei fil for kvar SOSI-fil.
Føresegner	pdf	-	x	x	
Føresegner	word	-	x	x	
Føresegner	papir	-	x	x	
Varslingsbrev	pdf	-	x	x	
Varslingsbrev	word	-	x	x	
Varslingsbrev	papir	-	x	x	
Innkomne merknader	pdf	-	x	x	
Innkomne merknader	papir	-	x	x	
-illustrasjonsplan	pdf	-	x	x	Målestokkriktig.
- 3-D modell	vrml	-	x	x	Alt. kml/kmz/x3d/3ds
Gebyrgrunnlag	pdf	-	x		

••• = Forslag til planområde

Make byte: Vegareal med lekeplass  
→ Tilleggsreal til bustad


Lekeplass offentlig

Offentlig vakkertumar

Trase kan nykkest til leir/fotobank

Grænse mot reguler Fylkesveg (Skal ikkje redast)

Offentlig vakkertumar





**Namn på tiltak/plan:** PlanID: 1515-201514 Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl.

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	



Sjekklista er gjennomgått 21.03.2017 av sign:



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2017/397
		Arkiv:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/17	Komite for næring, kultur og idrett	22.05.2017
86/17	Formannskapet	24.05.2017
	Kommunestyret	22.06.2017

### IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV FOTBALLHALL PÅ BERGSØY KUNSTGRASBANE SAMT STØTTE TIL TILTAKET

#### Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 22.05.2017

#### Tilråding:

1. Herøy kommunestyre godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fotball/treningshall på Bergsøy kunstgrasbane, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommunestyre gir løyve til at Bergsøy Idrettslag får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt. Kostnadar med etablering, tinglysing og overdraginga må idrettslaget dekkje. Ordførar får fullmakt til å signere skjøte for overdraginga.
3. Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og mva-kompensasjon til fotballhallen med inntil kr. 7 440 000, og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.



Særutskrift:  
Bergsøy Idrettslag Fotball v/  
Kommunalsjef Samfunnsutvikling  
Økonomileiar  
Kulturleiar  
Byggesaksbehandlar Eivind Flåskjær

**Vedlegg:**

- 1 – Anlegget sin plass i kommunal plan
  - 2 – Universell utforming
  - 3 – Teikningsgrunnlag (a-d)
  - 4 – Behovsoppgåve
  - 5-6 – Kostnad, finansiering, drift
- Søknad og kartvedlegg om bygsel av grunn

**Samandrag av saka:**

Bergsøy Idrettslag (BIL) søker med dette om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av fotballhall planlagt plassert på Bergsøy kunstgrasbane. Hallen er 75m x 42m og vil ha ei totalhøgde på 12 m til møne. «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» ligg til grunn for vurderinga.

I tillegg vert det søkt om bygsel av grunn og støtte til tiltaket gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Fylkeskommunen er forventa å gjere vedtak på om tiltaket skal tildelast spelemidlar i juni 2018. BIL planlegg å starte opp bygginga i august 2017 med forventa slutføring 1.kv. 2018. Dette inneber at det ikkje er samsvar mellom framdrifta til bygging og vedtak i tildeling av spelemidlar. I delvedtak 3 vert det rådd til at «Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknaden om spelemidlar vert godkjend.»

**Saksopplysningar:**

**Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning (delvedtak 1)**

Oppgåva til den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga er å beskrive om anlegget er funksjonelt.

**1. Anlegget sin plass i kommunal plan: Vedl. 1**

Anlegget er i handlingsprogram for ordinære anlegg plassert som prioritet nr. 9 «Fotballhall 100 x 60 m», med Herøy kommune og BIL som ansvarlege. Søknaden gjeld «Fotballhall 75m x 42m», med BIL som ansvarleg. Det er eit absolutt krav om at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må føreligge før tiltaket kan starte opp.

Vilkår for godkjenning:

BIL må søkje om revidering av tiltak og ansvarleg i handlingsprogram for ordinære anlegg. Frist for å søke kommunen er 5. juni dersom godkjenninga skal vere klar før planlagt start av tiltaket i august 2017.

**2. Universell utforming: Vedl. 2**

«Universell utforming er en strategi for planlegging og utforming av produkt og omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og

deltaking for alle.» (Universell utforming av idretts og nærmiljøanlegg V-0511).

Det er gitt orientering om; åtkomst utanfrå, parkeringssituasjonen, inngang og inngangssituasjonen for rørslehemma, og denne stetter krava til tilrettelegging for rørslehemma.

Det er òg gjort greie for innvendig tilrettelegging. Sistnemnde stetter krava med unntak av for 2. høgda i hallen der det er planlagt sosial/trening men utan planlagt åtkomst for rørslehemma.

Det er ikkje gjort greie for korleis ein skal utstyre til dømes garderobar/dusjar, skildring av løysingar for personar med nedsett høyrslé og synsevne.

Vilkår for godkjenning:

Det må utarbeidast plan med tilkomst for rørslehemma til sosial-/treningsareal i 2. av fotballhallen.

Det må gjerast greie for korleis ein skal utstyre til dømes garderobar/dusjar. Vidare skal ein skildre løysingar for personar med nedsett høyrslé og synsevne.

Sjå TEK 10, NS 1101:1:2009, plan- og bygningslova sine føresegner om universell utforming, standard for universell utforming av arbeids- og publikumsbygningar samt departementet sin rettleiar om universell utforming.

**3. Teikningsgrunnlag: Vedl. 3**

Søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal innehalde fullstendig teikningsgrunnlag; situasjonsplan, planteikningar, fasadeteikningar og snitteikningar. Endring i prosjektet må ha oppdatert førehandsgodkjenning.

**Situasjonsplan: Vedl. 3 a)**

Det er lagt ved situasjonsplan som viser korleis anlegget er plassert på eigedomen og i forhold til andre bygg eller anlegg. Fotballhallen er ikkje planlagt i fleire byggetrinn. Parkeringsplassar er teikna inn.

Tilkomstvegen frå parkeringsplassen ved badeland er uklar og bør teiknast inn før søknad om spelemidlar.

**Planteikningar: Vedl. 3 b)**

Det er lagt ved planteikning som viser alle etasjar, slagretning på dører og rominndeling. Det er ikkje gjort greie for innreiing i garderobar og WC.

Vilkår for godkjenning:

Det må utarbeidast planteikningar som viser plassering av dusjhovud, handtak og klappsete, benker og anna innreiing i garderobar. På WC skal ein vise plassering av toalett og vask, samt liknande utstyr.

**Fasadeteikningar: Vedl. 3 c)**

Det er lagt ved fasadeteikningar som viser anlegget si tilpassing til nabobygningar.

**Snitteikningar: Vedl. 3 d)**

Det er lagt ved snitteikningar som viser fri høgde. Tilkomst er omtalt i vedlegg 2. som trinnfrie og utan stigning.

#### 4. **Behovsoppgåve:** Vedl. 4

Vurderinga er at behovsoppgåva skildrar behovet for anlegget og moglegheitene for bruk på ein god måte.

Frå BIL si kartlegging av behov og resultat av denne:

BIL har dei siste åra opplevd ein stadig auke i tal aktive. Det er gjennomført ei måling av aktiviteten i BIL fotball gjennom ei tilfeldig veke i året, og denne viser at ca. 400 personar deltek i organisert trening mellom 2-5 gongar. Dette inneber 2 200 trening- og/eller kamptimar i løpet av ei veke.

Fotball har utvikla seg til ein heilårsidrett, og det er behov for å legge til rette for aktivitetar gjennom vinteren. BIL ynskter i utgangspunktet å bygge ein noko større hall, men grunna at etableringa skal skje på deler av eksisterande kunstgrasbane har ein vedteke bygging av ein 7ar hall. Med ei slik løysing opprettheld ein størrelseskravet til 9ar bane på resterande areal. Løysinga legg òg til rette for ei evt. utviding frå 9ar til 11ar bane ved eit seinare høve.

Den totale banekapasiteten vil med dette bli auka og ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak vil ein nå enno fleire unge spelarar enn i dag, og med det redusere fråfallet ein ser i ungdomsfotballen.

Hallen er òg tenkt nytta til BIL si fotballfritidsordning. Dette vil gi tilbodet ytterligare kvalitet, meir allsidig idrett og fleire vil finne tilbodet attraktivt.

Alternative plasseringar er utreia, men BIL har konkludert med at dette er den optimale plasseringa og som vil kunne gi synergiane dei ynskjer ift. aktivitet/tilbod i nærleiken.

#### 5. **Kostnadsoverslag:** Vedl. 5

Kostnadsoverslaget skildrar kva det vil koste å bygge anlegget.

#### 6. **Finansiering og drift:** Vedl. 5

Finansieringsplanen skildrar korleis ein tenkjer finansiere bygginga av anlegget.

Driftsbudsjettet skildrar korleis ein tenkjer finansiere drifta vidare.

Det er ikkje gjort greie for korleis anlegget skal driftast og vedlikehaldas. Det må i tillegg til årlege kostnader gjerast greie for korleis kostnadane skal finansierast, kven som skal gjere det og med ei vurdering av om idrettslaget har økonomi til å bære desse over lengre tid.

Vilkår for godkjenning:

Det må i tillegg til driftsbudsjettet utarbeidast ei skildring/utgreiing av korleis anlegget skal driftast og vedlikehaldas.

#### **Krav til idrettslege mål, sikkerheit og funksjon**

Planlagt bygg er ein fotball/treningshall. I fylgje «Målbok for idrettsanlegg» er banemåla å forstå som anbefalte, og oppgitte banemål på 60m x 34m er å sjå som innanfor regelverket.

Det er ikkje lagt ved dokumentasjon på vald idrettsdekke og at dette tilfredsstillar funksjonskrava, samt utrekningar som gjeld lys og at desse tilfredsstillar krava.

Vilkår for godkjenning:

Det må utarbeidast dokumentasjon på idrettsdekke og belysning som tilfredsstillar krava.

### **Utgreiing vedr. arkitektur, estetikk og miljø**

Det er ikkje lagt ved dokumentasjon som skildrar arkitektur, estetikk og miljø.

#### Vilkår for godkjenning:

Det må utarbeidast ei skildring/utgreiing om forhold som gjeld arkitektur, estetikk og miljøforhold. Sjå vedlegg 9 og 10 i «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» for meir informasjon.

### **Uttale frå ålanavdelinga - eigedomsrett eller feste-/leigerrett til grunn (Delvedtak 2) Vedl. 6 a-b), vedl. 3 a)**

Grunneigar er Herøy kommune og arealformålet er idrettsstadion.

Bergsøy IL v/Fotball har søkt om å få feste ei tomt til formål fotballhall på kommunal eigedom ved idrettsområdet på Myklebust. Tidlegare har idrettslaget fått feste tomt til klubbhus og ein ønskjer same mal i dette prosjektet då fotballgruppa sjølve skal stå som utbygger.

Rådmannen rår kommunestyre til at idrettslaget får feste naudsynt areal til formål fotballhall som omsøkt og at ordførar får fullmakt til å gjennomføre overdraginga.

### **Uttale frå byggesak – fotballhall Bergsøy Idrettslag**

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning:

Saka vedr fotballhall må gjennom vanleg byggesaksbehandling etter reglane i plan og bygningslova.

Det er no sendt ut skisser som viser ein hall plassert på del av eksisterande kunstgrasbane. Hallen er 75m x 42m og vil ha ei totalhøgde på 12m til møne.

Plasseringsmessig ligg den planlagde hallen på areal avsett til dette føremålet. Det vert ingen endra bruk og såleis kan ikkje ein på noverande tidspunkt sjå at ein slik hall vil utløyse krav om meir p-plassar. Området ligg relativt lavt i terrenget og det er relativ god avstand til nabobygg.

Det er viktig at hallen ikkje kjem i konflikt med vernesone og buffersone mot det nærliggande våtmarksområdet på Mylkebust.

Plasseringa må også ta omsyn til kommunal teknisk anlegg i grunnen og infrastruktur på området.

I den gjeldande plan for området er det ikkje gitt eigne reglar for byggehøgde. Ut ifrå dette gjeld dei generelle reglane om maks 8 meter til gesims og 9 m til møne. Her vert det søkt om 12 m møne.

Bygningsmynde ser på dette som eit behov for å gi hallen funksjonalitet inn mot fotballspel og finn at vilkår for å kunne gi dispensasjon bør vere tilstades etter pbl §19-2. Dette vert sjølvsagt ein del av byggesaksbehandlinga og det må grunngjevast det må også vere større fordelar enn ulemper og ein må vurdere evt

nabomerknader. Kommunen vil i utgangspunktet instille positivt til ein slik dispensasjon.

Fotballhallar vert etter brannlova §13 definert som særskite brannobjekt. Dette medfører særleg fokus på branntryggleik.

Fotballhallen må også vere tilpassa universell utforming – viser til dept sin veileidar for iniversell utforming i idretts og nærmiljøanlegg, samt TEK10 og UU i arbeids og publikumsbygg.

### **Kommunal forskotering (Delvedtak 3)**

Ifm. bygging av større idrettsanlegg tidligare år, har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket er det ikkje å anbefale at komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell.

Rådmannen anbefalar difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast gjennom forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

#### Spelemidlar:

Bygging av fotballhall er å rekne som eit ordinært anlegg i spelemiddelordninga.

Pr. d.d. har Herøy kommune forskottert kr. 22,3 millionar til ulike anlegg i høve spelemiddelordninga. Den største andelen av forskoteringane gjeld Sunnmørsbadet på kr. 17,1 mill. I løpet juni månad vil kommunen få tilbakemelding på om fylket vedtek å starte utbetalinga til badet i 2017. Frå fyrste utbetaling skjer forventar ein at den samla summen vil verte utbetalt i løpet av ei tre-års periode.

#### MVA-kompensasjon:

Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Bergsøy sitt hovudmål er å drive mest og best mogleg idrettsarbeid for born og unge, og med dette fremje folkehelse og trivsel, samt tilbod, til innbyggjarane i Herøy. Noko som vil bidra til å gjere Herøy ein enno betre stad å bu i.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

#### Konsekvensar for drift:

##### **Uttale frå økonomileiar:**

Konsekvens for drifta er dårlegare likviditet og reduserte renteinntekter med omlag kr. 100.000 eller auka rentekostnadar med omlag kr 200.00 per år om vi må bruke av trekkretten vår.

Fosnavåg, 11.05.2017



Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

## 7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018

## Revidert handlingsprogram

### 7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018

K.sak 111/16

	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Tot. invest kostnad i 1000 kr	Driftsutg pr. år	Finansiering			Anleggsstart						
					Komm .midlar	Spele midlar	Privatem idler	2012	2013	2014	2015	2016		
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000			X					
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X						
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-arbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900		X					
4	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900			X				
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL	**									X*		
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000							X*	
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtustr IL/ Kommunen	**											X
8	Imreiring av GIL-kjellar ved Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**											X
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**											
	<b>Friluftslivsanlegg</b>													
1	Tursti rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**											X
2	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200											X

\* Dette er førebels tal /kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging

\*\*Særleg sikre tal er ikkje avklara

X = oppstartår /byggestart

VEDL. 1.





## Sammendrag av vurdering av universell utforming/tilgjengelighet ved Bygging av hall for Bergsøy IL - Fotball

Gjeldende regelverk på byggemeldingstidspunkt: TEK 10

### Adkomst utenfra:

Adkomst utanfrå vil være frå parkering i enden av eksisterende bane/ ved badeland. Det er her merka HC plassar. Om naudsynt vil det være mulig med transport heilt fram til hallen. Bredda på inngangsdør til hallen er dimensjonert for bevegelseshemma. Det vil og være mulig å opne port ved sida av inngangsdør for eventuelt tilkomst via den. Tilkomst er trinnfrie og utan stigning

### Parkerings situasjonen:

Parkering går fram av situasjonsplan, ellers er det som sagt muligheit til å kjøre heilt fram til bygget.

### Inngang:

Godt med plass foran inngang. Dørbredde er tilpassa rullestolbrukere.

### Inngangssituasjon:

Inngangsdører er lakkerte med kontrastfargar i forhold til bygget. Ytterdørene er tofløya aluminiumsdører med HC tersklar.

### Innvendig

Bevegelsehemmede vil få tilgang til aktivitetsflate og til toalett like innanfor hovedinngangsdørene. Det vil her bli tilrettelagt for oppstillingsplassar for rullestolar ved behov. Dørtekstar er levert som HC tersklar med maksimum 25mm høgde. Rømningsdører er dimensjonerte for rullestoler.

Venleg helsing  
**Prosjektbygg AS**

Tonny Pettersen  
90634446  
[tonny@pbygg.no](mailto:tonny@pbygg.no)

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 70 08 79 00	Bank: Sparebanken Møre
Postboks 183	Vågsgata 21, 2.Etg.	Telefax: 70 08 79 01	Kontonr.: 4093 05 02024
6099 Fosnavåg	6090 Fosnavåg	E-post: <a href="mailto:firmapost@pbygg.no">firmapost@pbygg.no</a>	Org.nr: 966 768 673 MVA



# Fotballhall Bergsøy IL



1:1000

07.03.2017


referering

+5.35



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er Ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.






1.Etg. - Ny hall

1


1 : 500



2.Etg. - Ny hall


2

1 : 500

Rev	Beskrivelse	Dato	 Bergsøy IL Fotball Postboks 12 6099 Fosnavåg	BERGSØY IL	Planer
				BERGSØY IL HALL	Prosjektnr.: 183 Rev. dato: 09.03.17 Tegna av: RH Kontroll: Målestokk:









3D View 5

1

Rev	Beskrivelse	 <p>Bergsøy IL Fotball Postboks 12 6099 Fosnavåg</p>	BERGSØY IL	Perspektiv Nord-Vest
				Prosjektnr.: 183 Rev. dato:
				Dato: 09.03.17 Rev.: 001
				Tegna av: RH
				Kontroll: Målestokk:
		Dato		






**Section 1**

1 : 200


1



**Section 2**

1 : 200

2

Rev	Beskrivelse	Dato	SKISSEPROSJEKT	BERGSØY IL	Snitt	Prosjektnr.: 183 Rev dato: 09.03.17 Tegna av: RH Kontroll: —
			 <p><b>PROSJEKTBYGG AS</b> ING. OG ENTREPRENØRTJENESTER 70 08 79 00 - www.pbyg.no</p>	BERGSØY IL		
				BERGSØY IL HALL		Rev. 801
						Målestokk: 1:200



**Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling**

Pb. 12  
6099 Fosnavåg  
Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.no



Herøy Kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 19.12. 2016

**BEHOVSANALYSE FOTBALLHALL BERGSØY IL-FOTBALL**

Bergsøy Idrettslag- Fotball har tidligare beslutta å samle all aktivitet i området ved Herøy Kulturhus og ikringliggende område. I den forbindelse blei det gamle klubbhuset i Huldalen solgt til Huldal Barnehage, og området forøvrig er solgt til bustadutbygger.

Bergsøy Fotball har dei siste åra opplevd ein stadig auke i antall aktive, og blei i 2013 utnevnt til årets breiddeklubb på Sunnmøre Fotballkrets sitt årsting. Dette er ein heidersutnevning som heng høgt, og blir gitt til dei klubbane som jobbar aktivt for å ivareta og betre tilbodet til unge aktive innanfor idretten. Bergsøy Fotball har som målsetting å være ein arena for alle og vi har og ein visjon om at vi skal bidra med det vi kan for å gjere Herøy til ein betre stad å bu.

I den forbindelse har Bergsøy Fotball siste åra investert om lag 26 mill eks mva for nettopp å legge forholda til rette for ungdomen, og for på den måten gjere Herøy Kommune endå meir attraktiv og til ein betre stad å bu.

Vi kan i denne forbindelse nemne

- Kunstgrasbane 1. Ferdigstilt 2007
- Kunstgrasbane 2. Ferdigstilt 2012
- Klubbhus Ferdigstilt 2013
- Oppgradering av tribuner på Havila Stadion Fosnavåg 2015

Vi har foretatt ei måling av aktiviteten til Bergsøy Fotball gjennom 1 tilfeldig veke gjennom året. Bergsøy Fotball har ca 400 aktive i sving og i løpet av ei uke er desse i organisert trening mellom 2 og 5 gangar. I løpet av ei uke gjennomførte desse ca 2200 trenings- og/eller kamptimer. Dette vil igjen seie at i løpet av ein måned aktiviserer Bergsøy Fotball ungdom i til saman ca 9000 treningstimar.

Fotball har utvikla seg til ein heilårsidrett. Vi ser rundt oss at stadar og klubbar vi likar å samanlikne oss med er komne lenger med tanke på å legge til rette for aktivitetar gjennom vinteren. Hødd har allereie hatt innandørshall nokre år, siste åra har også Ørsta og Volda fått opna nye og flotte hallar. I utgangspunktet ønskte vi å bygge ein noko større hall, men sidan vi tenker å etablere hall på delar av eldste kgb så har styret i Bergsøy Fotball beslutta at ein ønskjer å bygge ein 7erhall. Dette gjer vi for å oppretthalde størrelseskrav til 9er bane på resterende areal. Vi har med ei slik løysing og muligheit for å utvide resterende areal til 11er bane med minimumsmål ved seinare høve.

Den totale banekapasiteten vår vil med dette bli økt og ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak vil vi nå enda fleire unge spillere enn det vi gjer i dag, det vil være med på å begrense fråfallet ein ser i ungdomsfotballen.

Med fotballhall i området vil det være med på å gjere anlegget komplett og unikt. Vi har utreda alternative plasseringar, men vi har konkludert med at det er dette som vil vere den optimale plasseringa og som vil kunne gi dei synergiane vi ønskjer i forhold til aktivitetane/ tilboda i nærheita.



## Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling

Pb. 12  
6099 Fosnavåg  
Org.nr: 982 513 367 MVA

[www.bergsoy.no](http://www.bergsoy.no)




### FFO

Bergsøy Fotball starta hausten 2009 opp med fotballfritidsordning for barn fra 4 til og med 6 klasse. Første tida holdt FFO til i ein midlertidig brakkerigg. Desse lokala var ikkje eigna, og tilbudet blei dessverre nedlagt frå hausten 2011. Når dei nye fasilitetane i klubbhuset stod klare til bruk til hausten 2013 blei FFO starta opp på nytt. Å drive aktivitetar utomhus gjennom heile vinteren er utfordrande og dersom vi kan tilby innandørsaktivitetar øker vi kvaliteten på tilbudet ytterligare og vi vil få enda større muligheiter til å drive allsidig idrett, og sist men ikkje minst så vil enda fleire finne tilbudet attraktivt.

Bergsøy Fotball sitt absolutte hovudmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge. På det viset ønskjer vi å fremje folkehelsa og trivselen samt tilbudet til innbyggjarane i Herøy noko som igjen vil gjere Herøy til ein enda betre stad å bu.

Ein 7er hall vil ha ei maks høgde på om lag 13 meter og være godt innanfor krava i reguleringsføresegnene.

Vi ser fram til å høre frå Herøy Kommune i saka og håpar på eit snarlig og positivt svar vedr vår søknad



Tonny Pettersen  
Bergsøy Fotball anlegg/utvikling



Tom Beddari  
daglig leiar





**PROSJEKTBYGG AS**

Postboks 183, 6099 Fosnavåg

Foretaksnummer: 966 768 673 MVA

Telefonr.: 700 87900 Faksnr.: 700 87901 Mobilnr.: 90 63 44 46

E-mail: tonny@pbygg.no

**Budsjett Fotballhall Bergsøy Fotball**

Byggherre: Bergsøy IL - Fotball

Budsjett for bygging av hall på delar av dagens kgb

**Investeringsbehov:**

Grunnarbeider hall	1060000
Betongarbeider hall	1250000
Halleveranse	7900000
Servicebygg ( lager, wc, sosialt rom, treningsrom), totalkostnad kr 2170000,- eks mva inkl dugnadsarbeid	
herav; sosiale rom	750000
styrketreningsrom	750000
omkleddningsrom	500000
lager	170000
Materialkost og leigd hjelp	1040000
Belysning i hall	500000
Nytt kunstgrasdekke hall	1000000
Diverse kostnader, fjerning av eks mur, sanitær mm	1000000
	<u>13750000</u>
25% mva	3437500
<b>Totalinvestering hall</b>	<b><u>17187500</u></b>

**Finansieringsplan:**

MVA- kompensasjon	3437500
Spillemidler hall	4000000
Spillemidler servicebygg	725000
Egenkapital	2000000
RDA	1500000
Sponsor Sparebanken Møre	1000000
Låneopptak og andre sponsorar (hallnavn?)	<u>4525000</u>

**Finansiering** **17187500****Driftsbudsjett**

Utleige andre	50000
Tilskudd drift	50000
Sum inntekter	<u>100000</u>

Strømkostnader	80000
Reinhald	20000
Finanskostnader	120000
Forsikring	10000
Diverse	20000
Sum driftskostnader	<u>250000</u>

Fra BIL Fotball 150000



**Bergsøy Idrettslag anlegg/ utvikling**

Pb. 12  
6099 Fosnavåg  
Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.no



Herøy Kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dato: 06.03.2017

Att: Samfunnsutvikling v Torger Kvalsund

**Søknad om bygsel av tomt for oppføring av fotballhall for Bergsøy Idrettslag, Fotball**

Vi syner til møter vedr saka med Jarl Martin Møller, ordfører Arnulf Goksøyr m fleire. Bergsøy Fotball søker med dette på vegne av Bergsøy Idrettslag- Fotball om rett til å få bygsle delar av gnr/ bnr 29/ 38,149, 215, 216 slik det fremgår av vedlagte kartutsnitt. Vedlagte situasjonsplan syner at tiltaket går litt utover arealet den første kunstgrasbana dekker. Sidan tiltaket er tippemiddelberettiga treng vi ein avtale om bruk av grunnen med varighet på minst 30 år etter same mal som tidligare ( ref klubbhus bl.a). Bergsøy IL – Fotball skal sjølve stå som utbygger.

Vennlig hilsen

*för*  
Geir Johan Bakke  
Styreleder Bergsøy IL-fotball


*Tom Gedde*  
*Daglig leder*

BERGSØY IL FOTBALL  
Pb. 12  
6099 FOSNAVÅG



Sunnmørskart  
Grunnkart

Dato: 06.03.2017



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



## **Delegerte saker frå avdelingane**

**DS 15/17 Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - søknad om skjenking for eit bestemt arrangement 09.05.2017 00:00:00**

## **Referatsaker**

**RS 50/17 Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017.  
Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017.  
12.05.2017 00:00:00**



R-fsu



Til ordføreren  
i Herøy kommune

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2017/ 710	Saksien
15 MAI 2017	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J nr	Dok.nr.
Klassisjon	

Ordf

Langevåg, 12.5.2017

TV-aksjonen NRK UNICEF 2017

### Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017

Først og fremst ønsker jeg å takke Herøy kommune for støtten og det gode samarbeidet i forbindelse med NRK TV-aksjonen i 2016 som gikk til Røde Kors. Herøy kommune sitt engasjement er av stor betydning for TV-aksjonens gode resultater i fylket.

I forbindelse med årets TV-aksjon søker vi Herøy kommune om driftsstøtte til å dekke utgifter knyttet til drift, kontorutstyr, gjennomføring av møter, annonsering, kopiering, trykking etc.

Nytt av året er at TV-aksjonen Møre og Romsdal for første gang har fått eget kontor til daglig drift. Devoldfabrikken i Langevåg leier ut kontoret til spesialpris, og driftsstøtten vil også gå til å dekke denne subsidierte husleien. I tillegg har fylkeskommunen stilt et kontor til disposisjon i Molde.

Ved at vi nå har et eget kontor som kan brukes daglig, har vi fått plass til to frivillige medarbeidere. Dermed har vi fått ekstra kapasitet til å gi enda bedre service til kommunene i fylket vårt. TV-aksjonen jobber alltid med å få de rimeligste løsningene for drift og søker alltid muligheten for sponsing først. Eventuelt resterende midler vil etter aksjonen bli overført TV-aksjonens innsamlingskonto.


Årets TV-aksjon skal gi barn i Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan tilgang på læring. Ett av fem barn i krigs- og konfliktområder står i dag uten skolegang. Søndag 22.oktober skal ca 5000 bøssebærere ringe på hos alle husstandene i Møre og Romsdal for å samle inn penger til UNICEF. Takk for at dere er med!

I fylket vårt har vi god tradisjon for at de fleste kommunene gir et kommunebidrag til TV-aksjonen. Søknad om dette kommer senere. I denne omgang håper vi på positiv tilbakemelding på denne søknaden om driftsstøtte.

**En driftsstøtte på for eksempel 4.000 kroner fra hver kommune ville nå langt for å dekke våre kostnader. Kontonummer som et eventuelt driftstilskudd kan settes inn på er: 1503.45.75441**

Jeg vil til slutt også takke for all velvilje og støtte Herøy kommune har vist overfor TV-aksjonen i mange år. Dette er avgjørende for at TV-aksjonen i Herøy er så godt organisert som den er i dag og kan vise til så gode resultater.

Med vennlig hilsen  
TV-aksjonen NRK UNICEF

  
Marius Hammer  
fylkesaksjonsleder  
telefon 934 11 042

TV-aksjonen NRK UNICEF  
Blimed.no | Org.nr. 915 972 438

Fra: Tronstad, Harald[harald.tronstad@kystverket.no]

Sendt: 18.04.2017 12:14:53

Til: Herøy ordfører

Tittel: Fosnavåg

---

#### Gjenstående arbeider Fosnavåg

- Venter på resultat fra siste grunnundersøkelser fra Multiconsult  
Multiconsult trenger disse undersøkelsene for å prosjektere både indre og ytre deponi.
- Dersom også utdyping av innseiling til -8 skal tas med i tiltaket må her gjennomføres noen tilleggsundersøkelser  
(disse undersøkelsene er bestilt, men MC fikk ikke tatt de sist de var i Fosnavåg)
- Når resultatene fra MC foreligger kan forprosjektet ferdigstilles – sannsynligvis ikke før over ferien.
- Forprosjektet skal deretter overleveres KYV-UTB som utarbeider hovedprosjektet og dokumenter for utlysning av tiltaket – tid ca 6 mnd  
I denne fasen skal også reguleringsplaner og alle tillatelser fra bla Fylkesmann på plass
- Dersom prioritering ville tiltaket tidligst kunne fått bevilgning og oppstart i 2019

## NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Sektor Oppvekst

Saksnr  
2017/609

Arkivkode  
A20

Dato  
25.04.2017

---

### ADMINISTRASJONSRESSURSEN I GRUNNSKULEN

Notat ang oversendingsbrev frå kommunestyret;  
Administrasjonsressursen i grunnskulen

Administrasjonsressursen er den tildelte ressursen til kvar skule, som skal brukast til å leie verksemda, dvs til å vere avdelingsleiar.

Ressursen må ikkje forvekslast med merkantil ressurs, som somme skular har for å løyse kontorfaglege oppgåver.

Tabell som viser ressurs til adm/leiing og merkantil medarbeidar ved kvar skule, skuleåret 2016/17:

SKULE (INKL SFO)	ADM / LEIING	MERKANTIL	TILSETTE	ELEVAR
Bergsøy	180%	70%	38	280
Ytre Herøy ungdomsskule	150%	82%	31	232
Nerlandsøy	70%	Ingen	9	71
Einedalen	114%	50%	29	190
Stokksund	120%	60%	25	188
Moltu	65%	Ingen	10	51
Leikanger	74%	Ingen	11	78

Ressursen er basert på ei utrekning med faste og variable faktorar i eit rekneark.  
Faste faktorar: Basistal på høvesvis barnetrinn og ungdomstrinn, samt SFO-ansvar  
Variable faktorar: Elevtal og samla timetal på skulen

Ressursen vert utrekna på nytt kvart år for komande skuleår, basert på dei nemnde faktorane.

Om ressursen ikkje vert 100%, underviser leiaren i den resterande delen av stillinga.

Om ressursen vert over 100%, vert den fordelt mellom rektor og ein assisterande rektor, og/eller trinnleiarar ( ungdomstrinnet)

### Kva inneheld ei stilling som rektor/avdelingsleiar:

(Klipp frå stillingsomtalen)

<b>STILLINGSBESKRIVELSE</b>	
Stilling: <b>Rektor/avdelingsleiar</b>	Namn:
<b>Organisatorisk plassering:</b> Næraste overordna: Kommunalsjef Oppvekst	
<b>Myndigheitsområde:</b> Direkte: Drift og utvikling av skulen ( inkl.SFO for barneskule) Indirekte: Tilsyn og oppfølging av bygningsmassen	
<b>Leiaransvar:</b> Personalansvar for adm.personale, lærarar og assistentar Økonomisk ansvar for skulen si driftsramme Ansvar for skulen sitt indre liv; drift og utvikling Arbeidsmiljø/HMS	
<b>Funksjonsansvar:</b> 1. <u>Personalansvar</u> ; arbeidsmiljø/HMS for elevar og tilsette, individuell oppfølging, permisjonar, tillitsvald/klubb, medverknad tilsetjing, etc. 2. <u>Økonomi</u> ; budsjett driftsramme, økonomistyring, innkjøp 3. <u>Vedlikehald</u> ; inventar og driftsutstyr, samt oppfølging av bygningsmasse 4. <u>Organisering og planlegging</u> ; timeplanar, arbeidsplanar, aktivitetsplanar, kompetanseutvikling, organisasjonsplanlegging- og utnytting, etc. 5. <u>Skuleutvikling</u> ; innføring og forvaltning av lovverk, planar og metodar, endrings- og utviklingsprosessar. Kartlegging/analyser/tiltak. 6. <u>Samarbeidsorgan</u> ; FAU, SU, elevråd, generelt samarbeid heim/skule 7. <u>Brannvern</u> ; øvingar, opplæring, utstyr, dokumentasjon 8. <u>Administrasjon</u> . Sakshandsaming og enkeltvedtak.	
<b>Økonomisk ansvar:</b> Styring av tildelt driftsramme. Effektiv styring av personalet. Sikre forsvarleg, men nøktern drift.	
<b>Samarbeidsansvar:</b> Internt mot alle som arbeider i skulen, oppvekstavdelinga, barnevern, PPT, helse, eigedomsavdelinga og andre etatar i kommunen. Eksternt mot foreldre og andre samarbeidspartnarar.	

Innhaldet i kvar av funksjonane, har auka år for år:

- Meir planar og rapportar
- Meir personaloppfølging, jfr m.a. endring i IA-avtalen

- Stadig fleire og meir komplekse elevsaker, med m.a. meir tverrfagleg arbeid og samarbeid heim/skule.
- Større krav i lovverk, m.a. til oppfølging av elev- og læringsmiljø
- Meir oppgåver inn mot bygning og reinhald, som følgje av omlegging av desse tenestene
- Nasjonale undersøkingar, m.a. nasjonale prøver, med krav til førebuing, gjennomføring, analyse, rapportering og tiltak

Meir kunne ha vore nemnt.

Det er lett å forveksle administrasjon med merkantil, derfor litt om aktuelle oppgåver for ein kontormedarbeidar.

### **Funksjonsansvar kontormedarbeidar:**

Forkontor-oppgåver, så som:

- Kontaktpunkt internt og eksternt, handtere meldingar og situasjonar
- Postfunksjon, sortering, arkivering, postliste, distribusjon
- Kontrollere innkjøp/varelevering
- Oversikt over bruk av møterom; klargjering

Skrive brev, møteinnkallingar, «ranselpost», referat, etc.

Føre vikarlistar

Registrering av elevdata i adm.program og i offentlege system (t.d. ved nasjonale prøver, eksamen m.m.)

Opprette og vedlikehalde elevarkiv/elevdata

Oversikt over dagleg drift ved skulen, kven er kvar

Administrative oppgåver for SFO etter nærare avtale

Assistere leiing og tilsette etter behov

### **Administrasjonsressursen i Herøy samanlikna med andre kommunar**

Det er sett på reknemodellane for Ulstein og Volda, som er mest samanliknbare med Herøy. Ein kan ikkje sjå berre på ressursen på den enkelte skule når ein samanliknar, men også på kva ressurs som vert brukt på kommunalt nivå, på oppvekstkontoret.

Legg ein faktorar frå Herøy inn i reknearka til desse to kommunane, kjem Herøy noko dårlege ut, mellom 10 og 20% på dei fleste skulane.

Det betyr at ressursane til adm/leiing på skulane i desse to kommunane ligg høgare enn i Herøy.

Utrekningsmodellen i Herøy er nedarva frå tidlegare skulesjefar, men vart justert litt opp i 2015. Dette vart gjort for å behalde og rekruttere rektorar i Herøyskulen, noko som har vist seg å vere utfordrande.

Auken i 2015 vart gjort innanfor eksisterande ramme, dvs. av undervisningstida til elevane.

Dette vart gjort «under tvil», men med argumentasjonen om at god leiing er ein føresetnad for eit godt elev- og læringsmiljø, samt eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette.

Vi ser ikkje å kunne forsvare å gjere tilsvarande ein gong til, utan at den totale ramma for grunnskulen vert auka opp.

Det har kome fram mange og ulike økonomiske tal i ulike rapportar siste tida, som viser stoda i kommune og i grunnskulen. Alt i alt må vi sjølve vurdere og kjenne på kvar «skoen trykkjer», men tar likevel med nokre tal frå siste Kostra 2016.

Utgifter pr.innbyggjar, samanlikna med andre:

	Herøy:	Ulstein:	Hareid:	Volda:	Skaun:	Kostra gr8
Grunnskule	12 733	13 385	13 564	13 231	13 469	12 859

Netto driftsutgifter til undervisning, over tid og samanlikna med andre:

	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	10 843	10 386	10 474	10 259
Ulstein	11 268	11 342	11 048	11 295
Hareid	11 711	11 387	11 646	11 620
Volda	10 939	10 692	10 443	10 557
Skaun	9 412	9 434	9 642	10 294
Kostragruppe 08	10 692	10 555	10 453	10 378

Sitat frå rapporten Framsikt:

*Funksjon 202 undervisning er den viktigste tjenesten i grunnskolen.*

*Behovskorrigerte netto utgifter i Herøy per innbygger var 10.300 kroner per innbygger i 2016. Det er omtrent 100 kroner mindre enn gjennomsnittet i*

*Kommunegruppe 8. Det er lavest blant sammenligningskommunene. Forskjellen til kommunegruppen utgjør omtrent 1 millioner kroner.*

*Utgiftene til undervisning har sunket med 600 kroner per innbygger de siste fire årene i Herøy. Det er 300 kroner mer enn gjennomsnittet i kommunegruppen.*

## **Kvifor vart behov om auka administrasjonsressurs fremja i samband med budsjett 2017?**

(sitat frå budsjettkommentaren)

### **Styrking av leiarrolla i grunnskulen**

*Den gamle rektorrolla har gradvis blitt endra over tid, med stadig aukande press både på ansvar og oppgåver. Likevel følgjer Herøy fortsatt den gamle reknemodellen med ressursar til rolla, der mange av rektorane fortsatt har undervisning i stillingane sine. Dette må endrast. Først og fremst for at rektorane skal kunne finne tid til å vere pedagogiske leiarar i skulekvardagen, men også for at dei ikkje skal «brenne seg ut». I tillegg ser vi at det er vanskeleg å rekruttere til rektorstillinger i Herøy.*

Siterer vidare frå strategiplanen for skuleutvikling; Herøyskulen ein los i leia:

*Den enkelte rektor skal bruke meir tid til å vere pedagogisk leiar. Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verkøy som medarbeidarundersøking, og kvalitative metodar som samtale mellom rektor og kommunalsjef.*

Vi ønskjer ikkje å fjerne rektor frå elevane. Rektor skal fortsatt undervise elevar og kjenne på utfordringane i klasserommet. Men ikkje fast og i ein så stor del av stillinga som somme rektorar gjer i dag.

Rektor må i større grad kunne disponere tida si alt etter kva dagen og årshjulet krev. Enkelte dagar og periodar av året er arbeidspresset innanfor adm/leiing større enn elles. Enkelte dagar er tverrfaglege møte, ulike samlingar og eksterne møte tettare enn andre. Å då skulle planlegge og gjennomføre undervisning etter fast timeplan, samt vurdere elevarbeid, vert svært utfordrande, og resultatet kan bli både ein dårleg lærar og ein dårleg leiar.

Behovet for auka ressurs til leiing vart fremja for å ta noko ned den faste undervisningsplikta, og heller erstatte denne med at rektor i større grad går inn som vikar og/eller med ekstra styrking i særlege situasjonar. Dette vil gi større handlingsrom og auka fleksibilitet i ein totalt sett krevjande kvardag.

Sølvi Lillebø Remøy  
Kommunalsjef Oppvekst



Pål Vedeld Djupvik  
Feirelia Langåsen 12  
6080 GURSKØY

R-fou

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Fødselsnr.	Saksnr.
18 APR. 2017	
Sakstype	
Utskrift	Dokument

08.04.2017

### TRAFIKK-TALA SOM VEGVESENET VIL SKAL VERE SMÅ PÅ ENKELTE SAMBAND:

Eiksundtunellen er eit typisk samband der Vegvesenet manipulerar med trafikk-tala, sansynligvis for det at det vart Norges mest lønsame veg hittil i mot deira uttalte syn, for dei sakkyndige i Vegdirektoratet sa at Eiksundtunellen kom aldri i historien til å få over 1000 bilar i døgnet. Tunellen vart nedbetalt i 2014 etter vel seks år med autopass-innkreving, det er den einaste vegen i Norge som er betalt med bompengar så fort. Her på ytre søre er to tunellar til (på FV61) som også er heilt sjølvfinansierandes viss politikarane vil at eit av våre fire eksisterande bompengeselskap får engasjere ein av våre mange nasjonale og internasjonale entreprenørar som er i stand til å bygge disse to tunellane. Medan der var bompunge-innkreving i Eiksundtunellen så kunne dei på Molde sjonglere med trafikk-tala, men det kan dei i dag når der er gratis. Faktum er at siste året ferja gikk hadde ho 690 bilar i årsdøgn-trafikk, så fort tunellen opna auka trafikken formidabelt. Før tunellen vart nedbetalt på vel 6 år var trafikken komen opp i 2500 bilar i døgnet, og når der vart gratis passasje vart biltrafikken dobbla til 5000 bilar iløpet av første året, men no har det gått eit år til og trafikken har auka meir enn vi kunne tru. Etter mine teljingar er der no 40-50 bilar når eg køyrer gjennom tunellen på fem minutt, det vert minimum 4800 bilar på 10 timar og døgnet har 14 timar til, men det er 7 timar med kveld og 7 timar med natt. Om kvelden er trafikken berre 12-15 bilar på ein tur gjennom tunellen på 5 minuttar, det vert kanskje 1200 bilar i løpet av kvelden, om natta er trafikken liten men tilsaman er han nær 6000 bilar i døgnet. Nesten det same som E18 hadde i Vestfold då brua der kollapsa (for nokre få år sidan).

